

Irene Lockertsen

Språk, synleggjering og stadskapning

Ei sosiolinguistisk undersøking av det lingvistiske
landskapet på Plaassja/Røros

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Rettleiar: Brit Mæhlum

Mai 2022

Irene Locktersen

Språk, synleggjering og stadskaping

Ei sosiolingvistisk undersøking av det lingvistiske
landskapet på Plaassja/Røros

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Rettleiar: Brit Mæhlum

Mai 2022

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for språk og litteratur

Samandrag

I 2018 blei Røros kommune innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk, som den hittil sørlegaste kommunen, og ein av fire sør-samiske kommunar. Som medlem i forvaltningsområdet er kommunen pliktig å skilte tospråkleg på vegskilt og kommunale bygg. Dette representerer ei endring der sør-samisk språk blir meir synleg enn det tidlegare har vore på staden.

I denne masteroppgåva undersøker eg det lingvistiske landskapet på Plaassja/Røros. Lingvistiske landsskapsstudiar har synleg skriftspråk i offentlege rom som studieobjekt. Eg er interessert i å undersøke kva for språk og stadkjensle ein blir presentert for gjennom det lingvistiske landskapet i kommunesenteret. Dessutan ønsker eg å sjå nærare på korleis maktstrukturar kan vere med å påverke kor synlege dei ulike språka er. Eg tar utgangspunkt i at lingvistiske landskap både reflekterer og influerer haldningar til språk og språkbrukarar, og at dei slik sett kan fortelje mykje om det aktuelle språksamfunnet.

Datagrunnlaget for oppgåva er fotografi av det lingvistiske landskapet i Røros sentrum, samt ei mindre undersøking av bygda Brekken og digitale lingvistiske landskap. Ein annan datakjelde er intervju med personar frå Røros kommune om tema som identitet, tilhøyrsel og etnisitet.

Analysen er delt inn i tre kapittel, som belyser tre innfallsvinklar for å forstå det lingvistiske landskapet på Røros – nemleg stad, språk og makt. Undervegs i desse kapitla presenterer eg funna mine, og inkluderer nokre teoretiske perspektiv for å forstå det lingvistiske landskapet.

I oppgåva viser eg at det sør-samiske språket på Røros er marginalt til stades i det lingvistiske landskapet, medan norsk og Røros-dialekt har ein hegemonisk posisjon. Eg argumenterer for at denne asymmetrien kan forklarast med bakgrunn i tankar om ønska sjølvrepresentasjon, og ikkje minst med fortidas fornorskingsprosessar. Eg peiker på korleis fortida som bergstad har ein sentral posisjon i Røros si sjølvforteljing, og at dette medfører at andre forteljingar om Røros hamnar i skuggen. Med utgangspunkt i at ein stad er ein sosial konstruksjon, trekker eg fram at det lingvistiske landskapet er ein arena for reforhandlingar om kva for ein stad Røros er, og kven som høyrer til der. Medlemskapet i språkforvaltningsområdet er eit tydeleg steg i ein slik forhandlingsprosess, og dermed eit insitament til avkolonisering.

Iktedimmie

2018 Rørosen tjelte meatan sjídti saemien gielen reeremedajvese, goh daan mearan åarjemes tjelte, jih akte ålesth njieljie åarjelsaemien tjelijste. Goh lihtsege reeremedajvesne tjelten lea díedte göökte gieline tsieglesjidh geajnojne jih tjelten gåetine. Daate jarkelimmiem vuesehte gusnie åarjelsaemien gièle vielie våajnoes sjædta goh lea aarebi orreme sijjesne.

Daennie maasteretjaalegisnie dam våajnoes tjaelemegièlem byögkeles dajvesne Plaassjesne goerehthem. Våajnoes tjaelemegièledh dajvegoerehimmieh dam våajnoes tjaelemegièlem goerehimmieobjektine utniesh byögkeles tjehtjielinie. Mov lea iedtje goerehtidh mah gielh jih magkeres sijjiedomtesem almetjh åadtjoeh dan våajnoes tjaelemegielen tjirrh tjeltejarngesne. Lissine sijhtem veelebe vuartasjidh guktie faamoestruktuvrh maehtieh meatan åroodh baajnehtidh man våajnoes doh ovmessie gielh leah. Manne våaroeminie åtnam våajnoes tjaelemegièledh dajvh dovne vuajnoeh gielese jih gieleutnijidie vuesiehtieh jih baajnehtieh, jih naemhtie maehtieh jijnjem dan sjohtehke gieleseabradahken bijre soptsestidh.

Tjaalegen daatavåarome leah guvvieh dehtie våajnoes tjaelemegièlesti aktene gaertjiedamme byögkeles dajvesne Plaassjan jarngesne, jih aaj akte unnebe goerehimmie voeneste Praahka jih digitaale våajnoes tjaelemegièlesti gaertjiedamme byögkeles dajvesne. Jeatjah daatagaaltije lea gihtjehtimmie almetjigujmie Rørosen tjelteste teemaj bijre goh identiteete, ektiedimmie jih etnisiteete.

Analyjse lea juakasovveme golme kapihtelidie, mah tjoevkesem golme geatskanimmievukide biejieh juktie dam våajnoes tjaelemegièlem Plaassjesne guarkedh – gitjh sijjie, gièle jih faamoe. Iktemierien daejnie kapihtelinie manne mov gaavnoeh åehpiedahtam, jih såemies perspektijvh teorijen mietie meatan vaaltam juktie dam våajnoes tjaelemegièlem gaertjiedamme dajvesne guarkedh.

Mov tjaalegisnie vuesehtem åarjelsaemien gièle Plaassjesne lea raastebielesne stièresne dennie våajnoes tjaelemegièledh byögkeles dajvesne, mearan nöörjen jih Rørosen smaaregiele bijjemes posisjovnem utniesh. Manne argumeenterem jih tjelkestem daate faatoes symmetrije lea åssjaldahki gaavhtan vaajteles jijtjerepresentasjonen bijre, jih ij goh unnemes åvtetje aejkien daaroedehtemeprosessigujmie. Manne tjertestem guktie åvtetje aekie goh bierjestaare vihkeles sijjiem Plaassjan jijtjesoptsesisnie åtna, jih dan gaavhtan jeatjah soptsesh Plaassjan bijre yörhkese båetieh. Gosse våaroeminie åtna akte sijjie lea sosijaale konstruksjovne, manne tjertestem våajnoes tjaelemegièle gaertjiedamme dajvesne lea akte areena gusnie orresistie maahta rååresjidh mij sijjide Plaassja lea, jih giëh dísse govlehtuvvieh. Gosse lihtseginie gielereeremedajvesne dellie díhte tjelke sille dagkeres rååresjimmieprosessesne, jih destie skraejrie kolonialismem nåhkehtidh.

Abstract

In 2018, Røros municipality in Norway was included in the Administrative Area of Sámi Language, as the hitherto southernmost municipality, and one of four Southern Sámi municipalities. As a member of this administrative area, the municipality is required to install bilingual signs on roads and buildings, thereby increasing the visibility of Southern Sámi within the municipality.

This thesis explores the linguistic landscape (the written language in public spaces) of Plaassja/Røros, and which languages and what *sense of place* are presented through the linguistic landscape of the municipality center. Moreover, this thesis examines how power hierarchies influence the visibility of different languages within the Røros municipality. As a point of departure, I assume that linguistic landscapes both reflect and influence attitudes toward languages and language users, and thus provides insights on the language society in question.

The data source for the thesis are photographs of the physical linguistic landscape in Røros, as well as a minor study of the village Praahka/Brekken and digital linguistic landscapes. In addition, citizens of Røros municipality were interviewed on subjects like identity, belonging, and ethnicity.

The analysis is structured into three chapters, that consider the linguistic landscape from different angles – namely language, place, and power. These chapters present findings from the survey of the linguistic landscape, and include theoretical perspectives to interpret to better comprehend these findings.

The thesis shows that the Southern Sámi language in Røros is only marginally represented in the linguistic landscape, whilst Norwegian and the Røros dialect have a hegemonic position. This asymmetry may be explained by thoughts of self-representation, as well as the cultural assimilation processes of the past. Crucially, Røros' history as a mining town is central to Røros' self-identity, and this entails an overshadowing of other cultural and historical aspects. Understanding place as a social construct, this thesis underscores the linguistic landscape as an arena for negotiation of Røros as a place, and to whom it belongs. The membership in the administrative language area is a clear action in such a negotiation process, and consequently an incentive to decolonialization.

Forord

Forsking på lingvistiske landskap vekte interessa mi frå første gong eg las om det, men det var ikkje før ei veke i bil i Finnmark at nyfikna mi verkeleg blei kveikt. Sommaren 2020 køyrdet eg og ei venninne 2780 kilometer gjennom Noregs nordlegaste fylke, og blei introduserte for dei nye stadane på mange ulike språk. Å sjå både norske, nordsamiske, kvenske, skoltesamiske og russiske stadnamn sette i gang ei rekke refleksjonar. Å få utforske eit lingvistisk landskap nærrare studiestaden har derfor vore ei unik moglegheit. Denne masteroppgåva markerer slutten på ei fem år langt utdanning. Å skrive ei masteroppgåve har vore ei bratt læringskurve – både spennande, lærerikt, men også krevjande til tider, men no er eg altså ved vefs ende.

At dette prosjektet har blitt ein realitet, er det mange som fortener ein takk for. Først må eg rette ein stor takk til min brillante rettleiar og tåkelur Brit Mæhlum. Med engasjement, ei forfriskande nyfikne for temaet og botnsolid fagleg kompetanse har ho vore til stor hjelp for at denne masteroppgåva er komme i hamn.

Deltakarane mine har raust delt av si tid og fortalt om sine erfaringar og historier. For det er eg djupt takksam. Utan dei hadde dette blitt ei mykje fattigare oppgåve, og eg hadde vore mange lærerike og fine møte forutan.

Eg vil også takke Jenny Fjellheim ved Rørosmuseet, som med si lokale forankring og kunnskap om det samiske på Røros har vore til uvurderleg hjelp for ein utanforståande som meg. Elles vil eg takke Språkrådet for stipendet eg fekk. I tillegg må eg takke Anders, som har vore ei fin støtte å ha til alt det som ikkje har handla om Word-dokumentet, og som dessutan har laga kart til meg.

Tusen takk.

Irene Lockertsen
Trondheim, mai 2022

Innhald	
Samandrag	i
Iktedimmie	ii
Abstract	iii
Forord.....	iv
Figuroversikt.....	ix
DEL I: BAKGRUNN	1
 1 Introduksjon.....	1
1.1 Tema	1
1.2 Forskingsspørsmål	2
1.3 Val av emne	2
1.4 Opgåva si oppbygging	3
 2 Bakgrunn og teori.....	4
2.1 Røros kommune	4
2.2. Samane	6
2.2.1.Sørsamar i Røros-traktene	6
2.2.2 Sørsamisk – eit alvorleg trua språk	7
2.3. Fornorskingspolitikk – eit omriss	8
2.4 Forvaltningsområdet for samisk språk	10
2.4.1 Røros som forvaltningskommune	11
2.4.2 Oppstyr rundt (potensielle) forvaltningskommunar	12
2.5. Lingvistiske landskap – Ei tilnærming til fleirspråklegheit	13
2.6. Taksonomi over etnolingvistisk vitalitet.....	15
 3 Metode	18
3.1 Val av metode	18
3.2 Dokumentering av lingvistiske landskap	18
3.3 Intervju	21
3.3.1 Deltakarane.....	22

3.3.2 Gjennomføringa av intervjeta.....	24
3.3.3 Anonymisering	25
3.3.4 NSD	26
3.4 Etiske omsyn ved minoritetsforsking.....	27
 DEL II: ANALYSE	29
4 Språk.....	29
4.1 Røros' lingvistiske landskap	29
4.1.1 (Sør)samisk: marginalt representert	30
4.1.2 Norsk: hegemonisk posisjon og sterkt dialektpreg	36
4.1.3 Engelsk og andre språk: For turistane	40
4.1.4 Det lingvistiske landskapet i Brekken	42
4.1.5 Ei kortare undersøking av det digitale lingvistiske landskapet	45
4.2 Moglege verknadar av samiskspråkleg nærvære	46
4.2.1 Opplysningsfunksjon og haldningsendring	46
4.2.2 Affektiv stadfesting for inngruppa.....	49
4.2.3 Sørsamisk som nyttig språk.....	50
4.3 Faktorar som influerer sørsamisk etnolingvistisk vitalitet.....	52
4.3.1 Status: Media sin innverknad	52
4.3.2 Institusjonell støtte: Røros som samisk forvaltningskommune.....	54
4.3.3 Subjektiv etnolingvistisk vitalitet.....	55
4.3.4 Språkmiljø: distribusjon, språkvanar og læringsmiljø	56
4.3.5 Kulturliv som haldningsskapar og identitetsforsterkar	58
5 Stad og stadskaping.....	63
5.1 Kva er ein stad? – Røros i eit stadtjensleperspektiv.....	63
5.1.1 Verdsarven	66
5.2 Kva for eit Røros skaper det lingvistiske landskapet?	68

5.2.1 Gatenamn	68
5.2.2 Arkitektur	70
5.2.3 Symbolikk	71
5.2.4 Utsmykking	72
5.2.5 Infoskilt	73
5.2.6 Johan Falkberget	74
5.2.7 Samisk kultur i LL.....	76
5.3. Tilhøyrsel	78
6 Maktdimensjonar	80
6.1 Territorium, etnisitet og konflikt.....	80
6.2 Frå usynleggjering til synleggjering: kolonisering, postkolonialisme og avkolonisering	83
6.2.1 Kolonitid legg føringer for postkoloni	83
6.2.2 Avkolonisering – asymmetriske tilhøve under endring	86
DEL III: AVSLUTNING	89
7 Oppsummering og konklusjon	89
7.1 Røros som tospråkleg kommune	89
7.2 Historieforteljing og stadskaping i det lingvistiske landskapet	90
Litteratur.....	92
Vedlegg	103
Vedlegg 1: Kart over undersøkt område Plaassja/Røros	103
Vedlegg 2: Kart over undersøkt område Praahka/Brekken	104
Vedlegg 3: Informasjonsskriv og samtykkeskjema.....	105
Vedlegg 4: Intervjuguide	108

Figuroversikt

Figur 2.1: Kart over Røros-området	5
Figur 2.2: Taksonomi over etnolingvistisk vitalitet.....	16
Figur 4.1: Røros VGS	31
Figur 4.2: Ambulansesentralen på Plaassja/ Røros	31
Figur 4.3: Ysterhagaen barnehage/ Luvlege maanagierte	32
Figur 4.4: Røros folkebibliotek	33
Figur 4.5: Kommuneslagordet «vaerien vuelie/ pulsen i fjellet»	34
Figur 4.6 Inngangspartiet til rådhuset	35
Figur 4.7: Spor av Røros-dialekt i sentrum	37
Figur 4.8: Turistinformasjon på engelsk	41
Figur 4.9: Engelsk som autentisitetsmarkør og salstaktikk	42
Figur 4.10: Samisk nærvære i Praahka/ Brekken	43
Figur 4.11: Lokalt sær preg i Praahka/ Brekken	44
Figur 5.1: Barhølet	69
Figur 5.2: Bygardsnamn og verna arkitektur	70
Figur 5.3: Ziiren og hyttklokka som symbol	71
Figur 5.4: Kopparsymbol i det lingvistiske landskapet	72
Figur 5.5: Utsmykking med gruvedriftstema	73
Figur 5.6: Informasjonsskilt	74
Figur 5.7: Johan Falkberget i det lingvistiske landskapet	75
Figur 5.8: Samisk kultur i det lingvistiske landskapet	76
Figur 5.9: Samisk ved Rørosmuseet og turistinformasjonen	77
Figur 5.10: Samisk til sals i sentrum	77

Del I: Bakgrunn

1 Introduksjon

1.1 Tema

Når ein beveger seg i omverda, er ein stendig omgjeve av skriftspråk. Stadnamn, gateskilt, informasjonstavler, graffiti, reklame og oppslagstavler inngår i det mylderet av skriftleg språk som utgjer ein naturleg del av kvardagen vår. Desse skilta har ein openberr opplysningsintensjon, til dømes fungerer stadnamna som deiktisk referanse og hjelper oss å orientere oss, og ein reklameplakat kan informere om eit godt tilbod på nærbutikken. Men det lingvistiske landskapet¹, som desse skilta inngår i, ber i seg meir informasjon enn berre den som skilta er meinte å formidle. Det lingvistiske landskapet er eit resultat av samfunnet det har blitt til i, og kan fortelje om språkideologiar, makthierarki, ønske om sjølvrepresentasjon og internasjonale innverknadar, mellom anna. Samstundes kan lingvistiske landskap vere med på å forme samfunnet. I og med at lingvistiske landskap er ein sjølvsagt del av røynda til dei aller fleste språkbrukarar, kan den sekundære, symbolske funksjonen nærast gå «ufiltrert» inn i verdsåskodinga til språkbrukarane, da mange ikkje er medvitne om denne bifunksjonen. Språkideologiar som blir presenterte i lingvistiske landskap kan dermed bli særleg verknadsrike, da dei fort blir internaliserte av språkbrukarane. Dette gjer også lingvistiske landskap til interessante sosiolingvistiske forskingsobjekt.

Noreg har alltid vore eit fleirspråkleg samfunn. Noregs urfolk, samane, har i uminnelege tider levd i området som etter kvart har blitt nasjonalstaten Noreg. Norsk og samiske språk har derfor sameksistert lenge, men grunna historia sin gang, har makttihøvet mellom språka blitt asymmetrisk. Samisk språk, kultur og historie er blitt usynleggjort og forsøkt viska bort. Under den hardaste fornorskingstida blei samiske skolelevar straffa for å snakke sitt eige morsmål, og kyrkja ville ikkje døype barn med samiske namn. Samiske stemmer har også vore usynlege i forsking og historieskriving. Samane har på mange måtar vore ein usynleggjort minoritet. Derfor er det slik at «[b]eing visible may be as important for minority languages as being heard» (Marten mfl., 2012, s. 1).

I denne masteroppgåva skal eg undersøke det lingvistiske landskapet i Røros kommune, som i 2018 blei med i forvaltningsområdet for samisk språk², og dermed blei offisielt tospråkleg norsk

¹ Omgrepene blir nøyare definert i kapittel 2.

² Også omtalt som «forvaltningsområdet for samiske språk». Dette indikerer tydelegare at samisk er ei gruppe språk, heller enn eitt språk, men eg har likevel valt å nytte forma utan -e, da denne er brukt i m.a. Sameloven.

og sørsamisk. Eg har også snakka med fem personar frå Røros kommune. Eg er interessert i å sjå korleis lingvistiske landskap reflekterer og formar stoda til det sørsamiske språket, og kva rolle det lingvistiske landskapet kan spele for ein minoritet som tidlegare har vore næraast heilt usynleggjort.

1.2 Forskingsspørsmål

Sidan eg er interessert i å undersøke korleis sosiokulturelle tilhøve er spegla i det lingvistiske landskapet, er forskingsspørsmåla mine som følger:

- Korleis kjem det fram gjennom det lingvistiske landskapet at Røros er ein tospråkleg sørsamisk og norsk kommune?
- Kva for identitetar/historier blir ein presentert for i det lingvistiske landskapet på Røros?
- På kva måte speler makthierarki inn på den språklege fordelinga i det lingvistiske landskapet på Røros?

Medan det første spørsmålet i hovudsak opnar for eit deskriktivt svar, er dei andre meir kvalitatittivt analytiske i sin natur. Med det første forskingsspørsmålet ønsker eg å presentere funna mine frå det lingvistiske landskapet på Røros, og dette spørsmålet fokuserer på nettopp dei språklege førekomstane i det lingvistiske landskapet eg undersøker. Med det andre forskingsspørsmålet ligg fokuset meir på kva einingane eg finn i det lingvistiske landskapet symboliserer djupare sett. Dette spørsmålet har altså som premiss at einingane i det lingvistiske landskapet formidlar meir enn berre ei form for informasjon. Med det tredje forskings-spørsmålet mitt ønsker eg å belyse det same temaet frå eit maktperspektiv.

1.3 Val av emne

Røros blei medlemskommune i forvalningsområdet for samisk språk 1. juli 2018, og er slik mellom dei ferskaste tilskota i forvalningsområdet. Det er i seg sjølv ei interessant moglegheit å studere ein kommune i den innleiande fasen etter innlemminga. Som student ved eit universitet som ligg i det sørsamiske språkområdet, og som dessutan er plassert i ein historisk viktig by for samane, nemleg Tråante/Trondheim, kjenner eg eit ansvar for å bidra til å auke kunnskapen om sørsamiske språktihøve. Det er sjølvsagt også praktiske grunnar til at eg har valt å undersøke akkurat Røros kommune. Nærleiken til studiebyen min har mogleggjort fleire reiser til området for å dokumentere det lingvistiske landskapet og samle inn data frå personlege intervju.

Forsking på lingvistiske landskap er ein relativt ny disiplin, som i dei seinare åra har fått mykje merksemd i internasjonale forskingsmiljø. På nasjonalt plan er ikkje like mykje forsking gjort, og mesteparten av denne forskinga har funne stad i urbane omgjevnadar. Berre eit fåtal av desse studia har gått for seg i samiske språkområde (sjå Å. M. Johansen og Bull, 2012; Pietikäinen mfl., 2011), men så vidt eg er kjent med, blir min studie den første som undersøker lingvistiske landskap i det sør-samiske språkområdet.

1.4 Oppbygging av oppgåva

Denne masteroppgåva er delt i tre overordna nivå. Del I introduserer lesaren for temaet og byrjar med introduksjonskapittelet du no les. I kapittel 2 presenterer eg eit historisk bakteppe for dagens situasjon, samt eit par teoriar som eg kjem til å bruke under analysen. Det blir ikkje gjeve ein uttømmande presentasjon av all teori i dette kapittelet, ettersom det blir meir føremålstenleg å presentere noko av den direkte gjennom analysen. I kapittel 3 gjer eg greie for metodebruken min, og reflekterer kring nokre metodologiske problemstillingar som særleg oppstår når ein gjer forsking der menneske inngår som datagrunnlag. Del II utgjer hovuddelen av oppgåva, og her er det tre analysekapittel der eg går igjennom tre perspektiv på undersøkingane mine. Kapittel 4 startar med ein presentasjon av funna mine frå det lingvistiske landskapet på Røros, og handlar deretter om korleis det lingvistiske landskapet kan ha symbolske funksjonar for språkbrukarane. I kapittel 5 ser eg nærmare på Røros som stad, og korleis stadskapande handlingar kan forme identiteten til Røros som stad. Vidare undersøker eg kva forteljing som blir presentert om Røros i det lingvistiske landskapet. I kapittel 6, som er det siste kapittelet i analysen, undersøker eg maktdimensjonar som kan ha noko å seie for utforminga av det lingvistiske landskapet på Røros og set det heile i samanheng med koloniseringa av samane. Til slutt kjem del III, der eg forsøker å samle nokre trådar frå analysen i ein konklusjon, som altså er avslutninga på oppgåva.


2 Bakgrunn og teori

Dette kapittelet rommar historisk og samfunnsmessig bakgrunnskunnskap og nokre teoretiske perspektiv. Først gjev eg eit overblikk over Røros kommune og sørsamiske tilhøve i Røros-regionen, før eg vil forsøke å skissere opp fornorskingshistoria som dannar eit historisk bakteppe for dagens situasjon. Deretter følger ein presentasjon om ordninga med forvaltningsområde for samisk språk, før eg til slutt presenterer to sentrale faglege perspektiv som eg kjem til å knyte opp mot analysen – lingvistiske landskap og modellen over etnolingvistisk vitalitet. Som nemnt kjem eg ikkje til å gje ei fullstendig oversikt over alle teoretiske perspektiv i dette kapittelet, mykje er det meir føremålstenleg å introdusere først i del II.

2.1 Røros kommune

Røros kommune ligg på over 600 m.o.h. heilt søraust i Trøndelag fylke, og grenser til Holtålen og Tydal kommunar i Trøndelag, og Os og Engerdal kommunar i Innlandet fylke. Mot aust, i Sverige, grenser kommunen til Härjedalen kommune i Jämtland fylke. Det bur 5572 innbyggjarar i kommunen per fjerde kvartal i 2021 (Statistisk sentralbyrå, 2021). Kommunesenteret er bergstaden Røros, der rundt 70 prosent av innbyggjarane bur, men elles kan ein nemne bygdene Brekken og Glåmos, som kvar har rundt 250 innbyggjarar (Stokkan og Haugen, 2021).

Turistnæringa er ein stor arbeidsgjevar i kommunen. 10,7% av innbyggjarane jobbar i restaurant- og hotellbransjen (Stokkan og Haugen, 2021). I tillegg kjem varehandel og turisme-verksemder. Røros er dessutan Noregs største hyttekommune, med 3418 fritidsbustadar i 2022, noko som verkar inn på spesielt handel- og sørvisnæringa (Statistisk sentralbyrå, 2021). Deretter er sekundærnæringa ein stor arbeidsgjevar, med trevareindustri og Rørosmeieriet som store aktørar. Mange jobbar innan helsesektoren, med utdanning og dessutan i offentleg administrasjon. Utfor sjølve bergstaden blir det drive gardsdrift og reindrift (Stokkan og Haugen, 2021).



Figur 2.1. Kart over Røros-området

Historisk har Røros vore ein gruvedriftsstad, med koparverk som var i drift i over tre hundre år, frå 1644 og heilt til 1977. Dette har sett spor, mellom anna i Røros sentrum, der mange av trehusbygga frå denne tida er bevart, og freda av riksantikvaren. I tillegg er fleire gruver, slagghaugane etter produksjonen og smeltehytta bevart, og dette lokalet fungerer i dag som museum. I 1980 blei trehusa og smelteverket i bergstaden, det vil grovt sagt seie heile Røros sentrum, innskrive på UNESCO si liste over kulturminne- og naturområde. I 2010 blei verdsarvområdet utvida til også å gjelde den såkalla *Cirkumferensen*, slik at også koparmalmgruver og ferdelsvegar blei inkluderte. Circumferensen var koparverket sitt konsesjonsområde, eit område med omrent fem mil i radius, der koparverket fekk einerett til å forvalte alle naturressursar og tilgjengeleg arbeidskraft etter eige ønske (Verdensarven Røros, u.å.-a). Koparverkets etablering i Røros-området førte til store naturinngrep, og dermed interessekonfliktar med samar og bønder som allereie heldt til i området (Verdensarven Røros, u.å.-a).

2.2. Samane

Samane er eit urfolk som tradisjonelt har busett seg i dei nordlege områda av det som i dag er nasjonalstatane Noreg, Sverige, Finland og Russland, eit område som på sørsamisk kallast *Saepmie*. Det finst elleve samiske språk, og av dei er det tre som har status som offisielle språk i Noreg – nord-, lule- og sørsamisk. Det blir ikkje ført nokon statistikk over etnisitet i dei nordiske landa, og derfor er det vanskeleg å seie noko sikkert om kor mange samar som finst (Berg-Nordlie og Gaski, 2022).

Det sørsamiske området er delt mellom Noreg og Sverige. På norsk side strekker det seg frå Mo i Rana i nord til Engerdal kommune i Innlandet i sør. På svensk side regnast det sørsamiske området frå Västerbotten i nord, til Idre i Dalarna i sør (Todal, 2009, s. 141). Sørsamane er med andre ord spreidd over eit stort geografisk område. Regjeringa anslår at det til saman finst i overkant av 2000 sørsamar, og at kring halvparten av dei bur på norsk side (Regjeringen, 2018). Sørsamane blir ofte kalla for ein «minoritet i minoriteten» (sjå t.d. Nielsen, 2019), da dei saman med lulesamane er i mindretal jamført med den nordsamiske majoriteten. Både i historieskriving, politikk og forsking har hovudfokuset lege på nordsamane (Andresen mfl., 2021, s. 466), og følgeleg har sørsamiske tilhøve ofte passert under radaren.

2.2.1. Sørsamar i Røros-traktene

Også på Røros er det vanskeleg å talfeste mengda samiske innbyggjarar. Ved førre sametingsval var det registrert 86 personar i valmanntalet i Røros kommune (Sametinget, 2021), men ein må regne med at langt frå alle myndige med samisk bakgrunn er innmelde der, da det er eit aktivt val å melde seg inn. Røros kommune skriv sjølve i eit utreiingsdokument frå 2016 at «grov regnes det at det finnes mellom 250 – 300 samer i Rørosregionen. Antall årsverk knyttet opp mot samisk kultur, språk, reindrift, forvaltning og annen fagvirksomhet er beregnet til 122 årsverk i Rørosregionen» (Røros kommune, 2016, s. 5) . Kva desse tala er baserte på, er uklart, så dei kan i beste fall gje ein peikepinn på talet samar på staden.

Av sentrale samiske institusjonar i Røros kommune kan nemnast Aajege, som er eit sørsamisk språk- og kompetansesenter som ligg på Røros. Senteret har ansvar for språkopplæring i vidaregåande skole og vaksenopplæring, driv med kurs og arrangement, og gjev dessutan ut læremiddel på sørsamisk. Senteret er eigd av Trøndelag og Innlandet fylkeskommunar, samt Røros kommune (Aajege, u.å.). I opplæringssektoren er det ei samisk avdeling ved Ysterhagaen barnehage/Luvlege maanagierte, Svaale, med plass til 18 barn (Røros kommune, 2020b, s. 6), og det er i 2020 fleire søknadar enn det er barnehageplassar på avdelinga (Røros kommune,

2020a, s. 3). Ved Kvitsanden barnehage på Røros, og dessutan ved Brekken barnehage, er det to 30% språkarbeidarstillingar (Røros kommune, 2016). I grunnskolen er det Røros skole som har hovudansvaret for samiskopplæring (Røros kommune, 2020a). Dessutan er det folk med samisk språk- og/eller kulturkompetanse i kyrkja, helsesektoren og i kommuneadministrasjonen (Røros kommune, 2016, s. 6). I kultursektoren kan den samiske kulturfestivalen Raasten Rastah nemnast, som eg kjem tilbake til i kapittel 4.3.5.

Reindrifta er ei eksklusivt samisk næring, og har også lange tradisjonar i Røros-traktene. Med Røros-traktene meinast det *Røros-samiske området*, som strekker seg frå Meråker i nord til Trollheimen i vest og Engerdal i sør, og frå Undersåker i søre Jämtland til Tännäs i Härjedalen på svensk side (Rydving, 2008, s. 360). Dessutan er området på svensk side del av dette. Allereie på 1600-talet var samane i Røros-traktene gått over frå fangstbasert reindrift til reinnomadisme, og det finst talrike arkeologiske og skriftlege funn frå samisk busetnad på staden frå lenge før den tid (S. Fjellheim, 1999, s. 18-19). I dag finst det tre reinbeitedistrikta i Røros kommune med til saman 19 siidadelar³: Riast-Hylling/Gåebrien Sijte, Essand/Saanti Sijte og Fæmund Sijte. Sistnemnde er felles vinterbeite for dei to første. Sjå figur 2.1 for ei oversikt over desse områda. Det blir slakta om lag 8000 rein årleg i kommunen (Stokkan og Haugen, 2021).

2.2.2 Sørsamisk – eit alvorleg trua språk

Samiske språk tilhører den finsk-ugriske språkgreina av den uralske språkfamilien (Rydving, 2008, s. 357). Tidlegare blei dei samiske språka gjerne klassifisert som ulike dialektar av eitt og same språk, men da dei ulike varietetane ikkje er jambyrdes forståelege⁴, blir dei no heller omtalt som ulike språk (Todal, 2009, s. 141). Dei tre samiske språka som har offisiell status i Noreg – nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk – har i tråd med dette fått sine respektive skriftnormer. Sørsamisk fekk ikkje eit normert skriftspråk før i 1978 (Knutsen Duolljá, 2021). Det er vanleg å dele sørsamisk inn i tre dialektar, der det er *sørleg sørsamisk*, eller *Røros-samisk*, som blir talt i Røros-samisk område. Den sørsamiske skriftnormalen er basert på den *sentralsamiske* dialekten som blir snakka lenger nord enn Røros-området, så undervisninga ligg gjerne tett opp mot denne dialekten (Rydving, 2008, s. 360).

³ (Bm. «siidaandeler»). Ei familiegruppe eller ein enkeltperson som inngår i eit reinbeitedistrikt. Ein siidel gjev rett til å eige og drive med rein i eit reinbeitedistrikt.

⁴ Ein kan rett nok påpeike at det er eit dialektkontinuum mellom dei samiske språka i Noreg, slik at nokre lulesamar og sørsamar kan forstå kvarandre, samt nokre lulesamar og nordsamar. Men som Jon Todal påpeiker, er dette kontinuumet delvis brote, ettersom fleire dialektar har forsvunne (Todal, 2009, s. 141).

Når det gjeld talet på sørsamiske språkbrukarar, er også dette vanskeleg å talfeste, sidan det ikkje blir føretatt noka offisiell registrering av kven som taler samisk. Unesco vurderer det til å vere rundt 500 talarar til saman i Noreg og Sverige, og regnar dermed sørsamisk som eit alvorleg trua språk (UNESCO, 2012). Det er viktig å påpeike at det grunna fornorskingspolitikken i dag er mange sørSAMAR som ikkje beherskar språket. Det ein derimot har konkrete tal på, er kor mange som får opplæring i sørSAMISK. I Røros kommune var det i skoleåret 2019-2020 fem elevar på grunnskolenivå som hadde sørSAMISK⁵ som førstespråk, og 18 elevar med sørSAMISK som andrespråk. På vidaregåandenivå hadde fire elevar sørSAMISK som andrespråk (Røros kommune, 2020b, s. 6).

2.3. Fornorskingspolitikk – eit omriss

Samisk historie kan ikke reduseres til kun en fortelling om statlige overgrep: Det er også en historie om styrke til å stå imot og vilje til å bevare og utvikle eget språk og egen kultur
(Andresen mfl., 2021, s. 467).

Fornorskning kallar ein den assimileringspolitikken som har blitt retta mot samane og andre minoritetar. Frå midten av 1800-talet og fram til 1960-åra dreiv den norske staten ein uttalt, målretta fornorskingspolitikk, der ambisjonen var at norsk språk og kultur skulle erstatte det samiske (Berg-Nordlie, 2021). Ein eigen post i statsbudsjettet, Finnefondet, var tileigna tiltak som skulle støtte dette kulturskiftet hjå samane. Skoleverket blei eit svært effektivt reiskap for fornorskninga. På internatskolar fekk samiske barn straff for å snakke samisk, medan lærarar som kunne vise stor framgang i fornorskninga, fekk lønnstillegg for arbeidet (Andresen mfl., 2021, s. 161). I sørSAMISK område var «Haviken skolehjem for lappebørn» i Namsos internatskole for samiske barn frå Trøndelag og Nordland i over førti år, frå 1910. Skolen var drive av Finnemisjonen, og undervisningsspråket var norsk (Andresen mfl., 2021, s. 172). Dessutan blei det vedtatt lover som favoriserte norskspråklege i spørsmål om eigarrett til jord (Berg-Nordlie, 2021).

Fornorskingspolitikken er nøydd til sjåast i samband med ideologiske tendensar i samtida. 1800-talet var nasjonalismens stordomstid, og den spede norske nasjonalstaten var under oppbygging. I dette prosjektet blei samane (og andre minoritetar) opplevd næraast som forstyrrande element. Det var røtene til det norrøne som skulle fremme nasjonalkjensla på vegen mot sjølvstende frå Sverige. Dessutan herska sosialdarwinistisk tankegods i Europa. Ifølge dette

⁵ Det bur også samar med andre samiske morsmål enn sørSAMISK i Røros kommune, men sidan denne oppgåva dreier seg om det sørSAMISKE, kjem eg ikkje til å nemne desse andre språka i særleg grad.

stod samane, som var eit usivilisert «naturfolk», på eit lågare utviklingstrinn enn «kulturfolket» nordmennene representerte. Tanken om at nokre «rasar» var andre overlegne, var med på å legitimere assimileringa av samane – det ville rett og slett gagne dei å forlate sin levemåte (Andresen mfl., 2021, s. 16-17).

Særleg stor innverknad på synet på samane sin tilhøyrsel på Røros, fekk historikaren Yngvar Nielsen sin artikkel «Lappernes fremrykning mot syd i Throndhjems stift og Hedemarkens amt» frå 1889. Der lanserte han sin *framrykkingsteori*, som hevda at samane kom nordfrå til Røros-traktene først så seint som på 1700-talet (S. Fjellheim, 1999, s. 48). Med andre ord var ikkje samane heimehøyrande i Røros-traktene; det var snarare *dei* som hadde kolonisert område som opphavleg var busett av nordmenn og svenskar. Nielsen baserte teorien m.a. på såkalla «ex silentio-slutningar», dvs. mangel på kjelder om samar i området. Ifølge Nielsen mangla det samiske stadnamn, kulturminne og historisk kjeldemateriale (S. Fjellheim, 1999, s. 111), og derfor kunne dei ikkje ha opphalde seg i området særleg lenge. Sjølv om Røroskommisjonen allereie i 1875 konkluderte med at samane hadde vore i Røros-området før koparverket (Gjelsvik, 2017, s. 37), fekk teorien godt fotfeste i fagmiljø og domstolar, og fekk dermed også juridiske konsekvensar for samane. Mange reineigarar tapte retten til beiteområda sine, og fekk deretter erstatningskrav, noko som førte fleire familiar ut i fattigdom (Andresen mfl., 2021, s. 196).

Seinare har teorien blitt kraftig tilbakevist og tatt avstand frå (sjå t.d. S. Fjellheim, 1999, s. 107-114 for ein motargumentasjon). Likevel har teorien fram til ganske nyleg hatt sine forkjemparar, og blitt brukt som grunnlag for rettsavgjerder så seint som i 1997 (Gjelsvik, 2017, s. 36). Ikkje minst var det dette som førte til at den samiske reindrifta mista retten til områda i Trollheimen ved dom i 1981 (Andresen mfl., 2021, s. 390-391). Framrykkingsteorien må uansett seiast å ha bidratt til å forme synet folk har på den sørsamiske minoriteten og deira tilhøyrsel til Røros og Røros-traktene. Framrykkingsteorien må i høgste grad sjåast i samband med diskusjonen om eigedomsretten til landområde. Teorien blei ein effektiv reiskap i bøndenes kamp til innmark. Prinsippet om *alders tids bruk*, altså at ein kan erverve eigarrett gjennom langvarig bruk av eit område (Falkanger, 2020), kombinert med framrykkingsteorien, ville gjere at bøndene drog nytte av eit slikt juridisk prinsipp.

Viktig er det å påpeike at fornorskingsprosessane ikkje har skjedd utan protestar frå den samiske minoriteten. Gjennom generasjonane den offisielle fornorskingsa stod på, har samane mobilisert seg mot styresmaktene, gjennom politisk organisering, aviser og foreiningar. Grunna oppgåva si lengde har eg ikkje plass til nokon heilskapleg gjennomgang her, men skal heller nemne eit

knippe motstandstiltak, med fokus på det sørsamiske engasjementet. Frå sørsamisk hald har Elsa Laula Renberg og «Brurskanken Lappvindeforening» frå Helgeland hatt ein viktig plass. Renberg og foreininga var med på å organisere det første samepolitiske landsmøtet i Trondheim i 1917⁶. Den Røros-baserte avisa *Waren Sardne* ved aktivisten Daniel Mortensson var frå 1910 ein informasjonskanal som skulle bidra til organisering og synleggjering av samiske saker (Borgos mfl., 2017, s. 99). Seinare blei engasjementet i Alta-saka eit taktskifte i samisk engasjement, og kulminerte i opprettinga av Sametinget i 1989.

Sjølv om ein i lang tid har tatt avstand frå fornorskingspolitikken, m.a. ved kong Haralds offisielle orsaking til samane i 1997, fungerer framleis restane av desse mekanismane i ulik grad som eit etterspel av denne indre koloniseringa, noko eg kjem tilbake til i kapittel 6.

2.4 Forvaltningsområdet for samisk språk

I forvaltningsområdet for samisk språk (heretter også forkorta *forvaltningsområdet*) er samisk og norsk språk likestilte. Kommunar kan via Kommunal- og Distriktsdepartementet sende inn søknad til Sametinget om å bli medlem, og får økonomiske tilskot, men også spesielle retningslinjer å følge ved innlemming. Tospråklegheitstilskotet var i 2011 på mellom 3-7,5 millionar kroner (Regjeringen, 2020b). Ordninga trådde i kraft i 1992 som eit ledd i styrkinga av Samelovens kapittel 3 om samisk språk. Nokre av Samelovens språkreglar gjeld spesielt for forvaltningsområdet (Regjeringen, 2020b).

Som medlem i forvaltningsområdet for samisk språk følger det særlege rettar for innbyggjarane, og pliktar til kommunen. Mellom anna har innbyggjarane rett til å vende seg til offentlege organ på samisk, undervisning og barnehage skal ha eit samiskspråkleg tilbod, og kommunale organ skal kommunisere med innbyggjarane på både samisk og norsk. I skolen skal den samiske versjonen av dagens læreplan, LK-20-S, nyttast, ifølge Opplæringslova (Regjeringen, 2020b). I tillegg seier forskrifta til Stadnamnlova at det i forvaltningsområdet skal vere vegskilting på samisk og norsk, med det samiske namnet øvst (Forskrift om stadnamn, 2017).

I dag er 13 kommunar medlemmar av forvaltningsområdet. Åtte av desse er nordsamiske: Kárásjoga gielda/ Karasjok kommune, Deanu gielda/ Tana kommune, Guovdageainnu suohkan/ Kautokeino kommune, Unjárgga gielda/ Nesseby kommune, Porsáŋgu gielda/ Porsanger kommune, Gáivuona suohkan/ Kåfjord kommune, Loabága suohkan/ Lavangen kommune og Dieldanouorri suohkan/ Tjeldsund kommune. Hábmera suohkan/ Hamarøy

⁶ Nettopp sørsamiske reindrifsutøvarar var sterkt overrepresentert ved møtet (Andresen mfl., 2021, s. 214).

komune er den einaste lulesamiske medlemskommunen. Lengst sør finn ein dei sørsamiske forvaltningskommunane Aarborten tjelte/ Hattfjelldal kommune, Snåasen tjelte/ Snåsa kommune, Raarvihken tjelte/ Røyrvik kommune og Røros kommune, der dei tre sistnemnde ligg i Trøndelag. I tillegg til kommunane, er også dei tre nordlegaste fylkeskommunane Romsa ja Finnmark/ Troms og Finnmark, Nordlánnda/ Nordlaante/ Nordlanda/ Nordland og Trööndelage/Trøndelag medlemmar av forvaltningsområdet. Dessutan er det fleire kommunar som no vurderer medlemskap i forvaltningsområdet, m.a. Evenes, Målselv og Engerdal, der sistnemnde er nabokommune til Røros (Nilssen, 2021; NRK, 2020; Ságat, 2020). I tillegg har Bodø kommune søkt om å bli forvaltningskommune (Khan Nergård mfl., 2021).

Utover forvaltningskommuneordninga er urfolks rettar beskytta av *ILO-konvensjon nr. 169* som Noreg ratifiserte i 1990, som seier at det er «[...] urfolks rett til å bevare og videreutvikle sin egen kultur, og myndighetenes plikt til å treffen tiltak for å støtte dette arbeidet» (Kommunal- og distriktsdepartementet, 2020). Noreg har også ratifisert *FNs erklæring av urfolks rettigheter*, som stadfestar urfolk sine rettar til «kultur, identitet, språk, arbeid, helse og utdanning», samt rett til sjølvbestemming og til «[...] å bevare og styrke sine egne institusjoner, kulturer og tradisjoner» (FN-Sambandet, 2020).

2.4.1 Røros som forvaltningskommune

Røros kommune søkte om medlemskap i forvaltningsområdet i 2016, og blei 1. juli 2018 godtatt som medlem. I utreiingsdokumentet som var del av søknaden, skriv dei at målet med innlemminga er:

å synliggjøre det samiske språket i det offentlige rom. Uavhengig av om kommunen er utenfor eller innfor forvaltnings-området [sic], forplikter kommunen å legge forholdene til rette for at den samiske folkegruppen kan sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv, selv om forpliktelsene er sterkere innenfor forvaltningsområdet enn utenfor (Røros kommune, 2016, s. 3).

Kommunen er altså tydeleg på ansvaret dei har for røkt av sør-samisk språk og kultur, og at eit medlemskap kan ha ei styrkande effekt for det sør-samiske språket. Dei viser vidare til Grunnlovas paragraf 108, der det står at «Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for at den samiske folkegruppe kan sikre og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt samfunnsliv» (Grunnlova, 2020). I rapporten blir det også peikt på rolla Røros-området har historisk: «Rørosregionen er sentral i den sør-samiske historien og vi har et ansvar for å bidra til å bevare språk, kultur og historie» (Røros kommune, 2016, s. 25).

Eg har ikkje plass til å gå i djupna over kommunen sine planar for å styrke sørsamisk språk og kultur (sjå gjerne Røros kommune, 2020b), men skal seie litt om arbeidet med stadnamn. Ved innlemminga i 2018 fanst det ikkje offisielle sørsamiske stadnamn, derfor måtte dei fastsettast for å kunne brukast. Kommunen oppnemnde juni 2019 eit samisk stadnamnutval til å drøfte forslag til stadnamn utforma av Aajege språksenter. Deretter uttalte Sametinget seg om vala, før Røros kommune endeleg godkjente stadnamna 20. januar 2022. Da var det namna på dei tre største tettstadane, Plaassja/Røros, Kloemege/Glåmos og Praahka/Brekken som blei vedtatte (Langseth, 2022). Dermed er det no høve til å henge opp tospråklege stadnamnskilt på desse tre plassane. Sjølve namnet på kommunen må enno godkjennast av Kommunal- og Distriktsdepartementet, men truleg blir «Rossen tjielte» den sørsamiske nemninga på kommunen. Også nemningar på mindre stadar og grender, samt namn på offentlege bygg, er noko stadnamnutvalet skal halde fram å arbeide med (Røros kommune, 2020b).

2.4.2 Oppstyr rundt (*potensielle*) forvaltningskommunar

Innlemmingar i forvaltningsområdet for samisk språk har ikkje alltid blitt møtt med velvilje. I denne samanhengen er det særleg to sakar eg vil trekke fram – Kåfjord kommune si innlemming i 1992, og saka rundt Tromsø kommune sin søknad i 2011. Da Gáivuotna suohkan/Kåfjord kommune blei medlem i 1992, var det store protestar (sjå t.d. Andresen mfl., 2021, s. 446-447; Å. M. Johansen, 2009, s. 88-91). Motstandarane motsette seg både språklova og den nye samiske læreplanen som følgde med. Ei bygdliste gjekk til val på å få kommunen ut av forvaltningsområdet. Meir folkelege protestar viste seg i at dei samiske stadnamnskilta som var sett opp blei skote på med hagle og måla over. Som Åse Mette Johansen omtaler det, handla konflikten «altså dypest sett om etnisk tilhørighet og retten til å definere seg som samisk eller norsk sett i forhold til historie, kultur og hjemsted» (2009, s. 90).

Den såkalla Tromsø-saka oppstod da byrådet i Tromsø kommune sökte om innlemming i forvaltningsområdet for samisk språk i 2011, noko som møtte ei uventa sterkt motstand frå innbyggjarane. Dette førte til at dei borgarlege partia gjekk til val på å trekkje søknaden, og vann kommunevalet same haust. Saka utløyste eit hardt ordskifte, der samehets var ein vanleg dimensjon. Ei mogleg forklaring på korfor så mange motsette seg at Tromsø skulle bli offisielt tospråkleg, er at samisk blir sett på som ein rural kategori, og at eit samiskstempel hadde gjort Tromsø, som jo er Nord-Noregs største by, til «mindre» by. Brit Mæhlum kommenterer at det er ei:

[...] sosial og kulturell grense som blir forsøkt forsert når en ønsker å relatere det samiske til Tromsø by – nemlig oppfatningen av samiskhet som en udiskutabel *rural* kategori. Tradisjonell

samisk næringsvirksomhet og kulturelle praksisformer er noe som har vært knyttet nokså ensidig til rurale områder, og der framfor alt en primærnæring som reindriften har vært vital i identifiseringen av det samiske [...] Dermed er det åpenbart at mange opplever det som et slags kulturelt og demografisk overgrep at det største urbane senteret i Nord-Norge skal havne i samme kategori som noen grisgrendte kommuner i Indre Finnmark og Nord-Troms (2012, s. 250).

Seinare har folkeopinionen skifta både i Kåfjord og Tromsø, og Tromsø kommune har inngått ein samarbeidsavtale med Sametinget (Tromsø kommune, 2021). Slike saker viser uansett at det er langt meir enn det juridiske klimaet som står på spel når ein kommune vurderer å søke om medlemskap i forvaltningsområdet for samisk språk.

2.5. Lingvistiske landskap – Ei tilnærming til fleirspråklegheit

Lingvistiske landskap (heretter også forkorta *LL*) kallar ein alt det offentlege skriftspråklege innhaldet i eit avgrensa geografisk område. I 1997 publiserte Landry og Bourhis ein innverknadsrik artikkel som på mange måtar markerte startskotet for forskinga på feltet. I denne mykje siterte artikkelen definerer dei studieobjektet lingvistiske landskap slik:

The language of public road signs, advertising billboards, street names, place names, commercial shop signs, and public signs on government buildings combines to form the linguistic landscape of a given territory, region, or urban agglomeration (Landry og Bourhis, 1997, s. 25).

I seinare forsking har ein hatt ein mykje vidare definisjon av feltet, og fokuserer på *LL* sin sterkt *multimodale* karakter. Derfor inkluderer ein gjerne også anna lingvistisk innhald, som graffiti og oppslag, men også ikkje-lingvistisk innhald som bilde, video, offentleg utsmykking, arkitektur, menneske, køyretøy, og attpåtil lydar, luktar og tatoveringar (Shomamy, 2018, s. 27). Shomamy (2018) går så langt som å definere *LL* som «any display in public spaces which communicates varied types of messages» (s. 27). Nyare studiar har også tatt for seg digitale lingvistiske landskap knytt til området som utforskast (t.d. Lyons, 2019). Korleis ein skal avgrense studieobjektet, er ein pågåande diskusjon innan *LL*-forsking, og ulike forskrarar nyttar ulike avgrensingar. Som det kjem fram seinare, opererer ikkje eg med den vidaste definisjonen av *LL* i min analyse; eg har eit hovudfokus på lingvistisk innhald, men er likevel open for andre visuelle uttrykk.

LL-forsking har altså dei siste tre tiåra utvikla seg som eit mangfaldig og interdisiplinært forskingsområde, med forankring i så ulike disiplinar som juss, anvendt lingvistikk, økonomi, litteratur- og språkvitskap, for å nemne nokre (Shomamy, 2018, s. 26). Det finst ingen

metodiske tilnærmingar som ein har blitt samde om, noko som på den eine sida kan sjåast på som ein veikskap, men samstundes opnar for fleire interessante perspektiv på temaet.

Det er vissheita om at LL ber i seg meir enn berre eit formål om å informere, som har motivert mange LL-forskarar: «Much of the motivation for examining LLs comes from the acknowledgement that LL carries important symbolic power both for the languages present in a particular place and for the language communities» (Pietikäinen mfl., 2011, s. 278). Spesielt er LL-forsking eigna til å auke kunnskapen vår om fleirspråklege samfunn ved at ein fokuserer på språkval og -hierarki (Gorter, 2013, s. 191). I studiar av lingvistiske landskap har ein helst vore interessert i å sjå korleis samspelet mellom, og samansetninga av, dei ulike språka fungerer. Ein er opptatt av korleis språkideologiar, regelverk og makttihøve speler inn på nærværet av dei ulike språka i LL.

I den tidlege fasen var mange av studiane gjort i urbane strok (Shomamy, 2018, s. 30). I byar er det fleire språkgrupper som møtast, og det er større tettleik i skilting og anna lingvistisk innhald slike stadar. Til dømes undersøker Backhaus (2006) bruk av ulike språk i Tokyo, medan Ben-Rafael mfl. (2006) ser på jødisk-arabiske byar i Israel. I Noreg kan spesielt Stjernholm (2013) si undersøking av to handlegater i Oslo nemnast. Nyare studiar har også i større grad studert LL i meir perifere strok. I denne samanhengen er Pietikäinen mfl. (2011) verdt å nemne. Dette er ein større studie der sju bygder på Nordkalotten blir undersøkt, eit område der det finst ni samiske språk, minoritetsspråka kvensk og tornedalsfinsk, fire nasjonalspråk, samt mange globale språk. I denne studien argumenterer dei for at skiltinga i rurale område ber ei større symbolsk tyngde og får større synlegheit jamført med urbane område, grunna den generelle skorten på skilting (Pietikäinen mfl., 2011, s. 279). Eit anna døme er Stjernholm (2014) si undersøking av bruken av dei ulike målformene i LL på Voss. Med mi undersøking av Røros ønsker eg å gje eit bidrag til LL-forsking i meir rurale område.

Storleiken på det som er undersøkt har også variert. Medan nokon har sett på sentrumsområde, har andre sett på éi gate eller eit nabolag, og andre igjen har undersøkt LL på institusjonar (sjå m.a. Å. M. Johansen og Bull, 2012; Rian, 2016 for LL-undersøkingar av UNN UiT og NTNU). Det finst også døme på enda meir konkrete avgrensingar, som undersøkingar av vinflaskeetikettar og fotballkampar (Shomamy, 2018, s. 31).

Det er altså eit medvit mellom forskarane om at dei lingvistiske landskapa i seg sjølve er utforma med samfunnstilhøve og maktfaktorar som føresetnad. Mange studiar fokuserer på kva for aktørar som styrer utforminga av LL, og ein skil gjerne mellom såkalla *ovanfrå-og-ned-*

aktørar og *nadanfrå-og-opp-aktørar*. Førstnemnde er myndigheter og organisasjonar i maktposisjonar, medan sistnemnde er privatpersonar og privateigde føretak. Medan ovanfrå-og-ned-aktørane ofte er forplikta av lovar og vedtekter til å nytte ei viss språkleg form, har private aktørar gjerne større fridom. Når det gjeld utforminga av LL, skriv Ben-Rafael mfl. (2006) at det spesielt er tre faktorar som styrer denne. Den første er rasjonelle vurderingar, som t.d. økonomi og kva for språk publikum forstår. Den andre er maktstrukturar. Ofte har dominerande språkgrupper moglegheit til å styre utforminga i større grad enn andre. Coulmas (2009, s. 14) påpeiker at sjølv om LL kan vere ein arena der ein sikrar seg autoritet, er det like fullt ein arena for å *utfordre* autoritet. LL kan vere ein stad for symbolske reforhandlingar av maktrelasjonar i eit språksamfunn. Den tredje faktoren Ben-Rafael nemner, er tanken om sjølvrepresentasjon. Utforminga av LL er altså i stor grad eit spørsmål om identitet.

Mange tidlege studiar fokuserer på kva for språk som var representerte i LL og på frekvensen til dei ulike språka, heller enn å sjå på innhaldet. Dei har altså ein høgst deskriptiv karakter (Gorter, 2013, s. 194). Desse kvantitative kartleggingane har blitt kritiserte for å ikkje gje meiningsfulle teoretiske fortolkingar og for å tilsløre «the complexities of language diversity» (Shomamy, 2018, s. 28). Dette har ført til at LL-forskinga har bevegd seg mot ei meir kvalitativ utvikling, og er seinare kombinert med eit mangfald av andre metodar, mellom anna intervju med språkbrukarar og skiltskaparar (Gorter, 2013, s. 199-200).


Forsking på lingvistiske landskap er mangefasettert og komplekst, da utforminga av offentleg skilting inneber «[...] a myriad of LL actors operating under the influence of a myriad of motives» (Ben-Rafael mfl., 2006, s. 10). Språkbrukarar er i ulik grad medvitne om LL, og det vil i ulik grad kunne påverke kva dei tenker rundt viktigeita og nytta til språka dei omgjev seg med – og dei språka som eventuelt ikkje er synlege i same grad (Landry og Bourhis, 1997).

2.6. Taksonomi over etnolingvistisk vitalitet

I artikkelen «Towards a Theory of Language in Ethnic Group Relations» frå 1977, introduserer Giles, Bourhis og Taylor ein taksonomi over ulike strukturelle variablar som kan ha innverknad på situasjonen til etnolingvistiske grupper, *den etnolingvistiske vitalitetsmodellen*. (1977, s. 308). Modellen søker å kaste lys over nokre viktige variablar som kan bidra til å forstå kva som kan skje når ulike etnolingvistiske grupper møtast (Giles mfl., 1977, s. 308). Med vitalitet meinast livskrafta, eller evna og vilja språkbrukarane har for både å nytte og vidareføre språket til neste generasjon:

The vitality of an ethnolinguistic group is that which makes a group likely to behave as a distinctive and active collective entity in intergroup relations. From this, it is argued that ethnolinguistic minorities that have little or no group vitality would eventually cease to exist as distinctive groups (Giles mfl., 1977, s. 308).

Som det framgår av modellen, er det mange ekstralingvistiske faktorar som verkar inn på den lingvistiske livskrafta. Deriblant er økonomiske, historiske, politiske faktorar. Forfattarane har delt desse faktorane inn i tre hovudvariablar, som igjen har kvar sine undervariablar. Sjå tabell for ei oversikt:



Figur 2.2. Taksonomi over strukturelle variablar som kan ha innverknad på etnolinguistisk vitalitet. Henta frå Giles mfl. (1977, s. 309).

Eg kjem ikkje til å gjennomgå dei ulike punkta i modellen, da mange av dei er rimeleg sjølvforklarande. Giles mfl. (1977, s. 310) påpeiker at variablane dei har lista opp, slett ikkje er uttømmande, eller gjensidig utelukkande. I tillegg til faktorane dei har nytta, kjem eg til å føre opp omgrepet *subjektiv etnolinguistisk vitalitet* i min analyse. Omgrepet er henta frå Landry og Bourhis (1997, s. 30). Dette omgrepet skil seg frå dei andre i taksonomien ved at det ikkje er faktabasert, men heller, som namnet tilseier, er basert på individuelle vurderingar. Dermed treng ikkje denne variabelen å stemme overeins med dei faktiske tilhøva, men som eg skal poengttere i del II, kan kjensler og assosiasjonar likevel ha innverknad på korleis ei etnolinguistisk gruppe ser seg sjølv.

Modellen er eigna til å skaffe eit overblikk når ein skal vurdere ein språksituasjon. Eg kjem ikkje til å gå igjennom alle punkta i taksonomien i analysen min, men skal heller gjere eit utval som eg ser på som spesielt relevant halde opp mot det lingvistiske landskapet på Røros og situasjonen i Røros kommune elles. Dette blir spesielt tatt opp i kapittel 4.3.

3 Metode

3.1 Val av metode

Metodebruken i denne avhandlinga spring ut av ei på mange måtar todelt interesse for temaet eg skal undersøke. På den eine sida er eg interessert i å sjå kva for utslag offentlege vedtekter kan ha, altså å sjå på konkrete endringar eller mangelen på desse, etter at ei vedtektsverk. Meir spesifikt er eg interessert i å sjå kva innlemminga i forvaltningsområdet for samiske språk eventuelt kan ha gjort med nærværet til minoritetsspråket sørsamisk i Røros kommune, og korleis tilhøvet mellom sørsamisk og andre språk ser ut i det lingvistiske landskapet i bergstaden. For å undersøke dette har eg dokumentert skilt og anna språkleg og visuelt innhald i sentrumsgatene i Røros, samt nokre av dei nærmeste kringliggande områda, i tillegg til tettstaden Brekken. Det lingvistiske landskapet er ein heilt konkret og observerbar del av den språklege kvardagen til innbyggjarane i eit språksamfunn. Å undersøke det vil vere eit godt utgangspunkt for å få innsikt i språkrøynda i Røros kommune.

På den andre sida er eg interessert i å få auka innsikt i korleis språkrøynda blir opplevd av dei som held til i Røros kommune. Sidan subjektive tilhøve som haldningar, kjensler og opplevelingar står i sentrum i denne oppgåva, er eit kvalitativt forskingsintervju føremålstenleg. Tim Rapley (2004) påpeiker, i eit lærebokkapittel om forskingsintervjuet, at intervjuet har fått ein nøkkelfunksjon som meiningskapar i samtida vår, anten det gjeld bruk i nyhende, talkshow eller i forsking: «*The interview [...] pervades and produces our contemporary cultural experiences and knowledges of authentic personal, private selves. The face-to-face interview is presented as enabling a ‘special insight’ into subjectivity, voice and lived experience*» (2004, s. 15). Intervjuet er ein måte å inkludere perspektivet til dei ein forskar på, dei blir sjølve bidragsytarar.

3.2 Dokumentering av lingvistiske landskap

Av tidsmessige grunnar har det vore naudsynt å avgrense området der eg skulle undersøke det lingvistiske landskapet. Eg valde i utgangspunktet å fokusere på det sentrumsnære, tettfolka området i Røros sentrum, da dette truleg ville vere området med størst tettleik på skilt og anna lingvistisk innhald. Dette området har også flest offentlege stadar og viktige samfunnsfunksjonar, og er slikt sett «felleseige» i større grad enn dei meir perifere områda i kommunen. Nokre av dei offentlege tenestene som dette området innehelder er sjukehus, skolar, barnehagar, rådhus, eldresenter, handlegater og spisestadar, kulturhus, museum, bibliotek og hotell.

Da det etter fotograferinga av Røros sentrum viste seg å vere marginalt med sørsamisk nærvære i det lingvistiske landskapet der, bestemte eg meg for å utvide undersøkinga med ein stikkprøve av det lingvistiske landskapet i bygda Brekken, som ligg rundt 35 kilometer nordaust for kommunesenteret. Årsaka til at eg valde akkurat Brekken, er at det tradisjonelt har vore ein plass der samar har busett seg (J. Fjellheim, 2007, s. 5), og at Brekken i større grad enn kommunesenteret blir oppfatta som ein samisk plass, både av deltarane mine, men også av kommunen sjølv. Utreiinga kommunen gjorde i samband med vurderinga om dei skulle bli ein samisk forvaltningskommune, nemner Brekken skole fleire gonger. Skolen er dessutan utpeikt som ressursskole i sør-samisk undervisning (Regjeringen, 2018), og ifølge Røros kommune har skolen vore tidleg ute med eit godt læringsmiljø for samisk språk (Røros kommune, 2016). Det er interessant å sjå om det finst ein innhaldsmessig skilnad mellom kommunesenteret og denne mindre sentrale bygda. Sjå vedlegg 1 og 2 for kart over dei undersøkte områda.

I tillegg til desse to fysiske lingvistiske landskapa, har eg også gjort ei mindre undersøking av det digitale lingvistiske landskapet i Røros kommune. Det finst eit utal måtar å avgrense ei slik undersøking på. Eg har valt å sjå på nokre få nettstadar som eg tenker speler ei viktig rolle for innbyggjarar, tilreisande og andre som er interesserte i kva som skjer i kommunen. Eg har valt meg nettstadane til kommunen og Røros VGS, fordi dei er med i forvaltningsområdet, og det vil vere interessant å sjå om det finst ein parallel til korleis desse aktørane presenterer det samiske i det fysiske landskapet. Eg har også sett på turistinformasjonen sin nettstad, for å få eit inntrykk av korleis Røros blir presentert for dei som ønsker å vitje staden. I tillegg har eg undersøkt tre lokale nettaviser, sidan media er ein viktig haldningsskapar. Nokre LL-studiar inkluderer undersøkingar av sosiale medium (sjå t.d. Lyons, 2019), men eg vurderer det som for samansett og individuelt tilpassa for å kunne seie noko generelt om det digitale LL på Røros.

I all hovudsak har eg halde undersøkinga utandørs. Uteområda er mest tilgjengelege for folk flest, og dei områda som dei fleste blir eksponert for, sjølv om dei dømesvis ikkje skulle ha behov for barnehagetilbodet eller hotell sjølv. Dette gjorde eg fire unntak frå: Eg har dokumentert det lingvistiske landskapet inne på togstasjonen, det offentlege biblioteket, kulturhuset Storstuggu, og kjøpesenteret Domus. Desse stadane er det sannsynleg at folk flest har vore innom, uavhengig av eigne interesser og behov.

Eg har ikkje avgrensa innsamlinga kva gjeld type uttrykk. Karine Stjernholm (2013) undersøker to sentrumsgater i Oslo som ein del av doktoravhandlinga si. Her avgrensar ho undersøkinga av det lingvistiske landskapet til butiknamna ho finn i desse handlegatene. Dette gjer ho fordi namna blir tatt for å vere meir gjennomtenkte og meir permanente enn andre skilt, og fordi den

totale mengda med skilt vil føre til ei overflødig datamengde (Stjernholm, 2013, s. 80). Eg har derimot valt å vere open for alle type uttrykk under datainnsamlinga. Både vegskilt, informasjonsskilt, reklame, graffiti, statuar og andre visuelle uttrykk har eg tatt med. På denne måten har eg hatt eit *utforskande* perspektiv, og moglegvis oppdaga andre og fleire uttrykk enn ved ei streng avgrensing i forkant av innsamlinga. Eg og Stjernholm har dessutan ulike mål med undersøkingane våre. Medan Stjernholm har eit komparativt fokus (mellom handlegatene aust og vest i Oslo), har eg ønskt å skaffe oversikt over nokre generelle tendensar.

Under innsamlinga av det lingvistiske landskapet hadde eg med meg eit spegelreflekskamera, eit noko påfallande syn i det turistfattige koronaåret 2021. Eg visste at dette kunne vekke oppsikt, noko eg blei ekstra medviten om da eg skulle dokumentere skiltinga ved eldresenteret. Da eg var på veg inn på området, fekk eg ei kjensle av at eg braut ei intimitetsgrense. Senteret er trass alt heimen til mange menneske. Eg fann det derfor etisk uforsvarleg å dokumentere dette området, og valde å utelate dette frå datainnsamlinga mi. Eg såg på vegskilta som leier fram til eldresenteret at desse var berre på norsk, og eg går utifrå at dette er konsistent med skiltinga på sjølve bygningane.

Når det gjeld permanens i lingvistiske landskap, tar eg avstand frå Stjernholm si vektlegging av dette (2013, s. 80). Lingvistiske landskap er særmerka av plastisitet heller enn stabilitet. Her deler eg heller syn med Pietikäinen mfl. (2011), som ser på studiet av lingvistiske landskap som eit studium av:

social action, and we see signs as physical manifestations of actions taken in the past. Thus, even though the LL may seem static when observed, in reality any LL is a dynamic process because it has been shaped and continues to be formed and altered through social action. (Pietikäinen mfl., 2011, s. 282).

Dei ser på skilt som *frosne handlingar*, som eit fysisk resultat av tidlegare handlingar som ein kan observere i ettertid (Pietikäinen mfl., 2011, s. 281). Desse handlingane er altså statiske i seg sjølve, men som det blir poengtert i sitatet over, er det lingvistiske landskapet dynamisk i sitt vesen, alltid i forandring. Dette fokuset framhevar også eit anna viktig poeng, at skilting er *utført* av sosiale aktørar, som har handla innan visse sosiale rammer, med visse sympatiar og politiske vedtekter å halde seg til. Nokre delar av det lingvistiske landskapet er meir varige enn andre, dømesvis er vegngettet med tilhøyrande gatenamn meir stabilt enn graffiti og plakatar, som ofte blir fjerna etter kort tid. Derfor ser eg på undersøkinga mi av det lingvistiske landskapet i Røros som eit tverrsnitt eller ein stikkprøve. Undersøkinga mi fann stad 2. mars

2021. På dette tidspunktet var ikkje dei offisielle sør-samiske stadnamna vedtatte, og derfor fanst det t.d. ingen sør-samiske vegskilt.

I analysen av det lingvistiske landskapet er eg opptatt av kvalitetane heller enn objektive, kvantifisbare fakta. Derfor fører eg ikkje statistikk over fordelinga av språk på dei ulike skilta, til dømes. Under innsamlinga har eg altså vore opptatt av å skaffe oversikt, medan analysen har eit kvalitativt fokus. Dette er i tråd med den kvalitative trenden i forskinga på lingvistiske landskap, som ein ser i mange nyare LL-studiar (Gorter, 2013, s. 199).

3.3 Intervju

Eit kvalitativt forskingsintervju er ein samtalenær datagenereringsmetode der ein intervjuar eit lite tal personar om eit meir eller mindre avgrensa tema. Eg har valt semistrukturerte intervju, der eg nyttar ein rettleiande intervjuguide som ei rettesnor for å sikre at eg held meg til dei sentrale forskingsinteressane mine, men samstundes er fleksibel for endringar i spørsmål og rekkefølga deira. Som nemnt over, passar denne metoden når ein ønsker innsikt i verda sett frå deltakaren sin ståstad og å «[...] utforske nyansene i opplevelser og erfaringer» (Tjora, 2021, s. 128). Eit semistrukturert forskingsintervju opnar for at ein kan gå i djupna på dei temaa ein undersøker, og gjer det også mogleg å komme innom tema som intervjuaren ikkje naudsynlegvis hadde tenkt over på førehand (Tjora, 2021, s. 128). Det er på mange måtar ein utforskande metode.

Ein må vere obs på kva haldning ein har til data frå intervju. Tim Rapley (2004, s. 16) presenterer to motstridande haldningar til intervjudata, nemleg det han kallar *interview-data-as-resource* og *interview-data-as-topic*. Med førstnemnde syn ser ein på datamaterialet som ein meir eller mindre direkte refleksjon av røynda til deltakaren. Med sistnemnde syn ser ein på materialet som ein versjon av røynda som er konstruert av deltakar og intervjuar saman, og ein vektlegg at intervjuet er ein interaktiv kontekst. Dette synet er meir i samsvar med notidige forskingspraksisar, da det ikkje går utifrå at det er mogleg med ein nøytral situasjon, altså ein situasjon der forskaren ikkje «påverkar» deltakaren, men heller tar utgangspunkt i at alle relasjonar vil vere ulike (Rapley, 2004, s. 16). Tidlegare forsking har gjerne ønskt å isolere språkbrukaren eller individet for å observere korleis han oppførte seg eller snakka i ein situasjon upåverka av ytre omstende. Dette er ikkje mogleg.

Dette andre synet stikk også hòl på problemet med *observatørens paradoks*, som går ut på at ein umogleg kan observere naturleg språkbruk slik han er når han ikkje blir observert (Hårstad

mfl., 2017, s. 160). Ved å ha som utgangspunkt at all språkbruk og anna oppførsel blir utsett for kontekstuell tilpassing på noko vis, omgår ein dette urealistiske nøytralitetsidealet.

Mellom anna kan min identitet ha innverknad på korleis deltakarane svarer i intervjuet (Tjora, 2021, s. 133). For det første er eg dobbelt utgruppemedlem: Eg er korkje samisk eller frå Røros. Dette kan i nokre tilfelle føre til at deltakarar unnlæt å fortelje ting, da dei tenker eg ikkje evner å forstå deira perspektiv. At eg i tillegg er ung og kvinne kan ha ein liknande effekt på nokre deltakarar. Dei kan tenkast å anten distansere seg eller eventuelt også opne seg for meg.

Også sjølve intervrukonteksten kan ha ei effekt på deltakarane. For dei fleste vil det vere ein uvant situasjon, og det kan opplevast som stressande (Rapley, 2004, s. 18). At samtaLEN blir overvaka, kan også bidra til at situasjonen blir oppfatta som eit slags avhøyr. For nokon kan dette også føre til tvil om at dette er ein trygg og anonym samtale. For å minimere desse faktorane sin innverknad på intervjudataa, er det viktig at eg viser interesse og lærevilligheit. At eg er utgruppemedlem tyder ikkje naudsynlegvis at eg er uskikka til å skrive ei oppgåve om sørSAMAR og om Røros, men at eg har eit anna perspektiv på saka.

Det er også mogleg å dempe kjensla av den framande intervusituasjonen. Ved å la deltakarane sjølv velje stad for intervjuet, og ved å opptre som eit avslappa medmenneske, opplevde eg at eg skapte ei kjensle av tryggleik rundt situasjonen. At eg i starten av intervjuet repeterte korleis datalagringa og transkriberinga går til, verka å ha same effekt.

3.3.1 Deltakarane

Til intervjuet var eg interessert i både samiske og norske rørosingar som deltakarar. Kriteria mine var at dei skulle vere vaksne innbyggjarar i Røros kommune, og hadde budd der nokre år. Eg utelukka å intervju barn og ungdom, både av avgrensingsomsyn, men også fordi dette krev meir utvikla ferdigheter i intervjuteknikk. Det var ikkje eit kriterium at innbyggjarane var fødde og oppvaksne på Røros, da dette kan gje eit svært reduserande og ikkje minst uriktig bilde av kva det vil seie å vere rørosing. Slik tenking botnar dessutan i ei avleggs tanke om den autentiske informanten, og har linjer tilbake til 1800-talets dialektforsking og såkalla NORM-brukarar (sjå t.d. Hårstad mfl., 2017, s. 161-164). Eit betre kriterium er at intervjudeltakarane har budd lenge nok i kommunen til å danne seg eit inntrykk av kva det vil seie å leve på Røros. Derfor kan også tilflyttarar vere aktuelle, i tråd med ei meir moderne sosiolinguistisk utveljing.

Kva gjeld dei samiske deltakarane, er det viktig å påpeike at etnisitet ikkje er eit objektivt omgrep, men eit kontinuum (Greersen, 2002, s. 13-14), og eg har veklagt at vedkommande sjølv identifiserer seg som same. Dermed er til dømes ikkje kjennskap til det sørSAMISKE språket

eller talet på samiske slektningar relevant. Også samar som ikkje beherskar språket i stor grad, er relevante, da språklege forhold også kan tenkast å ha innverknad på dei. Den symbolske tydinga til det lingvistiske landskapet kjem altså inn her.

For dei ikkje-samiske deltakarane var kriteria at dei kan ha varierande grad av kontakt med og kunnskap om den samiske folkegruppa i kommunen. Dei er inkludert fordi dei vil kunne bidra med eit anna perspektiv enn den sørsamiske gruppa. Kva for opplevingar majoritetsbefolkinga har relatert til innlemminga i forvaltningsområdet for samisk språk, og kva for relasjon desse personane meiner at finst mellom majoritets- og minoritetsbefolkinga på Røros, vil vere interessant å undersøke.

Eg har intervjuat fem personar, fire med samisk bakgrunn og ein ikkje-samisk person. To kjønn er representert og dei har eit aldersspenn frå tjue- til syttiåra. Eg har inkludert både tilflyttarar, utflyttarar og folk som er fødde og oppvaksne i kommunen. Nokre av deltakarane har i periodar budd utfor kommunen. Deltakarane mine har bakgrunn frå eller tilhaldsstad i ulike delar av Røros kommune. Når det gjeld dei samiske deltakarane, har dei ulike språkbakgrunnar. Nokon opplyser at dei har hatt sørsamisk som morsmål heile livet, medan andre har lært seg det seinare i livet. Ein deltakar beherskar fleire samiske språk.

For å få tak i deltakarar gjorde eg eit strategisk utval. Min kontaktperson på Røros, Jenny Fjellheim, hjelpte meg med å finne fram til nokre relevante personar. Ho arbeider som fagkonsulent for sørsamisk kulturhistorie på Rørosmuseet, har fagleg bakgrunn frå arkeologi, og sit i stadnamnutvalet som skal gje råd om kva dei offisielle samiske stadnamna i kommunen bør vere. Basert på mine kriterium, foreslo ho ei rekke aktuelle samiske kandidatar, som eg så kontakta eit utval av per telefon eller Facebook. Den ikkje-samiske deltakaren kom eg i kontakt med via rettleiaren min.

Grunnen til at eg gjekk for eit strategisk utval heller enn eit representativt utval, ligg i naturen til kvalitative forskingsintervju. Innanfor rammene av ei masteroppgåve vil det ikkje vere kapasitet til å gjennomføre eit stort tal intervju. Når målet er å *forstå* heller enn å *forklare* visse tilhøve, vil nokon statistisk representativitet korkje vere oppnåeleg eller noko å trå etter. Hadde eg ønskt ei statistisk representativ framstilling, hadde ei spørjeundersøking vore meir passande, men samstundes hadde ho vore mindre eigna til å gå i djupna på innbyggjarane sine perspektiv. Små deltakargrupper vil aldri kunne gje eit representativt utval. For å bøte på dette, har eg forsøkt å velje ut deltakarar som tilhører ulike demografiske grupper, med ulikt kjønn, alder,

språkkunnskap og bustadadresse, men eg er medviten om at noka høg grad av representativitet ikkje vil vere mogleg. Det er heller ikkje eit mål å føye seg etter dette positivistiske idealet.

Dette får også følger for analysen. Da deltagargruppa mi ikkje er statistisk representativ, kan eg heller ikkje generalisere deira perspektiv til å gjelde alle dei høvesvis samiske og ikkje-samiske rørosingane. Ein har i vitskapen gått vekk ifrå det positivistiske idealet om universell kunnskap, og over til å vektlegge kontekstualisering (Kvale, 2001, s. 160-161). Altså vil eg sette intervjudataa inn i ein større samanheng. Statistisk generalisering passar best for kvantitativ forsking, medan ein i kvalitativ forsking heller baserer seg på såkalla *analytisk generalisering* (Kvale, 2001, s. 161). Under analysen kan ein trekke linjer til anna forsking eller teori, og vise at den spesifikke studien har parallellear til omstende utanfor studien, og på den måten er generaliserbar. Kvalitativ forsking *kan* altså generaliserast, og settast i samanheng med verda utanfor, men ikkje på premissa til kvantitativ forsking.

Å la kontaktpersonen min på Røros bidra med forslag til deltagarar, vil nok kunne stillast spørsmål til. Mellom anna vil utvalet kunne sjåast på som skeivt, da det naudsynlegvis vil vere avgrensa til personar som kontaktpersonen min kjenner eller veit om. Også ei slik eventuell innvending botnar i eit urealistisk nøytralitetsideal. Dessutan er eit bidrag frå ein kontaktperson med lang erfaring med og kjennskap til staden og innbyggjarane ein uvurderleg ressurs for meg. Som framand på Røros, hadde det blitt ei stor ekstraoppgåve å skaffe kjennskap til innbyggjarane og ikkje minst finne ut av kven av dei som vil fungere som gode intervju-deltakarar.

3.3.2 Gjennomføringa av intervjua

Intervjua blei gjennomførte hausten 2021 på Røros og i Trondheim. For å sørge for at deltagarane følte seg komfortable, let eg dei få velje stad, men i nokre tilfelle ønskte deltagarane at eg skulle velje. Intervjua gjekk føre seg på arbeidsplassen til éin deltagar, heime hjå ein annan deltagar, på kafé, og to intervju gjorde vi på hotellet eg heldt til. Intervjua var ein-til-ein-situasjonar og varte i gjennomsnitt éin time og ti minutt. Samtalane blei tatt opp med lydoptakar og blei deretter transkribert og anonymisert.

Intervjuguiden min var utforma som ei rekke spørsmål ordna etter tema som mellom anna språk, Røros som stad og forvaltningskommunen (sjå vedlegg 4). Dette var ikkje ei utfyllande liste, og rekkefølga blei ofte endra på undervegs i intervjuet, da deltagarane sjølv kom inn på tema som stod lengre ned på lista. I tillegg kom vi ofte inn på tema som intervjuguiden ikkje dekka.

Under intervjuet ville eg sikre at deltakarane følte seg komfortable. Derfor gjorde eg det klart for dei kva premissa for intervjeta var. Eg byrja intervjeta med å informere om deira rettar og anonymitet, og gjorde det samstundes klart at eg var opptatt av å høyre deira perspektiv, og ikkje noko anna. Eg opplevde at alle deltakarane følte seg trygge i intervjustituasjonen, men to av dei spurte enkelte gongar om dei hadde svart på «det eg var ute etter». I desse tilfella poengterte eg at eg ikkje var på leiting etter eit spesifikt svar, og at dei berre måtte svare det som fall dei inn. Dette verka til å ha ei forsikrande effekt på desse deltakarane.

Når det kjem til rolla mi som intervjuar, forsøkte eg å vise støtte for deltakarane sine perspektiv, utan å direkte ta side med meiningsane deira. Dette gjorde eg for at deltakarane ikkje skulle føle at dei møtte på motstand, og for å auke deira komfort. Eg opplevde ikkje at deltakarane heldt tilbake noko dei ville seie, korkje grunna atmosfæren under intervjuet eller posisjonen min som dobbelt utgruppemedlem.

Etter intervjeta transkriberte eg intervjudataa til normert nynorsk og brukte ein forenkla versjon av John W. Du Bois sitt transkripsjonssystem (Letnes, 2013):

x	uhøyrleg staving/ord
(ler)	latter/ lattermild tale
-	Avbrote ord/intonasjon
[ord]	overlappande tale
..	Kort pause (>0,5 sek)
...	Mellomlang pause (0,5-1 sek)
...(2,0)	Lengre pause
=	Forlenging av lyd
(nikkar)	Kommentar/kontekstinfo

Deretter koda eg dette i NVivo, som er eit godt eigna analyseverktøy for kvalitative data. Eg følgde Tjora (2021, s. 218f) sitt forslag om empirinær koding, og grupperte desse i større kodegrupper med namn etter delkapitla i analysedelen – språk, stad og makt.

3.3.3 Anonymisering

Anonymisering av intervjudata er viktig både forskingsetisk og for å auke tilliten mellom deltakar og forskar. Kjenner deltakaren seg trygg på at hen er anonym, vil dette kunne lette tilhøva for ein open og komfortabel samtale.

I arbeidet med transkriberinga og ved bruk av intervjudata i oppgåva, har anonymisering vore spesielt viktig. Sidan Røros er ein kommune med relativt få innbyggjarar, vil sjølv generelle kjenneteikn som alder og kjønn kunne verke identifiserande. For å illustrere dette, budde det i fjerde kvartal i 2020 5550 innbyggjarar i kommunen. 216 av dei var kvinner mellom 60 og 64

år, som er aldersgruppa med flest medlemmar (Statistisk sentralbyrå, 2021). Ein enda mindre del av desse kvinnene vil naturlegvis vere samiske. Legg ein dette saman med opplysninga om etnisitet, samt innhaldsmessige identifikatorar og ordledding som kjem fram i intervjuet, kan det for dei som held til i kommunen, vere enkelt å identifisere ein person som reint formelt er anonymisert. Sjølv om ein har anonymisert intervjudataa, kan derfor den *faktiske* anonymiteten i realiteten framleis vere utilstrekkeleg realisert (Eckert, 2013, s. 14).

Derfor har eg valt å ikkje skilje mellom deltakarane, men heller la dei tre fram som eit slags fleirstemt kor av stemmar. Eg vil påpeike at det framleis er fem ulike individ som har uttalt seg, og at dette grepet ikkje symboliserer at dei er samde eller at det kan setjast likskapsteikn mellom dei. Nokre av dei relevante variablane som inngår, har eg allereie nemnt lengre opp. I tillegg har eg forsøkt å styre unna hangen til å inkludere detaljar, som til dømes Eckert peiker på (2013, s. 15), og eg har fjerna nokre avslørande detaljar i transkriberinga, og heller sett inn mindre avslørande ord i klammer. Slik håpar eg på å unngå utilsikta mogleheit for identifisering av intervjudeltakarane.

Under transkriberinga har spørsmålet om dialekt nært eller normert transkribering komme opp. Normerer eg dialektord, er det ein fare for at nyansar i språket går tapt. På den andre sida kan normering også ha ein anonymiserande funksjon, og det er dette siste argumentet eg har valt å vektlegge mest.

3.3.4 NSD

Intervjua er gjennomførte i samsvar med retningslinjene til Norsk senter for forskingsdata, NSD. Dermed er det kontrollert at forskingsetiske krav til mellom anna personvern, samtykke, datalagring og anonymitet er ivaretatt. Eg søkte godkjenning frå Norsk senter for forskingsdata 16. mars 2021, og fekk det godkjent månaden etter, den 30. april.

Samtykke er ein viktig forskingsetisk praksis. Eckert (2013) poengterer at samtykkeerklæring ikkje er ei eingongshending, men ein prosess for å bygge tillit i tilhøvet til informanten:

Fundamental to ethical research is ensuring that research participants enter into the enterprise knowingly and willingly, and gaining their consent should be a process of establishing and maintaining trust. A serious difficulty arising from the elaborate consent procedures involved in institutional review is that they commonly distract the researcher from the fact that consent should not be a matter of getting a signature on paper, but the establishment of an informed working relationship (Eckert, 2013, s. 14).

At dette samtykket er *informert*, er dessutan viktig. Det er essensielt at deltakarane forstår kva det inneber å delta på intervjuet, kva eventuelle konsekvensar det kan få, slik at dei kan vurdere

deltakinga si med medvit. Derfor fekk deltarane tilsendt eit infoskriv før dei eventuelt takka ja til å bli intervjuet (sjå vedlegg 3). I infoskrivet opplyste eg om formålet med og temaet for prosjektet mitt, samt informasjon om datalagring og kontaktinformasjon for dei ansvarlege for prosjektet. I tillegg gjentok eg dette i starten av alle intervjuet, og spurte deltarane om han hadde spørsmål til dette.

3.4 Etiske omsyn ved minoritetsforsking

Det er ingen selvsagt rett for forskeren å snakke på vegne av informantene. Det er en rett jeg har tatt meg med informantenes samtykke og tillit, og denne retten gir meg makt til å definere og kategorisere menneskers erfaringer og oppfatninger. De har fortalt meg sine historier; jeg kan fortolke og presentere dem som jeg vil. Kanskje hadde denne avhandlinga vært mindre skremmende å skrive dersom det ikke hadde vært menneskers livsprosjekter som var utgangspunktet, årelange prosesser som menn og kvinner har investert tid, krefter og følelser i (Å. M. Johansen, 2009, s. 23).

Slik reflekterer Åse Mette Johansen rundt den makta ho har fått ved å skrive ei avhandling der mennesker inngår som datakjelde. Forsking er makt. Resultata av forskinga ein gjer, kan ha innverknad på verkelege folk si røynd. Derfor har ein som forskar eit ansvar. Dette gjeld i all forsking som involverer menneske og samfunn, men spesielt når ein forskar på og med utsette grupper av befolkninga. Forsking på samar gjennom historia inkluderer dessverre forteljingar om utnytting og diskriminering.

Under fornorskingstida var urfolk og minoritetar utsette for det sosialdarwinistiske forskingsparadigmet, forskinga gjekk ofte ut på å bevise at dei var lågareståande folkegrupper (Andresen mfl., 2021, s. 16-18). Både frenologi, genforskning og opning av graver er døme på dette (Bull, 2002, s. 15-16). Også i nyare forsking har samar opplevd arroganse og latterleggjering av meiningane deira (Fugelsnes, 2016). Dette forklarer den skepsisen mange urfolk generelt, og samar spesielt, har til forsking, og særleg forsking utført av ikkje-samar (Bull, 2002, s. 15). I dei seinare åra har fleire tatt til orde for at urfolk sjølv skal opptre som forskarar og ta ein meir aktiv plass som subjekt i forskinga på seg sjølv, som eit ledd i avkoloniseringa av kunnskapen om urfolk (sjå gjerne Tuhiwai Smith, 1999, s. 1-18).

Til dømes opplevde Geir Grenersen (2002) motstand frå samiske miljø under arbeidet med si doktoravhandling. Innbyggjarane hadde tidlegare erfaring med forsking som fekk uheldige konsekvensar for dei. Fleire av dei samiske innbyggjarane hadde ubehagelege opplevelingar frå denne tida (2002, s. 50). Grenersen reflekterer over at motstand mot forskinga kan vere eit uttrykk for ein kamp om definisjonar av røynda: «Det å skrive om andre mennesker [...] er å gripe inn i maktrelasjoner innebygd i alle sosiale forhold» (2002, s. 12).

Dette er eg klar over, og meiner derfor det er viktig å ta dette standpunktet på alvor. Mitt perspektiv som utgruppemedlem er ikkje identisk med samiske perspektiv. Samstundes meiner eg at eit utanfråperspektiv kan vere eit relevant bidrag i forsking på samiske språktihøve. Med mitt perspektiv kan eg oppdage andre ting enn folk med dagleg omgang med det samiske og med Røros kan. Det er ikkje slik at mitt perspektiv vil vere å sjå på som meir korrekt eller meir nøytralt enn eit inngruppeperspektiv, det er berre eit *anna* perspektiv, som kan fungere som eit supplement.

Eit konkret tiltak for å sikre dette, er å løfte fram samiske perspektiv i oppgåva mi. Dette gjer eg først og fremst ved å la samar sjølv fortelje, gjennom dei kvalitative intervjuia. Eg bruker også teori skrive av samiske teoretikarar. Ein anna refleksjon går på rolla til dei eg involverer i forskinga mi. Eg har valt å kalle dei *deltakarar*, heller enn *informantar* eller *intervjuobjekt*, fordi dette signaliserer den aktive rolla dei har som meiningskaparar i masteroppgåva mi. Deltakarane har inngått i samtalar og generert data, refleksjonar og nyttige perspektiv, som har vore essensielt for prosjektet.

Når eg arbeider med språktihøva for ei bestemt gruppe i samfunnet, er det viktig at eg er tydeleg på kva deltarane kan forvente av meg. Eckert (2013, s. 23) skriv at forventningar om at forskinga skal vere til fordel for samfunnet står sterkt, spesielt i arbeid med «oppressed communities». Det kan til dømes eksistere ei forventning til at forskaren skal bøte på den skaden som blei gjort i fornorskningstida. Eckert skriv at det er opp til forskaren å etablere ei forståing for kva deltarane kan få tilbake. Eg har ingen plan om å drive nokon form for aksjonsforsking, eg har ikkje noko mål om politisk endring, men strekker meg heller ikkje etter nokon nøytral posisjon; nøytralitet er som nemnt ei forskingsmyte.

På den andre sida har eg eit særskilt ansvar for å sørge at oppgåva mi ikkje hamnar i den andre enden, at den potensielt blir til skade for sørsamane i Røros kommune. Forskinsresultata kan som nemnt få konsekvensar for individ eller det samiske miljøet i kommunen generelt, eller vekke ubehag hos dei og reaksjonar frå utanforståande.

Del II: Analyse

Analysen er inndelt etter tre overordna kapittel, med tema språk, stad og makt. I kapittel 4 viser eg funna mine frå det lingvistiske landskapet i Røros kommune og nokre innverknadar av denne språklege fordelinga. Der kjem eg også til å sjå på faktorar som kan verke inn på den etnolingvistiske vitaliteten til sørsamisk i kommunen. I kapittel 5 ser eg nærare på korleis ein kan forstå kategorien stad. Eg skal forsøke å ramme inn forståinga av Røros med Sense of place-teori og deretter sjå det lingvistiske landskapet gjennom den historiske lupa. I kapittel 6 diskuterer eg korleis dagens språkstode i kommunen kan forståast gjennom maktdimensjonar og postkoloniale tendensar.

Frå eit sosiolingvistisk utgangspunkt er språk eit fenomen som ikkje kan undersøkast isolert. Når eg er ute etter å forstå fordelinga av språk i det lingvistiske landskapet, er det naturleg å søke forklaring i andre viktige faktorar, som i historiske tilhøve og maktfordeling. Desse, igjen, heng sjølvsagt uløyseleg saman. Altså er dei tre temaa eg har delt inn analysen i, korkje åtskilte eller uttømmande kategoriar.

4 Språk

Språket er ein av dei verkeleg store symbolmarkørane. Forutan å vere eit kommunikasjonsmiddel, peiker språk på tilhøve utfør språket sjølv. Språket kan dessutan spele ei viktig rolle som identitetsberar og for å knyte band mellom folk.

For etniske minoritetar spelar gjerne språket ei sentral rolle som etnisitetsmarkør. For samane er nok tilhøvet mellom etnisitet og språk meir komplisert. Ettersom mange har mista moglegheita til å lære samisk, er det andre dimensjonar som er viktigare i deira sjølv-identifisering. Språket er altså ikkje fullstendig definande for samisk etnisitet, men det spelar utvilsamt ei nøkkelrolle i etnisk identifisering.

4.1 Røros' lingvistiske landskap

I det kommande skal eg presentere korleis det lingvistiske landskapet på Røros og Brekken framstår. I gjennomgangen skal eg ikkje rette særleg fokus på det tekstlege innhaldet i det lingvistiske landskapet. Det vil seie at fokuset ikkje er på *kva* det står innhaldsmessig, men snarare på *kva* for språk som er representert, og kor synleg dei er. Eg skal rette blikket mot innhaldet under kapittel 5.

På Røros har eg funne førekommstar av mange språk. Språka norsk, sør-samisk, nordsamisk, lulesamisk, engelsk, tysk og kinesisk er representert i bybildet. Av desse er det ei tydeleg


overvekt av norsk, noko som var som forventa. Deretter følger engelsk. Dei resterande språka er i lita grad representert. Dette gjeld altså også sørsamisk, sjølv om Røros er ein offisielt tospråkleg kommune. Når det gjeld materialtype, har eg fotografert skriftleg innhald frå vegskilt, gateskilt, informasjonstavler, oppslagstavler, butikkfrontar, reklame, graffiti, samt anna skilting på utsida av bygg. I tillegg har eg dokumentert ei rekke ikkje-lingvistiske visuelle uttrykk. Dette er spesielt kunstuttrykk som statuar, arkitektur, kunst og anna offentleg utsmykking, samt utstillingsvindauge.

Gjennomgangen av funna er delt opp etter dei ulike språka. I det følgande presenterer eg kor og korleis dei ulike språka er representert, og samstundes skal eg trekke fram det ved funna eg finn mest interessant.

4.1.1 (Sør)samisk: marginalt representert

Eg startar med å presentere det sørsamiske innhaldet i det lingvistiske landskapet på Røros. Som medlem av forvaltningsområdet er kommunen pliktig å skilte tospråkleg. Dette gjeld all offentleg skilting, anten det er på bygningar eller vegskilt. Offentlege skriv skal også vere tilgjengelege på begge dei offisielle språka. Dette gjeld i tillegg Trøndelag fylkeskommune, som også er medlem av forvaltningsområdet. Dermed kan ein *forvente* at desse offentlege institusjonane oppfyller pliktene sine. Offentleg skilting kan vege tungt. Det sender ut eit sterkt signal om at språka dei nyttar har ein viktig posisjon i offentleg samanheng.

Utforskinga mi viser at nærværet av sørsamisk språk er marginalt. Av offentleg skilting er det berre tre stadar som har permanent skilting på både norsk og sørsamisk på bygga sine. Med permanent skilting siktar eg til profesjonelt produserte skilt som er meint å henge oppe over lengre tid. Det motsette vil vere meir kortvarige skilt, som t.d. eit kopiark, som ikkje krev økonomiske investeringar, og der utføringa vitnar om at skiltet ikkje er meint å henge der lenge.



Figur 4.1: Røros VGS

Desse tre stadane er den vidaregåande skolen, ambulansesentralen og éin av dei tre barnehagane, Ysterhagaen barnehage/Luvlege maanagierte. Desse er høvesvis fylkeskommunalt, statleg og kommunalt styrt. Desse institusjonane har rett nok ikkje konsekvent tospråkleg skilting, men eitt eller få skilt med namnet på verksemda. Røros VGS har i tillegg ei infotavle med oversikt over kor i bygget ein kan finne ulike tenester, og det er denne institusjonen som har aller mest permanent og synleg skilting. Barnehagen har forutan namnet nokre lappar med informasjon utfor inngangsdøra til den samiske avdelinga, og i tillegg andre samiske markørar, som flagg, solsymbol og reingevir, samt anna mellombels skilting synleg ved inngangspartiet. Den viktigaste informasjonen finn ein berre på norsk (sjå figur 4.2).



Figur 4.2: Ambulansesentralen på Røros

Ein kan også legge merke til at dei sørsamiske namna står nedst på skilta som her er omtalt, og ikkje øvst, slik i alle fall vegskilt skal gjere i eit forvaltningsområde. Dette kan sjølvsagt henge saman med at skilta blei hengt opp før innlemminga i 2018 (Røros kommune, 2016, s. 17).



Figur 4.3: Luvlege maanagjerte/ Ysterhagaen barnehage

Effekten som det synlege nærværet av sørsamisk desse tre verksemndene bidrar med, kan diskuterast. For det første er institusjonane retta mot visse segment av folkesetnaden i kommunen, nemleg barn i barnehagealder og elevar i den vidaregåande skolen. Ambulanstenesta er folk flest sjeldan i kontakt med. For det andre er alle verksemndene plassert utfor bykjernen, så det er mindre sannsynleg at folk passerer dei. (sjå kart i vedlegg 1).

I tillegg til barnehagen er det også ein annan kommunal aktør som utmerkar seg i bruk av samisk. Biblioteket har nemleg informasjon om sine opningstider på sørsamisk. Opningstidene er skrivne ut på eit kopiark og heng i inngangspartiet til biblioteket, sjå figur 4.4. Sjølve namnet på bygget er skilta permanent berre på norsk, men står også på samisk på nemnde papirark. Innandørs finst også samisk merking på bibliotekshyllene, og dessutan finst det ei eiga samisk avdeling med samiskspråklege bøker. Fleire plassar inne i biblioteket finst det også fleire lappar med glosar på nord-, lule- og sørsamisk. Slike mellombelse lågkostnadstiltak vitnar om at den sørsamiske skiltinga ikkje naudsynlegvis er offisielt prioritert frå kommunen, men meir sannsynleg eit initiativ frå dei tilsette på biblioteket.



Figur 4.4: Sør Samisk på Røros folkebibliotek

Til slutt er det nokre små spor av sør Samisk i bybildet elles som er verde å nemne. Kommunens slagord finst på både norsk og sør Samisk: «Pulsen i fjellet» og «Vaerien vuelie». Dette slagordet står nedst i fleire kommunale skriv. Sjølve informasjonen i desse skriva er berre på norsk, og nokre stadar også engelsk, men altså ikkje på samisk. Dette må nok handle om at det finst ein mal der begge slagorda er med, men at kommunen truleg ikkje har vane for/ressursar til å utforme tospråkleg innhald elles. Slagordet er også inngravert på dei mange kommunale handsprithaldarane⁷ som er utplassert fleire stadar, mellom anna ved inngangspartia til barnehagane, skolane, ungdomshuset og rådhuset. I tillegg finst glosor med dei tre offisielle samiske språka i Noreg, slik som på biblioteket. Dette er lappar med enkeltord som er klistera på dei gjenstandane dei står for, til dømes ordet for «inngang» eller «vognskjul», sjå figur 4.2 og 4.6. Glosene er materiale produsert i samband med samisk språkveke. Desse glosene finst fleire stadar, m.a. på rådhuset, på biblioteket, ved barneskolen og ved Ysterhagaen barnehage.

⁷ Under koronapandemien har det vore utplassert handsprit ved inngangspartia til dei fleste offentlege bygg.



Figur 4.5 Tospråklege kommuneslagord

Under mine undersøkingar fann eg ingen vegskilt på sørsamisk. Grunna politiske prosessar og prioriteringar (sjå kapittel 2.4.1) var som nemnt ikkje dei samiske stadnamna godkjent for bruk på det tidspunktet eg gjorde mine undersøkingar i kommunen. Dermed var heller ikkje skilta produserte enno. I slutten av mai 2022 er skiltinga framleis ikkje komme på plass.

I kontrast til desse aktørane som er pliktige til å formidle innhald på begge dei offisielle språka i kommunen, står dei private aktørane. Desse er ikkje underlagt nokre lovar, og står fritt til å velje kva språk dei ønsker å kommunisere på. Dette kan vere kommersielle verksemder, organisasjonar og privatpersonar. Slik sett hadde det vore av enno større tyding om ein privat aktør hadde valt å nytte sørsamisk. Eg finn ikkje noko samiskspråkleg innhald frå desse aktørane. Rett nok har eg funne enkelte element frå samisk kultur. Desse vil eg handsame i neste kapittel.

Det er nærliggande å knytte dette fråværet av sørsamisk til den såkalla lingvistiske marknadsverdien til språket i språksamfunnet. Sosiologen Pierre Bourdieu introduserte konseptet om eit *lingvistisk marknad*, der den symbolske marknadsverdien eit språk har, heng saman med prestisjen det er assosiert med (Bourdieu, 1991, s. 37ff; Hårstad mfl., 2021, s. 54-55). Språk med høg lingvistisk kapital kan språkbrukarane nytte til sin fordel i sosiale situasjonar, som i den språklege utforminga av skilt og reklame. Med dette *in mente* må sørsamisk seiast å ha ein relativt låg marknadsverdi, noko som til dømes blir understreka av at ikkje ein gang den sørsamiske kjøtprodusenten Rørosrein har materiale på sørsamisk utfør utsalsstaden sin. Dette kunne ha auka autentisitetspreget deira. Trass i at sørsamisk no er eit

offisielt språk på Røros, og at det finst ein viss samisk folkesetnad på staden, er altså ikkje språket representert i den kommersielle delen av bybildet.



Figur 4.6: Inngangspartiet til rådhuset

Det som er tydeleg ved bruken av samisk i LL på Røros er den klare symboleffekten det er meint å ha. Der sørsamisk språk er representert, er som regel ikkje den viktige informasjonen formidla på samisk. Til dømes finst det utfør rådhuset fleire samiskspråklege element, som ordet for «inngang» på tre samiske språk og det allereie nemnde slagordet i norsk og sørsamisk språkdrakt. Som kontrast til dette kan ein sjå at viktig informasjon om opnings-tider her berre er gitt på norsk.

Dette vitnar om at kommunen ikkje først og fremst bruker sørsamisk som eit viktig kommunikasjonsmiddel, men heller som symbolmarkør for nærværet av sørssamar.

Ein noko liknande (men rett nok meir konsekvent og gjennomgripande) bruk av samisk kan ein sjå eit døme på ved Universitetet i Tromsø, der skiltinga på universitetsområdet har vore trespråkleg norsk, nordsamisk og engelsk sidan nittitalet. Å. M. Johansen og Bull (2012) framhevar at nordsamisk er brukt ikkje berre med eit informasjonsføremål, men også med ønske om «å synleggjere seg, ikkje berre som ein institusjon som er *lokalisert* til Sápmi, men som ein institusjon som er *ein del av Sápmi*» (2012, s. 25). Bull og Johansen trekker fram kontrasten mellom universitetsområdet og universitetssjukehuset, der den samisk-norske skiltinga er meir systematisk gjennomført sistnemnde stad. Dette tolkar dei «som eit uttrykk for at den tospråklege skiltinga på sjukehuset har eit meir genuint informativt føremål enn på resten av universitetet, der samisk som eit synleg språk kanskje speler ei meir symbolsk rolle» (2012, s. 29).

Symboleffekten til stadnamnskilt går også att som grunngjeving hjå mange offentlege aktørar nasjonalt. Da Regjeringa i 2020 la fram forslag om å fastsette offisielle namn på Noreg på

samiske språk og på kvensk, var grunngjevinga at: «En innføring av offisielle samiske navn og offisielt kvensk navn på Kongeriket Norge vil bekrefte og synliggjøre Norge som en mangfoldig, flerspråklig stat [...] Overordnet vil det være en bekreftelse på statens anerkjennelse av både samenes og kvenenes lange tilhørighet til landet» (Regjeringen, 2020a). Noko liknande kom også fra Bodø bystyre, da dei i 2011 hengde opp tospråklege skilt ved innfartsåra til byen. Daverande ordførar Odd-Tore Fygle sa at den lulesamiske skiltinga var tenkt som eit grep for å tydelegare «[...] markere den samiske historien, og samenes tilhørighet til byen» (Pettersen, 2011). Begge desse fråsegna hintar til signalat det sender ut at fleire språk er representert offentleg.

Også i forskingslitteraturen går fokuset på den symbolske tydinga av språkleg nærvære att. Som nemnt i kapittel 2.5 er ein sentral tanke i LL-litteraturen at nærværet av ulike språk har ein funksjon utover det å formidle innhaldet i skiltinga. Eg skal komme nærmare inn på kva ulike symboleffektar språkleg nærvære kan ha seinare i dette kapittelet.

4.1.2 Norsk: hegemonisk posisjon og sterkt dialektpreg

Heilt tydeleg er det at det norske språket har ein sjølvsagt og hegemonisk posisjon i det lingvistiske landskapet på Røros. Det er til stades frå alle aktørar, både dei offentlege, kommersielle og frå privatpersonar.

Når det gjeld bruken av norsk, er det spesielt eitt fenomen eg vil rette merksemd mot, og det er den utstreckte bruken av Røros-dialekt framfor normerte målformer. Frå ulike type aktørar kan ein observere skriftleg innhald på Røros-dialekt. Spesielt interessant er det at mange av dei offisielle gatenamna er dialektale, da desse har høg grad av permanens. Til dømes heiter to av sentrumsgatene Kjerksgata og Kølkjørarveien, og fleire av veitene har den dialektale forma -veta, heller enn -veita. Da ein stor del av bygga i Røros sentrum er verna, kan gatestrukturen, og dermed også gatenamna, seiast å vere spesielt permanente, samanlikna med andre gatenett, som gjerne er meir utsette for endring via ombygging. Dialektbruk i stadnamn og gatenamn er i tråd med forskrift om stadnamn, der det heiter at: «Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar taler for det» (Forskrift om stadnamn, 2017). Det blir vektlagt at tradisjonelle former som framleis er i bruk, kan veljast (Språkrådet, 2021).

Men også fleire verksemder har valt seg dialektale namn, sjå figur 4.7. Av desse kan den populære kaféen Kaffestuggu, frisøren Frisørstuggu og klesbutikken Rørosrypan nemnast som

døme. Men også andre, mindre permanente dialektinnslag er å finne. Til dømes har ein lokal keramikkprodusent opningstidene sine skrive på dialet og det er reklame for ei kunstutstilling med det dialektale namnet «Vaskarryss og bersa»⁸. I tillegg har kulturhuset Storstuggu – som jo også er eit dialektalt namn – fleire møterom med dialektale namn og Rørosmuseet har mykje tekst innandørs skrive på dialet.



Figur 4.7: Spor av Røros-dialekt i sentrum

Dette dialektale preget er sterkest i dei sentrale sentrumsgatene, ikkje like mykje elles. Det er gjerne i samband med lokale verksemder at dette fenomenet finst, slik både keramikkprodusenten og kaféen er døme på. Samanliknar ein dette med ikkje-lokale bedrifter (desse ligg i hovudsak på andre sida av togskinnene), ser ein motsett trend. Desse skilta finst berre på bokmål. Butikkjedene Fagmøbler, Europris og Rema 1000 er døme på dette. Årsaka til dette er nok at materialet deira er utforma uniformt for heile landet frå sentralt hald.

Konsentrasjonen av lokale verksemder i dei gamle bygårdane i sentrum, og kjedebutikkar utforsysenteret, gjer at kjensla av lokalt sær preg forsterkast i sentrum. Denne oppdelinga er truleg grunna kvadratmeterkrava til dei større verksemdene, samt bygningsvernlovene til bygårdane, at dei ikkje er plasserte der, men heller i nyare lokale utfors bykjernen. Slik blir den lokale identiteten forsterka i bykjernen, medan verksemdene med (inter)nasjonal tilknyting blir halde utfors og ikkje grip inn i denne lokale identiteten like sterkt.

⁸ Tyder «Vaskargutar og berggesellar», og er to stillingstitlar som var knytte til gruvedrifta.

Spørsmålet som melder seg, er kva årsaker som kan vere grunn for denne utstrekte dialektbruken i Røros sentrum. Eg meiner dialektbruken heng saman med ønsket om ei sterk lokal forankring. Som eg skal utdjupe i kapittel 5, er det lokale særpreget til Røros tydeleg formidla når ein går gjennom sentrum, både i arkitektur, lingvistisk landskap og anna. I dømet med keramikkprodusenten og klesbutikken ovanfor, vil dialektbruken styrke tyngda deira som lokale aktørar, og dermed skape eit sterkare uttrykk for autentisitet. Dette vil vere positivt i møte med turistar og som sagt for kjensla av tilhørsel for innbyggjarane. Det har vore peikt på at «de norske dialektene henter sin status fra en kopling til nettopp det autentiske» (Hårstad mfl., 2021, s. 191). Slik sett kan dei dialektale gatenamna og dei verna bygatene gjensidig forsterke kvarandre sin autentisitet.

Denne rolla som autentisetsmarkør kan vidare nyttast for økonomisk vinning, ved at Røros-dialekten blir ein handelsvare i ein kommodifiseringsprosess (Hårstad mfl., 2021, s. 191), altså at dialekten ganske konkret kan nyttast for å selje produkt og tenester. Eit døme er Rørosmeieriet, som nyttar bokmål på emballasjen sin, men har halde på dialektforma «mjølk». På nettstaden sin trekker dei fram identitetsaspekt ved ordbruken: «det betyr mye for oss som jobber her at vi har mjølk og ikke melk fra meieriet vårt» (Rørosmeieriet, u.å.), men det er ikkje til å stikke under ein stol at ordbruken også er eit grep for å signalisere autentisiteten som ein salsvare. Slik nyttar også keramikkprodusenten dialekten sine autentisetskonnotasjonar som grep for å tiltrekke seg kundar som vil investere i stadens særmerktheit.

Eit anna aspekt som er utslagsgjenvende for val av språk, er kva målgruppe avsendar har. Vender avsendar seg til lokalmiljøet, er dialekt eit gunstig felles referansepunkt, men om ein siktar på ei nasjonal eller internasjonal målgruppe, kan normert norsk eller engelsk vere meir formålstenlege språk å bruke. I ein rapport for Språkrådet undersøker Karine Stjernholm mellom anna LL på Voss. Her påpeiker ho samanhengen mellom geografisk nedslagsfelt og språkval. Ho skriv at dersom ein siktar mot ein internasjonal marknad, er engelsk eit rasjonelt val, medan dialekt finst i andre enda av skalaen, altså der ein siktar på lokalmiljøet (Stjernholm, 2014, s. 21f). Dette kan overførast til tilhøva på Røros. Til dømes har dei enkeltståande verksemdene Kaffestuggu og Rørosrypan eit lokalt nedslagsfelt, medan kjedene Skeidar og Europris har butikkar over heile landet.

Altså står den lokale rettinga mot autentisitet og lokalt særpreg tydeleg fram på Røros. Eit spørsmål som da melder seg, er korfor det lingvistiske landskapet ikkje har sterkare sør-samisk nærvære. Røros er den einaste språkforvaltningskommunen i området, og skil seg dermed med sitt samiske preg frå dei tilgrensande kommunane, som rett nok også har sør-samiske

innbyggjarar og aktive reindriftsmiljø, men som likevel ikkje er offisielt sør-samiske. Ein stad der minoritetsspråk er brukt som ein turistattraksjon er den tornedalsfinske tettstaden Pajala, som har store innslag av meänkieli i sitt LL. Pietikäinen mfl. (2011) skriv at denne bruken heng saman med populariteten til boka *Populærmusikk fra Vittula* av Mikael Niemi, som nettopp handlar om denne språklege minoriteten, og der fleire stadnamn er sentrale i boka. Nokon stor roman med sør-samisk tematikk er ikkje lagt til Røros, men ein liknande effekt *kunne* ha vore mogleg.

Røros: by eller bygd?

For å forklare dialektbruken kan eit nyttig omgrepspark vere skiljet mellom ruralt og urbant. Medan dialekt gjerne assosierast med noko stadspesifikt og ruralt, er standardmål noko som tilhøyrer det urbane. Omgrepsparket gjev altså to knaggar å henge Røros-dialekt og bokmål på. Skiljet mellom ruralt og urbant er ein skala heller enn to eksklusive kategoriar. Røros kan ikkje seiast å vere eintydig ruralt, men slett ikkje eintydig urbant heller. Dette blir tydeleg mellom anna gjennom at dei føretrekker merkelappen *bergstad*, sjølv om staden oppfyller dei gamle kriteria for offisiell bystatus. Dette grunngjev kommunen med forankring til stadens historie (Røyneland, 2005, s. 16).

Dei fleste deltakarane mine trekker også fram denne mellomposisjonen mellom by og bygd som noko som særmerker Røros. Fleire trekker fram naturen og friluftslivet på staden som særleg ruralt, og på den andre sida er den høge kulturelle aktiviteten og butikkane eit urbant merke. Éin deltarar meiner derimot at Røros er heilt klart urban, og grunngjev det mellom anna med at:

Heile den der åsen er fylt av hytter. Det er mykje Trondheims-folk som har Røros som fritidsområde. Dei handlar kolossalt! Damene der, dei går i butikkane når dei er på Røros. Så vi har veldig mange klesbutikkar (ler).

Sitatet belyser tvitydigheita ved urbaniteten til Røros. På den eine sida representerer byfolk som handlar i butikkar noko urbant, men samstundes er det store hytteområdet eit klart ruralt kjennemerke.

Gjennom LL på Røros blir det rurale understreka gjennom den utstrekte bruken av dialekt. Dialekt indeksar noko stadspesifikt og det er kanskje dette lokale særpreget ein har ønskt å framheve gjennom bruk av dialekt. Dialekt konnoterer også til tradisjon og historie, noko som elles er uttrykt sterkt i LL, som eg kjem nærrare inn på i kapittel 5.

Omgrepsparet kan vidare også nyttast i samband med samiske språk. Samisk språk og kultur blir ofte kategorisert som eit ruralt fenomen, noko som mellom anna botnar i at reindrifta er lagt til rurale område og at forvaltningsområdet for samisk språk hovudsakeleg består av rurale kommunar. Skiljet mellom ruralt og urbant blei som nemnt viktig i Tromsø-saka (sjå kap. 2.4.2), der det rurale stempelet til det samiske var som å overskride ei grense. I byar som Tromsø kan altså fråværet av samisk i LL delvis forklarast av kontrasten mellom urbaniteten og den «rurale» kategorien samisk. Til skilnad frå Tromsø er ikkje eit bygdestempel noko som naudsynlegvis er negativt for Røros. Tvert imot er det lokale særpreget noko kommersielle og offentlege aktørar på staden trekker fram som ein salsvare og eit autentisitetsmerke. Dermed ligg forholda til rette for auka bruk av sørsamisk, og større sørsamisk nærvære kan attpåtil medverke til å styrke særmerktheita til bergstaden gjennom sin posisjon som ruralt språk.

Det ikkje-urbane og tradisjonelle uttrykket som særpregar Røros legg med andre ord til rette for eit større sørsamisk nærvære i LL. I ein slik prosess kan dialektbruken spele ei tvitydig rolle. På den eine sida kan nærværet av dialekt aksentuere dei rurale og tradisjonelle kvalitetane ved staden, noko som fasiliterer auka bruk av sørsamisk, sidan sørsamisk også indekserer noko ruralt. Motsett kan dialektbruken tvert imot fungere som ein konkurrent mot samiskspråkleg nærvære, ved at Røros-dialekten *fyller* rolla som ruralt språk. I eit slikt scenario blir det ikkje «behov» for enda eit språk som signaliserer noko ruralt. Slik LL er no, kan det sjå ut som det er denne siste situasjonen som har gjort seg gjeldande på Røros. Men det er altså ikkje umogleg å sjå for seg ein situasjon der sørsamisk nærvære kan tilføre ein ekstra nyanse til Røros' rurale sær preg gjennom LL. Dette treng ikkje å vere i form av ein konkurranse – sørsamisk og Røros-dialekt kan like gjerne sameksistere i ei form for rural symbiose.

4.1.3 Engelsk og andre språk: For turistane

Engelsk, tysk, og ved eitt tilfelle kinesisk, er spesielt brukt ved opplysning mynta på reisande og ved turistattraksjonar. Der desse språka er brukt, er det som regel som tillegg til norsk. Dei ikkje-norske delane er ofte mindre utfyllande enn den norske versjonen. Døme på dette er reiseinformasjon, informasjonstavler om turistattraksjonar, busstabellar og parkeringsinformasjon. I desse tilfella er engelsk hovudsakeleg nytta som eit *lingua franca*, eit felles språk for å kommunisere med dei som ikkje kan norsk. Denne bruken av engelsk «[...] can be seen as traces of global flows in the villages, mainly the tourists visiting the places» (Pietikäinen, 2016, s. 296).



Figur 4.8: Turistinformasjon på engelsk.

Engelsk har eg også funne i skilting som *ikkje* er retta berre mot tilreisande, som til dømes i eit oppslag om private undervisningstimar i popmusikk, menyen til *Freddy's diner* (legg merke til den engelske skrivemåten) og ein reklame for eit hårprodukt, sjå figur 4.9.

Desse aktørane kan ha ulike motivasjonar for å ta i bruk engelsk. Engelsk språk kan indeksere ulike gunstige assosiasjonar og fungere som eit kommodifiseringsgrep på fleire måtar. Det er ofte internasjonale kjeder som nyttar engelsk, og dette språket kan forbindast med noko kommersielt vellykka. Bruk av engelsk kan også vitne om at ein tar ei rolle som deltakar i eit globalt samfunn (Stjernholm, 2013, s. 88), noko som kan vere ein positiv assosiasjon. Dette gjeld reklamen for hårproduktet. I tillegg kan engelsk vere «[...] et autentisk uttrykk for steder og kulturer som mange i Norge identifiserer seg med» (Hårstad mfl., 2021, s. 191). Dette er relevant i tilfellet med musikkundervisninga og dineren. Reklamen for undervisningstimane knyter seg opp mot ein internasjonal musikktradisjon, og signaliserer noko hipt og moderne. For dineren, som jo er eit amerikansk konsept, vil engelsk kunne forsterke kjensla av autentisitet. Det kan også vere meir praktiske kommunikative årsaker her, da dineren ligg plassert i ei populær turistgate, og potensielle besøkande gjerne kjem frå utlandet. Interessant å merke seg, er at beskrivinga av matrettane står på norsk, så dineren forpliktar seg ikkje fullstendig til ei internasjonal identitet eller målgruppe.



Figur 4.9: Engelsk som autentisitetsmarkør og salstaktikk

Urbane stadar har gjerne mykje høgare grad av engelsk i LL, sjå t.d. Karine Stjernholms undersøking av to populære handlegate i Oslo (2013). Funna hennar viser at det er særleg dei internasjonale kjedene som nyttar engelsk, medan dei lokalt forankra forretningane i større grad lener seg på lokalt sær preg og geografisk forankring. Dette eksemplifiserer den nemnde dialektbruken i butikknamn som Kaffestuggu og Rørosrypan som var diskutert i kap. 4.1.2. Eit anna døme er butikken til Hartzgården Sølvsmie, som har lokale i nettopp bygarden ved same namn i Kjerksgata. Namnet forankrar sølvsmia til Røros sentrum, og gjev preg av autentisitet. Altså kan den låge grada av engelsk også forklaast med skalaen mellom urbant og ruralt, og mellom internasjonal og lokal målgruppe. I ein meir urban kontekst kan engelsk språk gje meir positive assosiasjonar, medan det på ein rural stad kan følast malplassert, og dermed slå negativt ut. LL på Røros vender seg meir mot det rurale, og dermed dialektnære, enn det stadlause og globale, engelske alternativet.

4.1.4 Det lingvistiske landskapet i Brekken

Som nemnt i kapittel 3.2. har eg gjort ei mindre undersøking av Brekken, fordi det tradisjonelt har vore ein plass samar har busett seg, og fordi det blir oppfatta som ein spesielt samisk plass av deltakarane mine. Ein deltakar meiner attpåtil å ha sett samiske skilt der, og påstår uoppfordra at «[Samisk] står på innfartsskilt. Til Brekken i alle fall». Da sørsamisk språk viser seg å vere marginalt representert i LL i Røros sentrum, er det interessant å sjå om Brekken står i kontrast til dette. Undersøkinga av Brekken er å sjå på som ein stikkprøve, og vil ikkje få noka sentral rolle i resten av oppgåva, men er inkludert for å sjå ein eventuell kontrast til Røros bergstad.

Brekken er tydeleg mindre enn kommunesenteret (sjå vedlegg 2). Dermed finst ikkje det same tilbodet kva gjeld offentlege og private føretak, og både mengda og konsentrasjonen av skilting er tydeleg lågare enn i sjølve bergstaden. Av offentlege funksjonar kan nemnast oppvekstsenter, kyrkje, matbutikk med bensinpumper, ungdomshus, pensjonisthus og ein idrettsbane. Språka eg finn representert i Brekken er norsk, engelsk, tysk og sørsamisk. Når det kjem til språkleg fordeling, må LL i Brekken kunne seiast å samsvare med tilhøva i kommunesenteret.

Det einaste funnet av sørsamisk språk finn eg ved ein av inngangane til oppvekstsenteret som eit «Buerie båeteme» («Velkommen») på eit papirark og eit par handsprithaldarar med det tospråklege kommuneslagordet på same stad (figur 4.10). Elles er samisk representert visuelt i barnehageområdet med ein gamme og nokre reingevir som dekorasjon. På ei infotavle for turistar er den samiske busetnaden nemnt i eitt avsnitt, sjå figur 4.10. Dette avsnittet fokuserer på det historiske nærværet av sørssamar i regionen, og kan gje inntrykk av at reindrifta i området ikkje lenger eksisterer. Elles er det ikkje noko synleg nærvære av sørssamisk i Brekken på undersøkingstidspunktet.



Figur 4.10: Samiske spor i Praahka/Brekken

Engelsk og tysk er berre brukt i samband med turisme, dvs. på infotavlene og busstabellane. Desse språka er altså brukt med eit kommunikativt formål, ikkje som kommodifiseringsgrep eller med ønske om å indeksere globale koplingar.

Ein annan stor skilnad er at Brekken ikkje har hatt noka rolle som gruvedriftsstad eller verdsarvstad, og dette visast heller ikkje i LL. Skilnaden i lokalt sær preg er rett nok stor. Medan

Røros speler på gruvedriftshistoria, er det først og fremst friluftsliv og gardsliv som pregar Brekken. Dette er t.d. synleg via to infoskilt som framstiller Brekken som «fjellbygda i Røros kommune» og fokuserer på landskapsvernområdet i traktene, samt ved ein utstilt, utstoppa bjørn, og i ein statue av ein fôrbonde⁹, sjå figur 4.11.



Figur 4.11: Lokalt sær preg i Praahka/Brekken

Når det gjeld påstanden til den eine deltakaren om innfartsskilta til Brekken, er dette feil. Det er slett ikkje samiske innfartsskilt til Brekken, slik hen påstod, desse er einspråkleg norske. Eit spørsmål som melder seg da, er korfor vedkommande meiner å ha sett eit samisk innfartsskilt til Brekken. Det kunne til dømes ha vore slik at deltakaren faktisk har sett eit sørsamisk skilt tidlegare, men dette er heller usannsynleg, da det sørsamiske namnet på Brekken ikkje blei godkjent før etter eg gjennomførte intervjuet, samt at slike skilt tenderer mot å bli hengande permanent når dei først er på plass. Heller kan forklaringa delvis finnast i det tidlegare diskuterte skiljet mellom det urbane og det rurale. Samiske språk har som nemnt ein rural konnotasjon ved seg. Medan Røros finn seg i ein slags mellomposisjon mellom by og bygd, er Brekken definitivt ein rural stad. Slik representerer Brekken ein kontrast til det relativt sett urbane kommunesenteret Røros. Eit sørsamisk skilt ville slikt sett fint skrive seg inn i ein rural samanheng. Dessutan er Brekken oppfatta som ein samisk stad av innbyggjarane i kommunen, noko som kan gjere dei spesielt årvakne mot samisk innhald der enn elles. Til dømes hadde den same deltakaren som meinte å ha sett samisk på Brekken, ikkje lagt merke til noko samisk i det lingvistiske landskapet på Røros, sjølv om det er meir til stades der samla sett enn i Brekken.

⁹ Fôrbøndene var (hovudsakeleg) svenske lasskøyrarar som under gruvedriftstida dreiv handel på Røros (Rørosmartnan, u.å.).

Ei anna mogleg forklaring er at LL berre er ein del av språkrøynda til individua i Røros kommune. Andre komponentar er mellom anna meir flyktig språkleg nærvære som munnleg kommunikasjon, kjennskapen til den samiske busetnaden på staden og innandørs LL. Dette inngår som ein sjølvsagt del av inntrykket folk har om den sørsamiske språkstoda i Brekken. Sørsamisk språk speler sannsynlegvis ei viktigare rolle på arenaar som eg ikkje undersøker i masteroppgåva mi.

4.1.5 Ei kortare undersøking av det digitale lingvistiske landskapet

Eg har også gjort ei mindre undersøking av det digitale lingvistiske landskapet. Nettstadene eg har vitja, tilhører kommunen, Røros VGS, turistinformasjonen Destinasjon Røros, og dei tre lokalavisene Arbeidets Rett, Rørosnytt og Fjell-Ljom.

Også her har Røros kommune berre det tospråklege kommuneslagordet nedst i hjørnet på forsida. Elles er samisk språk og kultur ikkje synleg på forsida til kommunen. Det er mykje innhald på desse nettsidene, så eg har undersøkt eit utval av dei tilgjengelege kategoriane. Ein stikkprøve viser at det meste innhaldet berre er tilgjengeleg på norsk. Den einaste sida eg har funne som er fullstendig tospråkleg, var ei side om Samisk Helseteam. Der er det ein eigen knapp som leier deg til den sørsamiske versjonen av sida. Elles er det fleire sider med samiske tema der dei innleiande setningane er omsett til samisk, men altså ikkje heile sida. Det er ikkje lett å finne fram til tema som spesielt gjeld det samiske, da det ikkje finst ein eigen fane for dette, dette må ein søke seg fram til i den interne søkemotoren. Under fanen *Om kommunen* finst det tre overskrifter: Geografi, historie og samisk. På denne sida er det samiske nærværet synleg, men altså lite elles.

Ein tendens som går att frå det fysiske LL, er at sørsamisk nærvære har ei hovudsakeleg symbolsk rolle. Dette vitnar den nemnde ufullstendige omsettinga av visse sider om, men også informasjonssidene om koronapandemien er eit godt døme. Desse sidene inneholder vital informasjon som alle innbyggjarane treng å vere medvitne om, men også på dette temaet finn eg berre éi side der nokre få setningar er omsett til sørsamisk.

Røros VGS har, som på sjølve bygninga, synleg tospråkleg namn øvst på forsida til nettstaden sin. Elles er det inkje samiskspråkleg innhald, men forsida har ein liten inforubrikk om samisk helseteam (på norsk).

Destinasjon Røros inneholder turistinformasjon for kommunane Alvdal, Tynset, Os og Tolga i tillegg til Røros kommune. Ved mine undersøkingar har eg avgrensa treffa mine til å gjelde berre Røros kommune. Språka som er tilgjengelege på menyen på nettstaden er norsk, engelsk

og tysk. På forsida er det fokus på hovudsakeleg friluftsopplevelingar, men i stor grad også kulturopplevelingar knytte til gruvedriftshistoria. Eitt samisk element kjem fram på forsida, eit bilde av ei kvinne i gapta (kufte) med ein rein. Dette er i samband med matopplevelingar. På forsida ligg det fire reklamefilmar der ei blanding av samisk kultur, naturopplevelingar og gruvedrift er sentrale. Elles er det under dei ulike temasidene fleire samiskkulturelle saker ein kan oppleve. Mellom anna finst det sledeturar med rein, og ein kan handle mat frå tilbydarane Rørosrein og Stensaas Reinslakteri. Med andre ord er den sør-samiske kulturen godt representert på turistinformasjonen sine nettstadar.

Ingen av dei tre avisene, Rørosnytt, Arbeidets Rett og Fjell-Ljom, har noko samiskspråkleg innhald på sine sider. Av saker som omhandlar samiske tema, finn eg berre to saker totalt på forsidene, éi sak hjå Rørosnytt og éi hjå Arbeidets Rett. Når eg søker på «samisk», er det rett nok mange saker som dukkar opp.

Dersom ein tenker på kostnadene ved å endre utsjånaden til ein nettstad, vil den vere betydeleg lågare enn ved produksjon av offentlege skilt. Slik sett er det noko overraskande at ikkje kommunen har gjort tiltak for å vise fram tospråklegheita tydelegare. Å omsette nettsider eller nyheter til sør-samisk, derimot, vil vere eit tiltak av eit anna kaliber.

4.2 Moglege verknadar av samiskspråkleg nærvære

Så kva kan det ha å seie at ein ser språket sitt synleg i bybildet? Kva seier det om avsendar, og i meir generell forstand storsamfunnet, sitt tilhøve til sør-samisk språk? Fordi sør-samane grunna fornorskinga er kyndige i norsk, og ikkje er avhengige av sør-samisk språk for å orientere seg i ein by og lese informasjon, fell det reint praktiske naudsynet og funksjonen bort. Derfor vil eg heller fokusere på andre, symbolske effektar i denne delen. Nedanfor listar eg opp nokre sentrale innverknadar som synleg sør-samisk språk kan ha.

4.2.1 Opplysningsfunksjon og haldningsendring

Den mest grunnleggande funksjonen til skiltinga i eit område, er å fungere som ein tydeleg markør for det geografiske området som tilhøyrer eit visst språksamfunn, skriv Landry og Bourhis (1997, s. 25). Bruk av eit språk skisserer opp grensene for eit språkleg territorium. Altså er ein viktig funksjon å vise fram kva for språkgruppe(r) eit område tilhøyrer. Bruk av sør-samisk i Røros kommune vil tydeleggjere at dette også er eit samisk område, både for inn- og utgruppemedlemmar.

Det lingvistiske landskapet er nemleg ein tydeleg del av det som utgjer eit menneske sitt inntrykk av ein stad. Som LL-forskaren Ben-Rafael peiker på, er det lingvistiske landskapet:

«Together with the architecture and the flows of passers-by, [...] a major ingredient of the picture perceived by both residents and visitors of a given locality describing its ‘personality’ and distinguishing it from other places» (Ben-Rafael, 2009, s. 42). Språkbruken på ein stad er altså med på utforminga av ein stad, eller i alle fall kva folk ser på som særtrekka til staden. Inkludering av meir sørsamisk språk på Røros og i Røros kommune kan vere med å omforme det Ben-Rafael kallar personlegdommen til staden. Meir sørsamisk kan med andre ord *skape* Røros som ein sørsamisk stad.

Ei fråsegn frå den ikkje-samiske deltakaren i undersøkinga mi vitnar om at det kanskje ikkje er så sterkt medvit om den sørsamiske tilhøyselen blant den ikkje-samiske delen av befolkninga:

I: Men korfor trur du at det kan ha noko å seie, da? At det samiske språket blir synleg?
D: Ja, det trur eg at har mykje å bety. At du ser at eigentleg så er dette ein tospråkleg kommune. Det er berre det at vi som innbyggjarar ikkje er klare over det. Så eg trur at det er ein måte å synleggjere det samiske språket på, ja, for rørosingar og nordmenn flest.

Medvitsgjering har også vore motivasjon andre stadar der det har blitt bestemt å løfte fram samisk. Både Tråante/Trondheim og Stientje/Steinkjer avgjorde nyleg å skilte på sørsamisk, og Trondheim kommune uttaler at «Det er veldig mange som ikke vet det samiske navnet eller at det er et samisk området. Dette kommer til å gjøre veldig mange bevisste» (Ravdna Eira, 2021) Denne opplysingseffekten er det fleire av deltakarane mine som kjem inn på spørsmål om korfor dei synest at det er viktig at samisk språk er synleg i kommunen:

Eg trur òg at det har mykje å seie for tilreisande, at dei òg ser at det er ein samisk kommune. Det er mange som ikkje veit kva samar er, dei som kjem utanfrå, utlendingar og sånn. Dei kan bli litt nysgjerrig på det, og det kan vere bra.

Ein annan deltakar seier noko i liknande banar:

Ja, eg synest det. For det at alle skal kunne sjå det eller lese det. I alle fall reflektere over at det er meir enn eitt språk her på Røros. Om ein ikkje skjønner at det er sørsamisk, om ein kjem frå Tyskland som turist og ser på kartet også står det *Plaassja*. Da skjønner dei kanskje at «ok, eg veit ikkje heilt kva det er, men det er noko meir». Det trur eg er veldig viktig at folk reflekterer over. Stadnamn er jo ein veldig fin plass å starte på, tenker eg.

Begge to rettar fokuset mot tydinga dette språklege nærværet kan ha for utgruppemedlemmar. Å markere Røros som sørsamisk område kan bidra til å vise tilreisande at no er dei på samisk jord. Dei to siste sitata peiker også på at nærvære av eit språk kan sette i gang refleksjonsprosessar som kan føre til auka medvit om den sørsamiske språkgruppa sin tilhøysel til staden. Som tilreisande vil stadnamnskilta kunne fungere som eit førsteinntrykk i møte med ein ny stad.

Enda eit poeng eg vil trekke ut av det nedste sitatet, er at LL treff alle som oppheld seg i området. Deltakaren seier at «*alle* skal kunne sjå det eller lese det». For sørsamane i Røros kommune er det nok langt framme i medvitet at dei bur i eit sørsamisk område, til skilnad frå utgruppemedlemmane. Med synleg sørsamisk skilting er det like tydeleg for alle kva språkleg territorium ein oppheld seg i. Dette poenget understrekar også viktigheita av LL for kunnskapen og haldningane samfunnsmedlemmane har til eit språk.

Det lingvistiske landskapet er i noko som kan kallast ein *interetnisk sfære*, ifølge Harald Eidheims (1977) tre etniske sfærar. Ifølge han finst det ein lukka samisk sfære, som oppstår når berre samar er saman, og tilsvarende ein lukka norsk sfære (Eidheim, 1977, s. 56-57 i Balto, 1997, s. 30). Til skilnad frå t.d. reindriftsutøving, der samane er i eit lukka og spesifikt samisk rom, er LL å sjå på som ei kontaktflate der fleire etnisitetar møtast. Etnisitet er kontrastivt definert, det blir altså spesielt viktig som kontaktfenomen (Balto, 1997, s. 30) med dei som *ikkje* deler denne etnisitet. Derfor er LL viktig, da det kan fungere som ein stad der ikkje-samar kan bli medvitne om, eller minne på, det samiske nærværet i området. Dei fleste ikkje-samar kjem truleg ikkje til å bruke det utvida tenestetilbodet som har blitt innført med forvaltningskommunen, som språkopplæring og tolketenester, og slik sett blir ikkje det sørsamiske nærværet like tydeleg for dei.

Ein vidare konsekvens er at opplysing kan føre til haldningsendring. Språkhaldningar er eigentleg uttrykk for haldningar til dei som snakkar språket (Hårstad mfl., 2021, s. 44). Når sørsamane tidlegare har vore ein rimeleg usynleg minoritet på Røros, er det få nyansar og framstillingar som kjem fram om dei. LL kan vise at sørsamisk er eit språk som kan brukast, og dermed også at sørsamar finst på fleire stadar enn dei tradisjonelt har vore forbunde med. Til dømes kan ein no sjå at sørsamar er representerte som elevar og tilsette ved den vidaregåande skolen, dei er biblioteksbrukarar og dei får av og til bruk for ambulansetenesta.

Fleire av deltakarane er opptatte av at forståing kan auke, og dermed at det kan verke konfliktdempande om den sørsamiske minoriteten blir meir synleg på Røros.

At utgruppemedlemmar får fornya kunnskap om at det finst eit levande samisktalande miljø på Røros kan igjen påverke deira såkalla *subjektive etnolingvistiske vitalitet*, altså i kva grad av vitalitet dei tenker at det sørsamiske språket har på staden. Dette kan i neste steg påverke *inngruppa* si eiga oppfatning av same vitalitet. I ytste konsekvens kan dette verke inn på overlevinga til språket. Når ikkje-samar opplever at samisk blir brukt, ikkje berre i private

samanhangar, men også i høgstatussamanhangar som offentleg administrasjon og utdanning, kan dette føre til eit nytt, og meir positivt inntrykk av nytteverdien til språket.

4.2.2 Afffektiv stadfesting for inngruppa

Nærveret av sørsamisk på Røros kan gjere at språkbrukarane opplever at språket deira har ein verdi og status på lik linje med andre språk i dei sosiolingvistiske omgjevnadane. Dette er ein kjenslelada funksjon, og kan leie til ein positiv sosial identitet i den etnolingvistiske gruppa.

Denne kjenslemessige tydinga LL kan ha, kjem tydeleg fram i samtalane med deltakarane mine. Fleire peiker på at sørsamisk skilting kan ha innverknad på både sjølvkjensla og vere viktig for identiteten:

Og så tenker eg liksom at det er klart at dagens barn bør jo lære seg både om det samiske og det norske, liksom. Eg trur jo at det er viktig for sjølvkjensla å bli synleg, å ikkje bli usynleggjort, for det er det verste ein kan gjere, å ikkje sjå det. At dei berre skal få stadfesting for éin del av seg. For det er klart at dei er jo på ein måte norske òg, det er dei jo. Mens å få den her samiske delen synleggjort òg, er viktig for dei.

Ein annan deltakar poengterer at skilting er ei form for representasjon, og i utdraget under kan ein sjå den kjenslemessige innverknaden det kan ha å bli representert i offentleg samanheng:

Også kjem jo sånne offentlege bygg og sånn, da. Dei skal vel òg skiltast. Og sånn som på vidaregåande er det jo skilta på samisk. Eg synest det er fint å komme dit og føle at «ja, her har ein tatt grep, her har ein hengt opp eit samisk skilt òg». Da føler ein seg representert og det er veldig godt. [...] Det er jo nesten ein absurd ting å seie, da, at ein føler seg representert på nesten heimstaden sin. Men ein har vel vore så vant med å ikkje vere representert at det blir så stort når ein først blir det. Eg blir jo framleis litt starstruck når eg kjem på [institusjon] og dei har heist det samiske flagget fordi det er ein samisk flaggdag. Eg blir jo ikkje det når det er ein norsk flaggdag, da tar ein det jo litt som ei sjølvfølge. Men det er berre ein reaksjon eg får, da. Da blir eg litt sånn kry, ikkje sant, for at «oi, det er ein samisk flaggdag».

Dette viser også kor nært kopla språk og identitet er. «Språket er blant verktøyene vi bruker for å *skape* identiteter» (Hårstad mfl., 2021, s. 41). På same måte som at enkeltindivid meir eller mindre medvitent vel eit visst språkleg uttrykk som eit identitetsgrep, er dette også gjort i LL. Som eg har vist, har den norske dialektbruken verkeleg forma særpreget på staden, og på same måte kan auka bruk av sørsamisk gjere dette.

Utifrå eit *sosialkonstruktivistisk* syn på identitet, er det mogleg å endre og reforhandle kva ein stad er og skal vere. Identitet er eit dynamisk konsept som kan uttrykkast på ulike måtar. Det motsette er ei *essensialistisk* identitetsforståing, der ein går ut frå at identiteten er nettopp ein essens, noko uforanderleg (Hårstad mfl., 2021, s. 41-42). LL er éin av mange flater der Røros sin identitet kan reforhandlast, og sidan det er ein interetnisk møteplass, vil denne diskusjonen

bli synleg for alle. Sjølvrepresentasjon er ein viktig faktor for korleis eit LL blir utforma (Ben-Rafael mfl., 2006, s. 7f), og LL kan lesast som eit uttrykk for korleis dei ulike aktørane ønsker å presentere det som samla sett konstruerer Røros. Eit døme på ei slik reforhandling om sjølvrepresentasjon kan ein finne i Guovdageaidnu/Kautokeino, der anonyme bebuarar i 2021 hadde laga eigne, provisoriske vegskilt på nordsamisk og teipa desse fast der tospråkleg skilting mangla (Utsi, 2021).

4.2.3 Sørsamisk som nyttig språk

Ein annan viktig funksjon førekomenstn av eit språk i eit lingvistisk landskap kan ha, er at

[...] it indicates that the language in question can be used to communicate and obtain services within public and private establishments located in the pertinent territory. [...] [They] convey the expectation that one can be served in the in-group language within such establishments. (Landry og Bourhis, 1997, s. 25).

Altså signaliserer det at språket har ein nyttefunksjon. Da det på ingen måte er konsekvent tospråkleg skilting i kommunen, blir det heller ikkje skapt noko forventning om at ein kan få tenester på sørsamisk. Som nemnt i kapittel 4.1.1 er lokala til Røros VGS og Aajege språksenter dei som har mest konsekvent skilting på sørsamisk. Biblioteket og Ysterhagaen barnehage har meir mellombels skilting, noko som derfor ikkje *eintydig* signaliserer at ein kan kommunisere med desse institusjonane på sørsamisk eller få tenester frå dei på sørsamisk.

Meir interessant er det heller å sjå på mangelen på sørsamisk språk på Rådhuset, sjå figur 4.6. Skal ein dømme ut frå den allereie diskuterte skiltinga utandørs, er det lite som indikerer at ein får tenestetilbod på sørsamisk ved denne etaten. Sjølv om kommunen tilbyr tolketenester og er ansvarleg for at t.d. skolane tilbyr språkopplæring, er ikkje det tydeleg ut frå bygget deira. Landry og Bourhis (1997, s. 25) påpeiker at diskrepans mellom utandørs skilting og manglande tenestetilbod på dei skilta språka kan føre til frustrasjon for språkbrukaren. På Røros ser ein at det motsette er tilfellet. Der manglar utandørs skilting, og dette sender dermed inkje signal om dei særlege samiskspråklege rettane ein har i forvaltningskommunen.

Å vise fram nytteverdien til språket kan meir overført verke inn på korleis både inn- og utgruppemedlemmar vurderer verdien til språket, noko som igjen kan gje utslag på posisjonen til språket. I motsett fall kan eksklusjon av sørsamisk føre til at medlemmane av språksamfunnet nedvurderer nytteverdien og statusen til sørsamisk, som i neste ledd kan svekke moglegheita for at inngruppemedlemmane bruker og traderer språket vidare til neste generasjon. At LL kan smitte over på oppførselen til den etnolingvistiske gruppa, er det Landry og Bourhis (1997)

kallar ein *carryover effect* mellom LL og sosiolinguistiske normar. Dei argumenterer for at auka bruk av det aktuelle språket i LL kan bidra til ei norm som fremmer «greater use of the in-group language in an increasing range of language functions extending from private to more public domains of language use» (Landry og Bourhis, 1997, s. 29). Dette kjem godt fram i samtalen med den ikkje-samiske deltakaren:

I: Trur du dette med synlegheit kan påverke statusen?

D: Ja. Når vi opplever at det er fleire som snakkar det, så blir det viktigare, og fleire bruker språket. Det gjeld ikkje berre samisk, men vi har jo andre sånne framandspråklege som kjem inn til kommunen og snakkar språk som ikkje er like enkelt å kommunisere på på ein sånn liten plass, da.

Sitatet får fram at denne symboleffekten også kan nå utover berre den samiskspråklege minoriteten, og ha ringverknadar for andre språklege minoritetar i kommunen.

Auka status i høgstatusdomene kan vere spesielt viktig i tilfellet med sørsamisk, sidan det lenge har vore utan offisiell skriftnorm (sjå kap. 2.2.2). Inntil ganske nyleg var altså språket redusert til å vere eit heimespråk utan eiga rettskriving, og dermed ikkje nytta i domene med høg status. Dette har gjort at ein ikkje kunne nytte sørsamisk i møte med myndigheiter, utdanningsinstitusjonar, rettsvesen, helsevesen eller andre. Ein har heller ikkje kunne skrive eller omsette tekst, journalistikk og litteratur til sørsamisk. Dette har vore sterkt styrande for den manglande synlegheita sørsamisk lenge har hatt i allmenta, og følgeleg har det fått konsekvensar for storsamfunnet sine oppfatningar av språket. Sørsamisk språk har altså vore nærest usynleg i formelle samanhengar inntil ganske nyleg. Innlemminga av Røros kommune i forvalningsområdet representerer ei tydeleg styrking av sørsamisk i høgstatusdomene ved at sørsamisk blir tatt inn i kommuneadministrasjon, utdanning og helsevesenet ved lov.

Heilt konkret viser sørsamisk nærvære i LL at språkgruppa også er ressursmessig prioritert. At det finst sørsamisk skilting viser at kommunen og tilknytte aktørar har brukt både tid i form av planlegging og produksjon, men også økonomiske midlar til å framstille skilta.

Skilting oppstår i ein dialektikk mellom avsendar og forventa publikum (Stjernholm, 2013, s. 24). LL i Røros kommune vitnar slikt sett om at storsamfunnet «forventar» svært få samar, eventuelt at LL i lita grad rettar seg mot samane som publikum. Ei alternativ tolking er ei instrumentell haldning til språk: Samane beherskar jo norsk, og derfor er samisk skilting sett på som lite naudsynt. Auka nærvære av sørsamisk kan også bidra til å endre marknadsverdien til språket (sjå kap. 4.1.1), ved at ein reforhandlar statusen og dei moglege bruksområda knytt til språket.

4.3 Faktorar som influerer sørsamisk etnolingvistisk vitalitet

For å vise eit meir nyansert bilde av stoda til sørsamisk språk i Røros kommune, skal eg rette blikket mot nokre andre faktorar som kan verke inn på den sørsamiske etnolingvistiske vitaliteten. Det lingvistiske landskapet er berre éin av mange samfunnstilhøve som kan ha effekt for kva sørSAMANE i kommunen tenker om sitt eige språk og sin etnisitet. Dette kan spele inn på grada av tradering av sørSAMISK, og i ytste konsekvens om det alvorleg trua språket overlever.

Det er eit gjensidig tilhøve mellom språkvitalitet og lingvistisk landskap. Nærveret av sørSAMISK i LL kan spele ei rolle for kva ein tenker om den etnolingvistiske vitaliteten, og motsett kan tankar om vitaliteten til sørSAMISK spele inn på om samfunnsaktørar vel seg sørSAMISK når dei skal skilte.

Eg har henta inspirasjon frå Giles, Bourhis og Taylor (1977) sin taksonomi over faktorar som kan verke inn på etnolingvistisk vitalitet (presentert i kapittel 2.6), men har vektlagt nokre punkt eg vurderer som spesielt viktige i tilfellet sørSAMISK i Røros kommune. For ein grundig gjennomgang av sørSAMISK etnolingvistisk vitalitet, sjå masteroppgåva til Inger Johansen (2006).

4.3.1 Status: *Media sin innverknad*

Eit av hovudpunktata i modellen til Giles mfl. (1977), er status. Media er ein viktig haldningskapar, og kan derfor påverke både sørSAMISK sin sosiale status, jf. EV-modellen. Presentasjonen og nærveret av samiske saker og samisk språk i media kan ha mykje å seie for korleis både inn- og utgruppemedlemmer vurderer den sørSAMISKE minoriteten. Bruk av samisk i media er «public proof that indigenous languages are good and vital enough to be used in new, contemporary contexts» (Pietikäinen, 2008, s. 33), og kan auke prestisjen forbunde med språket og språlbrukskarane. Det generelle inntrykket folk har av minoriteten kan verke inn på korleis sørSAMANE ser seg sjølv; med stoltheit eller stigma. Kva gjeld representasjon i media, vil eg trekke fram to tendensar, og dei skil lag mellom det lokale og det regionale/nasjonale.

På regionalt og nasjonalt plan er dekninga av sørSAMISKE tema og saker skrivne på sørSAMISK relativt god. Spesielt har NRK, som riksringkastar, eit særleg ansvar for samisk språk, og samisk er offisielle språk hjå riksringkastaren (NRK, u.å). Nasjonalt har samisk språk lenge hatt ei rolle i statsmedia, både i TV, avisar og radio, t.d. gjennom nyheitsavdelinga *NRK Sápmi*. Her er det gjerne nordsamisk som dominerer, noko også det nordsamiske namnet på nyheitsavdelinga indikerer. Men også sørSAMISK er synleg i lokalsaker frå sør i Saepmie, dvs. sakar frå søre Nordland, Trøndelag og nordre Innlandet.

Når det gjeld innhaldet, har den statlege nyheitsaktøren også ei rolle. Saker som er viktige for samar i Noreg, dekkast gjerne av NRK Sápmi. Denne redaksjonen sikrar ei stabil dekning av samiske tema i nasjonale media, og rettar seg til ei samisk målgruppe. Men inndelinga i ei eiga samisk nyheitsavdeling kan også få uheldige konsekvensar, ved at den fungerer som ein lukka samisk sfære med hovudsakeleg samiske lesarar. Dette kan føre til at dekninga av samiske tema i dei riksdekkande nyheitene – som jo fungerer som eit interetnisk rom – ikkje er like god. Mangelfull mediedekning kan leie til kunnskapsmanglar om samane i storsamfunnet. Slik ordlegg ein av deltakarane seg om temaet:

Eg trur det er viktig for befolkninga elles å sjå at vi finst [...] Vi er her og vi har faktisk nokre ting vi skulle ha sagt. Og det er like relevant for deg som det er for meg, på ein måte. Når riksdekkande media ikkje tar for seg samiske saker, så blir det òg veldig vanskeleg å nå ut til folk flest med ting som ein gjerne skulle ønske at fleire skulle få med seg.

For å illustrere kan eg nytte følgande refleksjon frå ein av deltakarane mine. Under reflekterer han rundt saka om at staten hadde gitt ulovlege konsesjonar til vindkraftutbygging på Fosen. Den 11. oktober 2021 fall dommen. Högsterett konkluderte med at urfolksrettar var krenkt, og dei to reinbeitedistrikta, Nord-Fosen Siida og Sør-Fosen Sijte, vann mot Olje- og energidepartementet (Norges Høyesterett, 2021), ein historisk siger i retten for Noregs urfolk:

For det første så var det kanskje ein av dei største og viktigaste sakene i Saepmie. Men det var jo òg ein rettssak som var i storkammer. Kor ofte skjer *det*? Og så var det ein *minoritet* som vann! Altså, det hyler jo ut at dette eigentleg var noko eksepsjonelt som skjedde.

Deltakaren stussar på at saka likevel blei svært därleg dekt i dei nasjonale media, da saka var såpass viktig:

Og eg tenker at kor stor og øydeleggande– Kor stor må ei nyheit vere for at ein skal få plass i media? Kor riv ruskande gale må det vere? Altså.. ja. Når ting som er veldig store for oss, da, ikkje får nokon plass i allmenta i det heile. Vi har jo NRK Sápmi, men dei fleste er vel samiske som les NRK Sápmi, vil eg tru. Så det er veldig ofte at det er saker, som eg tenker at «dette hadde vore viktig for den norske befolkninga å vite».

Går ein vidare til lokalt plan, har media ein tendens til å fokusere på konfliktar, noko som kan stille sørsamane i eit negativt lys. Dette peiker fleire av deltakarane mine på. I kommunen har det lenge vore arealkonfliktar mellom reindriftssamar og bønder eller grunneigarar, og deltakarane mine meiner at media ofte forsterkar inntrykket av denne konflikten. Deltakaren under opplever at det kan bli veldig polarisert på Røros:

Arbeidets Rett, lokalavisa vår, vil jo veldig gjerne blåse opp konfliktar. Så fort det er ei eller anna konflikt innan det samiske så klarer dei å vinkle det og slå opp det ganske stort, men er det

noko positivt, blir det i det heile tatt nemnt, så blir det lite og pent, langt bak, med lita skrift. Og det er jo i og for seg ein veldig viktig haldningsskapar i Røros-samfunnet. Så det er jo av og til i periodar ein kjenner at, skal ein verkeleg lese det her?

Konfliktfokuset i lokale medium er sentral i storsamfunnet sine oppfatningar av den sørsamiske minoriteten, og dermed er den ein av dei viktigaste haldningsskaparane på Røros.

4.3.2 Institusjonell støtte: Røros som samisk forvaltningskommune

Eit anna hovudpunkt i EV-taksonomien er institusjonell støtte. Haldningar til det sørsamiske språket og folket har sjølvsagt ikkje blitt til i eit vakuum, men er nøye vovne saman med maktdimensjonar og med fortida, som eg skal komme tilbake til i kapittel 6. Innlemminga av kommunen i forvaltningsområdet representerer eit tydeleg skifte frå dei tidlegare fornorskingsprosessane (sjå kapittel 2.3), og aukar nærværet av sørsamisk språk i fleire høgstatusdomene, som utdanningssektoren, kyrkja, helsetenester og offentleg administrasjon. Innbyggjarane i forvaltningskommunen får ein lovfesta og dermed sterkare rett til å ta imot visse offentlege tenester på sørsamisk og det blir utløyst fleire midlar til dette enn før.

At det sørsamiske språket som nemnt ikkje fekk eit normert skriftspråk før i 1978 (Knutson Duolljá, 2021), må nok seiast å ha hatt ein negativ innverknad på språkstatusen. Utan skriftspråk blei språket redusert til å vere eit heimespråk, og dermed ikkje nytta i domene med høg status. Det har lenge blitt tilbydd samiskundervisning på Røros, men at rettane til undervisning no er forsterka, har ei særleg stor tyding for vitaliteten til det sørsamiske språket. Det blir bevist at større og større delar av den moderne verda kan driftast på sørsamisk. Både før innlemminga i 2018, men spesielt i etterkant, har det sørsamiske hatt det Giles mfl. (1977) kategoriserer som institusjonell støtte frå fleire hald. Mellom anna har det sidan 2016 funnest ei barnehageavdeling i Ysterhagaen barnehage, og etterspurnaden overstig no talet barnehageplassar på avdelinga, og planen er å utvide tilbodet (Røros kommune, 2020a, s. 7).

Sjølv om kommunen enno har ein veg å gå når det kjem til tilbodet som forvaltningskommune – deltakarane mine meiner at m.a. tolketenesta og delar av den kommunale styringa er mangelfull – er det i hovudsak medlemskapet i forvaltningsområdet og formell språkundervisning som deltakarane mine trekker fram som styrker i revitaliseringa av språket.

Men denne auka institusjonelle støtta går utover mangfaldet i det sørsamiske språket. Ved at ein går frå nationalistisk til formell opplæring, er det ei moglegheit for at den Røros-samiske dialekten forsvinn. Dette er fleire av deltakarane bekymra for:

Eg er jo veldig positiv til [framtida til sørsamisk], men det er òg med litt sånn bismak og litt sorg eg tenker på korleis språket høyrast ut om til dømes femti år, da. I den her tida vi lever i no, så har vi kanskje dei siste *verkelege* morsmålstalarane. Dei som ikkje kunne norsk før dei flytta ut frå dette nomadelivet og inn i det norske samfunnet. Dei originale kjeldene, dei som hadde dialektane. Dei er jo snart borte. Eg har jo hørt når eg har snakka med nokon eldre folk, at dei seier liksom at «kva er det du seier no? No skjønner vi ikkje heilt kva du seier», fordi at eg har eit såkalla skolesamisk, da, på ein måte. Vi har jo òg normert skriftspråk. Det blir veldig ofte det som er utgangspunktet for undervisning. Og når folk kursar seg, så er jo det da utgangspunktet. Så til dømes den Røros-samiske dialekten, den er på veldig tynn is, dessverre. Der er det berre nokre få unge som har tatt grep og verkeleg bruker den sørsamiske dialekten, eller den sørlegaste her, da. Og så er det dei aller eldste, da.

4.3.3 Subjektiv etnolingvistisk vitalitet

Også korleis medlemmane av eit språksamfunn opplever den etnolingvistiske vitaliteten, kan vere med å påverke den etnolingvistiske vitaliteten i sin tur. Den subjektive, eller oppfatta etnolingvistiske vitaliteten treng ikkje naudsynlegvis å vere tufta på faktiske tilhøve, slik resten punkta i taksonomien er, men er nærmare knytt til inntrykk og kjensler. Inngruppa sin oppfatta EV kan også bli influert av utgruppa sin EV. Den ikkje-samiske deltakaren min seier:

Det eg trur er at dei fleste samane som bur i nærleiken av Røros snakkar norsk saman. Sørsamisk høyrast lite i gatebildet og i sosialt liv, ja.

Sjølv om denne deltakaren vurderer den sørsamiske etnolingvistiske vitaliteten på staden til å vere låg, ser det ikkje ut til å vere eit synspunkt som er representert hjå dei samiske deltakarane. Dei er svært positivt innstilte til språket si framtid, fleire deltakarar peiker på økonomisk støtte og interessa for å lære seg språket:

I: Korleis ser du for deg framtida til det sørsamiske språket?

D: Ja, men eg trur det blir bra.[...] det går jo stadig oppover, det blir fleire lærarar, det blir fleire som vil lære seg samisk, det er fleire læremidlar, det finst meir litteratur. Det blir satsa meir på det samiske språket, det blir dokumentert, det blir forska. Så eg trur vi har ei lys framtid, det har vi. Det ser ein jo på interesse liksom av- ja, det blir fleire barn som har samisk som førstespråk [...] Så eg tenker at neimen, dette blir bra, det! Det veks, interessa veks. Det er mange som går på kurs, det er mange som vil lære seg språket, det er mange som vil lære seg sånn at dei, om dei no ikkje lærer seg språket, så kan dei i alle fall nokre setningar og nokre ord, sånn som når ein drar til andre land og vil vere velvillig mot befolkninga ved å seie «god morgen» og «god dag» og «god natt».

Det er interessant at språksynet til deltakarane mine stemmer så därleg med nærværet av sørsamisk i LL. Denne diskrepansen poengterer at LL berre er eitt aspekt av alt det som utgjer eit språksamfunn, og at den ikkje treng å spele ei sentral rolle for språkbrukarane. Til gjengjeld er det mogleg at den etnolingvistiske vitaliteten påverkar språkstatusen og marknadsverdien til sørsamisk, som i neste instans kan få innverknad på nærværet i LL.

4.3.4 Språkmiljø: distribusjon, språkvanar og læringsmiljø

Det tredje hovudpunktet i EV-modellen er demografi. Det finst mange variablar under dette punktet (sjå figur 2.2), men her har eg valt ut nokre av dei og retta fokuset mot kva for språkmiljø det skaper. Kva moglegheiter sørsamane har til å nytte språket sitt, får sjølvsagt konsekvensar for sørsamisk på Røros. Ein deltarar peiker på nettopp språkmiljøet som ei utfordring for sørsamisk språk på Røros:

Det er veldig lukka miljø her i dag. For dei som ikkje har innpass i desse miljøa, så blir det vanskeleg å berre høyre det passivt og høyre ein naturleg samtale og høyre språket i ein naturleg setting.

Dette synspunktet blir understøtta av korleis ein annan deltarar opplever sin sørsamiske språksituasjon. Hen opplever at det manglar arenaar for å praktisere språket:

Eg har gått nokre kurs, eg har tretti studiepoeng. Men eg forstår nok meir enn eg kan prate, for eg får ikkje brukt språket i det daglege. Det er jo det som er den store bøygen. [...] Altså du kan jo gå språkkurs etter språkkurs, så mykje du berre vil. Når du ikkje får brukt språket i det daglege, så forsvinn det. Da er det dei mest vanlege, mest brukte frasane ein kjem på. Og det er jo ikkje for alle å få ein jobb der du kan prate samisk, er det ikkje.

Distribusjonen av sørsamane, som er eit underpunkt til demografien, har nok sitt å seie for denne utfordringa. Eg vurderer særleg *konsentrasjonen*, eller snarare mangelen på den, til å tale imot den etnolingvistiske vitaliteten til sørsamisk. Sørsamane er spreidde over store delar av Midt-Noreg, Nordland og i tillegg Sverige. Dette kan gjere det vanskeleg å skape livskraftige miljø der språkbrukarane får nytta språket sitt. Eit anna underpunkt til er *proporsjon*. Det ligg i namnet at ein er numerisk i undertal når ein tilhøyrer ein språkleg minoritet. Det sørsamiske språkområdet står i kontrast til det nordsamiske kjerneområdet, der det mange stadar er samisk språk som dominerer. På Røros er det ofte enklare å bruke eit språk som alle ein omgjev seg med, forstår. Ein deltarar som har jobba med språkopplæring, har erfart at norsk fungerer som ei slags «automatisk innstilling» når folk med ulike språkbakgrunnar møtast:

For ein oppdaga ganske fort, eigentleg, at for å få til at ungane skulle prate, så kunne ein ikkje ha noko innblanding av norsk. Viss eg hadde ei samling at vi gjorde eit eller anna her, så gjekk det på samisk. Så kom det nokon inn som ikkje hadde samisk, som skulle berre, ja «Kva dokker driv på med her?» Poff! (knipsar), så snudde ungane over på norsk, det var ganske sånn sårbart. Sånn at det kosta jo litt å seie til mine kollegaer at «viss at dokker kjem inn her og ser at eg har samisk, så vil eg ikkje at dokker skal seie noko», for det verka jo veldig sånn ekskluderande for dei. Men så lenge du har praten med dei om korfor at du gjorde det sånn, så blei det ei større forståing for det.

Her er deltakaren også inne på at det kan opplevast som ekskluderande å nytte eit språk som eit mindretal forstår. Hen peiker på at det hadde kjentest likt om ein snakka norsk framfor ein engelskmann. Ein slik mentalitet er forståeleg, men samstundes kan det gå ut over bruken av samisk. Sitatet viser også den «magnetiske» krafta norsk språk kan ha i slike situasjonar. Den historisk overlegne og hegemoniske posisjonen norsk språk har blir tydeleg i slike situasjonar. Dessutan må stigmaet som samstundes lenge hang ved samisk språk, og i ei viss grad framleis gjer det, seiast å spele ei viss rolle her.

Om det er grunna eit ønske om å ikkje ekskludere, eller om det kan ha med strategien om å verne sørsamisk frå storsamfunnet, har det vore ein kultur for å ikkje snakke sørsamisk når ikkje-samar er tilstades. Dermed blir sørsamisk i større grad eit heimespråk, slik Brit Mæhlum har påpeikt i sin analyse av sørsamisk generelt: «Hvis en ser bort fra bruken av sørsamisk i utdanningssammenheng [...], er språket i dag i det store og hele reservert *privatsfæren* – først og fremst i familien, og som regel knyttet til temaer som omhandler det nære og hverdagslige» (Mæhlum, 2007, s. 135).

Dette blir støtta av at den ikkje-samiske deltakaren tenker at sørsamane på Røros snakkar norsk med kvarandre. Hen har ikkje høyrt nokon snakke sørsamisk offentleg. At storsamfunnet ikkje er klar over at sørsamisk er eit aktivt brukt språk i kommunen, vil naturlegvis få konsekvensar for korleis dei oppfattar vitaliteten til sørsamisk, og denne haldninga kan igjen smitte over på inngruppa.

Det har vore vanleg å ekskludere ikkje-samar frå samiske miljø som ein strategi for å verne om det samiske (sjå t.d. Mæhlum, 2007, s. 135), og slik sørge for at sørsamane har eit rom dei kan vere i, utan trugsmålet frå ein dominant majoritetskultur. Ein av deltakarane mine nemner at det har eksistert uuttalte forventningar om at ein skal få seg samisk kjæraste, og inngifte ikkje-samar har gjerne blitt kalla «plastikksammar» nedsettande. Ein deltar fortel om at andre samar ønsker å ekskludere ikkje-samar frå deira kultur:

Der kjenner eg at eg kan hisse meg opp littegrann. Eg er jo ein av dei som synest at for at vi skal få framdrift i den samiske kulturen, da må det inkluderast, men det møter eg ganske mykje motstand på, at det er mange som føler på at «nei, her må vi bevare, og halde i hop om det som er vår kultur, viss det spreier seg for mykje så blir det gale».

Denne puristiske strategien kan sjølvsagt vere eit ledd i å styrke ei fellesskapskjensle i miljøet, men kan også fungere som eit tviegga sverd. Ved at majoritetssamfunnet blir halde utanfor, får dei korkje innsikt i, eller kunnskap om, samisk språk og kultur. Denne deltakaren er derfor opptatt av inkludering som verkemiddel for å styrke sørsamisk sin status. Ved å eksponere

ikkje-samar meir for sørsamisk språk i den interetniske sfæren, heller enn å reservere språkbruken til den samiske sfæren, kan ein vere med på å reforhandle kva etnisitetar som høyrer til i Røros-samfunnet. Dermed legg ein til rette for ein styrka vitalitet for det sørsamiske språket på staden, ikkje minst ved at ein opnar opp for at sørsamisk blir brukt i enda fleire samanhengar enn det blir i dag.

Språkleg purisme er ikkje uvanleg i urfolksmiljø. I samband med revitalisering, blir gjerne purisme sett på som eit grep for å markere tydeleg avstand frå majoritetsspråket og for å styrke urfolksidentiteten:

Within that revitalisation, minimising the influence of majority languages on minority languages is seen as helping to realise and advance Indigenous identity. This serves to clearly delineate the minority language from the majority culture, and ensure the minority language can transmit the community's culture without the assistance or interference of the majority language (Albury og Carter, 2018, s. 122).

Både å skjerme språket frå ikkje-samar, men også gjennom motstand mot lånord og strenge ideal om korrekt språk, har denne purismen tatt form i sørsamiske språkmiljø (Mæhlum, 2007, s. 154) Ein liknande situasjon ser ein på New Zealand, der puristiske tendensar også gjeld for urfolksspråket maori, og mange språkbrukarar ser på påverknadar frå engelsk nesten som ei fallitterklæring(Albury og Carter, 2018, s. 122). På same måte som for sørsamisk, ser ein at denne purismen på den eine sida botnar i eit ønske om å skjerme språket frå majoritetsspråkleg påverknad, men samstundes kan hindre yngre, mindre språkkyndige maorianar frå å bruke språket (Albury og Carter, 2018).

4.3.5 Kulturliv som haldningsskapar og identitetsforsterkar

Medan samisk etnisitet tidlegare var noko som skulle skjulast, ser ein i dagens samfunn ei dreiling mot at fleire samar er stolte over sin kulturarv og sitt språk (sjå t.d. Hagen mfl., 2020). Dei siste tiåra spesielt, har det samiske kulturlivet blomstra, og skapt eit klima der spesielt unge samar viser fram sin etnisitet. Dette har hatt sitt å seie for statusen til det samiske, jamfør det eine hovudpunktet i EV-modellen. Deltakaren i sitatet under har sjølv kjent på skam rundt det å vere samisk, men opplever at dette har endra seg hjå dei yngre:

[...]men eg føler det at det er snudd littegrann, at folk, eller meir samane, eigentleg, ser verdien av det å vere samisk, at dei ber meir stoltheit enn det dei gjorde før. Og det har jo òg vore veldig mykje, til dømes *Stjernekamp*, ISÁK¹⁰, at det er så utruleg bra, det skal ikkje så mykje til,

¹⁰ Den nordsamiske vokalisten i bandet ISÁK, Ella Marie Hætta Isaksen, vann NRK sin talentkonkurranse Stjernekamp, noko som førte til mykje merksemd rundt joik og samisk kultur.

eigentleg. At ein får ein positiv blest om det. Det er ting– det er dynamikk i samfunnet som skjer no som er bra for det samiske.

Dette handlar om synlegheita til samisk kultur for allmenta, noko som kan vere ein kraftfull haldningsskapar. Medan ISÁK er eit nordsamisk døme, kan spesielt den sørsamiske artisten Marja Mortensson og komponisten og musikaren Frode Fjellheim nemnast i sørsamisk samanheng. Dei siste åra har det vore mykje merksemrd rundt dei båe, Mortensson har mellom anna deltatt på NRK-programmet *De neste* og hatt eigen konsert med kringkastingsorkesteret, og Fjellheim er blitt betre kjent for storsamfunnet som komponist for musikken i Disney-filmen *Frost*.

Meir lokalt på Røros er det også fleire kulturelle institusjonar som kan nemnast. Sidan 2002 har kulturfestivalen Raasten Rastah blitt arrangert på Røros annakvart år. I mellomåra er det dessutan, sidan 2019, arrangert ein filmfestival av same arrangør. Fleire av deltagarane mine nemner festivalen som ein viktig kulturell pådrivar for det sørsamiske. Ein av deltagarane peiker også på festivalen som årsak til statushevinga som samisk har hatt på Røros. Festivalen tilbyr kulturarrangement som konserter, teater og dans, verkstadar i kunst- og handverk, samt debattar og føredrag. Festivalen skriv at målgruppa deira er «primært den samiske befolkningen, men festivalen skal også være en formidlings-arena av samisk kultur for andre» (Raasten Rastah, u.å.). Likevel opplever ein av deltagarane mine at desse arrangementa ikkje når ut like godt ut til den ikkje-samiske folkesetnaden:

Sei det at ein har ein paneldebatt om korleis ein bruker areal, og korleis ein kan konfliktdempe konflikten mellom bønder og det samiske, da. Da er det fort gjort at den lokale befolkninga trur at det som går for seg på Raasten Rastah, *det* er for samar. Så som oftast, om noko sånt skjer, så er det stort sett samar som sit i salen, og ikkje nokon frå bøndene. Så da blir det jo eigentleg at det som eigentleg skal vere litt sånn opplysande, konfliktdempande dialog går meir på samane sitt. Og det med seminar, at det er jo mange som synest at det samiske er veldig spennande, men «skal eg tørre å fare dit, da? For det er jo berre, det er jo for samar», liksom.

Dette kan tyde på at festivalen ikkje har tilstrekkeleg interetnisk rekkevidde, og dermed mistar noko av potensialet som folkeopplysning for ikkje-samane. Like fullt må det seiast å vere ein viktig felles identitetsmarkør for samane i Røros-traktene, sjølv om den da går for seg i ein hovudsakeleg samisk sfære.

Av kulturelle aktørar må også Rørosmuseet nemnast som ein støttespelar for den sørsamiske etnolingvistiske vitaliteten. Museet held til sentralt i Røros sentrum, og har hovudlokala sine i eit av bergverkets gamle bygningar, Smelhytta, rett ved slagghaugane. I tillegg forvaltar dei

fleire nedlagte gruver. Slik sett har museet ei tydeleg forankring i Røros si bergverkshistorie, noko som også kjem fram i museet sitt føremål: «Rørosmuseets faglige ansvarsområder er bergverkshistorie, bygningsvern, sørsamisk kulturhistorie, naturhistorie og Verdensarven Røros bergstad og Circumferensen» (Rørosmuseet, u.å.).

Men som det nemnast i sitatet over, er også sørsamisk kulturhistorie eit ansvarsområde. Dette kom ikkje veldig godt fram under undersøkinga mi av LL, da korkje museumsbygga eller informasjonen på utsida av museet reflekterte dette. Men museet har ein tilsett som er fagkonsulent for sørsamisk kulturhistorie, og har hatt fleire utstillingar om sørsamiske emne. Til dømes var det da eg vitja Røros sist, i oktober 2021, to utstillingar i Smelhytta. Den eine var ei kunstutstilling med portrett av kvinner frå Saepmie, og den andre inneheldt sørsamiske kulturminne og arkeologiske funn, på utlån frå NTNU Vitskapsmuseet. Under hundreårsjubileet for det første samepolitiske møtet i Trondheim, i 2017, dedikerte Rørosmuseet dessutan alle artiklane i årboka *Fjellfolk* til samiske emne.

Dei samiske utstillingane som eg fekk omvising i, hadde både sørsamisk og norsk som utstillingsspråk. Det finst allereie sørsamiske lydomvisingar til dei faste utstillingane på museet. Museet planlegg dessutan å oppdatere også språket på dei faste utstillingane sine til å inkludere ein sørsamisk versjon (Museumstilsett, personleg kommunikasjon, 19. oktober 2021).

Elles har sjølv sagt andre, meir tradisjonelle kulturuttrykk som bruk av gapta, den samiske kufta, vætna og duodtie, samisk husflid, ein samlande funksjon for den etniske gruppa. Kulturlivet fungerer som ei samlande kraft og kan vere ein faktor som forsterkar stoltheit og viljen til å vidareføre samisk språk- og kulturarv. Ikkje minst speler reindrifta ei rolle som kulturuttrykk.

Reindrift

*Du ser jo heilt klart at du har jo ein sånn her- har du begge foreldra dine
frå samiske slekter med reindrift, og er att i reindrifta og har språket,
det er klart at dei beveger seg med ein annan tryggleik.
- Deltakar*

I samanheng med kultur, må rolla reindrifta spela trekkast fram som spesielt avgjerande. Reindrifta er, som ein særskild samisk næringsveg og samstundes kulturuttrykk, eit viktig og ikkje minst synleg uttrykk for samisk etnisitet. Deltakarane mine peiker på reindrifta som heilt sentral for sørsamisk identitet på Røros. Næringa er samanvevd med både kulturen og språket, til dømes ved at ein hentar materiale til vætna (handverk) frå reinen, og ved at reindriftsterminologien er på sørsamisk (Rydving, 2008, s. 389).

Funksjonen reindrifta har på EV for sørsamisk språk på Røros kan vere todelt. På den eine sida kan reindrifta fungere som ei samlande kraft for etnisk tilhøyrsel; som ein kulturberar og ein identitetsskapar. Reindrifta kan ha ei sementerande kraft for etnisitetskjensla til samar, på den måten at dersom ein er involvert i reindrifta, så står ein tryggare i sin samiske identitet, jamfør vignettsitatet ovanfor. Ein deltarar trekker fram at reindrifta har fungert som eit vern mot fornorskinga:

Det har jo sikkert funnest sørsamiske sjøsamar ved kysten. Det har sikkert funnest kombinasjonsnæringar, litt jordbruk, litt reindrift, litt fiske, litt ditt og litt datt. Men fornorskingsprosessen var hard her nede, det gjekk på livet laus. Du *fekk* ikkje eige jord om du var av samisk ætt. Du *var* tvunge til å ta deg eit norsk namn. Du var tvunge til å bli fornorska for å overleve om du ikkje var i reindrifta. Det er jo den bistre røynda vi lever med, og den ser vi jo spor av enno i dag. Så det er reindrifta som ber den sørsamiske kulturen i dag. [...] Utan reindrifta så forsvinn kulturen. Det trur eg. Let eg veldig sånn negativ no? Deprimerande. Men eg trur det er sånn, for det er det einaste vi har att. Alt anna blei jo fornorska.

Det har altså truleg eksistert eit større yrkesmangfold blant sørSAMANE tradisjonelt, men sidan reindrifta har vore det einaste eksklusivt samiske næringsgrunnlaget, har dette etter fornorskingsa blitt ståande som ein slags fasit på sørSAMISK etnisitet. Det finst historiske kjelder på kystsamiske folkesetnadar som har forsvunne ut av historieskrivinga, sannsynlegvis fordi desse samane korkje har blitt opplevd eller identifisert seg som samiske (Andresen mfl., 2021, s. 38). Slik kan rolla reindrifta spela for samisk identitet verke ekskluderande for dei samane som ikkje har tilknyting til ho, den blir eit mål på kor samisk ein er. Ein av deltarane mine har kjent på dette. I barndommen hens bytta foreldra til deltararen yrke og slutta dermed med reindrift, noko deltararen beskriv som sårt. Det utløyste ei rekke refleksjonar om kva det vil seie «å vere skikkeleg same», med deltararens ord.

Reindrifta gjev altså utslag på sjølvkjensla til samane ved at den anten stadfestar sørSAMISK etnisitet, eller at mangel på tilknyting til reindrifta kan gjere at samar står mindre stødig i eigen etnisitet. Det kan verke inn på EV ved å anten fremme eller svekke vilja og motivasjonen til å lære og vidareføre språket. Mangel på tilhøyrsel i reindrifta kan rett nok også styrke desse samanes vektlegging på språket som identitetsmarkør, og slik er ikkje manglande tilknyting til reindrifta naudsynlegvis noko slag for baugen for den etnolingvistiske vitaliteten.

Det er også viktig å poengtere at reindrifta er ei svært synleg næring i Røros kommune. Det er fleire reinbeitedistrikt i området og det finst to slakteri med lokale i nærleiken av kommunenesenteret. På veg inn mot Røros er det ikkje usannsynleg å møte på ein reinflokk, og det er fleire restaurantar i sentrum med rein på menyen. Slik blir reindrifta ein prominent markør

på samiskheit også for ikkje-samar. Det er nettopp reindrifta og matvarer tilknytt denne, som den ikkje-samiske deltakaren først trekker fram når eg spør hen kva som særmerker det sørsamiske på staden. At sørsamisk kultur er synleg, styrker storsamfunnets medvit om nærværet deira, og kan moglegvis verke inn på utgruppas syn på sørsamisk kultur og språk si levedyktigheit.

For å samanfatte, ser eg særleg på kulturlivet og innlemminga i forvaltningsområdet for samisk språk som positive faktorar for den etnolingvistiske vitaliteten til sørsamisk på Røros. Distribusjonen av sørsamane over store geografiske område svekker bruken av sørsamisk, saman med ei konfliktorientert framstilling av sørsamane i media. Ein ser at ein tidvis mangel på inkludering av utgruppemedlemmar på den eine sida skaper eit eige rom der ein kan snakke språket, men samstundes som kan føre til kunnskapshòl mellom ikkje-samar, og påverke korleis dei oppfattar sørsamisk EV.

5 Stad og stadskapning

I dette kapittelet skal eg drøfte kva som ligg i omgrepet *stad*, og gjere greie for staden Røros som konstruksjon. I andre del kjem eg til å sjå på korleis det lingvistiske landskapet er med på å presentere Røros som stad. Deretter skal eg diskutere korleis dette kan innverke på folk sin tilhøyrsel til Røros.

5.1 Kva er ein stad? – Røros i eit stadtjensleperspektiv

Korleis definerer ein kva som ligg i omgrepet stad? I ei folkeleg forståing verkar det ganske oppagt, men i vitskapen er stadsteorien eit stort og tverrfagleg forskingsfelt. Definisjonen til geografen Tim Cresswell kan vere ein fin plass å byrje. Cresswell (2004, s. 7) bruker ein tredelt definisjon av *stad*, inspirert av geografen John Agnew. For det første har staden ei geografisk plassering (location). Slik er Røros ein stad som ligg sør i Trøndelag, på grensa til Sverige og Innlandet fylke, og ligg på rundt 600 høgdemeter. For det andre må staden ha ei fysisk form (locale). Røros kommune strekker seg t.d. over kring 2000 kvadratkilometer og inneholder m.a. to større innsjøar, ei rekke eldre trehus og gardar, gruvedriftsbygg og -anlegg, og bygga har størst tettleik ved kommunenesenteret. Dette synest å vere ganske openlyse poeng, heilt i tråd med ei folkeleg forståing.

For det tredje, skriv Cresswell (2004, s. 7), definerast staden av ei *stadtjensle*, på engelsk *sense of place*. «Et sted opstår først i mødet med et subjekt, der sanser, erindrer og har viden om det pågældende sted eller andre steder» (Ringgaard og Mai, 2010, s. 9). Staden eksisterer altså ikkje utan nokon som opplever den, men er uløyseleg forbunde med vår forståing av den. Men denne stadtjensla er ikkje berre styrt av individuelle observasjonar, men individua sine stadtjensler er forma av kulturelle, sosiale og økonomiske tilhøve i samtidia (Rose, 1995, s. 89). Stadtjensleomgrepet knyt seg til dikotomien *rom/stad* (eng. space/place). Rommet er ein objektiv, abstrakt storleik utan kvalitetar, som ikkje er definert av eit menneskeleg blikk, medan staden på andre sida er definert av nett dette blikket, definert av stadtjensla (Cresswell, 2004, s. 8). Stadtjensla er fylt av mennesket si oppleveling og presentasjon av staden, som historieforteljing og kulturuttrykk.

Kva som ligg i denne stadtjensla er verdt å reflektere litt over. Her vil eg igjen trekke inn skiljet mellom ei essensialistisk og ei sosialkonstruktivistisk forståing av fenomen. Forstår ein staden frå eit essensialistisk perspektiv, tenker ein at det er nokre faste haldepunkt i ein stad, og ein kan ønske å definere kva som er det «ekte» og «eigentlege» Røros. Eit døme på ei essensialistisk forståing av Røros er da Riksantikvaren på 1940-talet starta arbeidet med å bevare bergstaden.

Målet var da å finne tilbake til byens «sanne ansikt», og med det meinte ein utsjånaden frå byrjinga av 1800-talet (Floor, 2006, s. 13). Floor peiker på at spesielt bygningar i sveitserstil fekk gjennomgå:

Sveitserstilen, som hadde kommet med jernbanen på slutten av 1870-tallet, var i henhold til dette synet et forstyrrende element. Vreim¹¹ mente det ville være en estetisk og vedlikeholdsmessig forbedring å tilbakeføre de husene som hadde fått endret fasaden til sveitserstil rundt århundreskiftet. Et resultat av dette er at det nå er svært lite igjen av sveitserstilen i bybildet (Floor, 2006, s. 13).

Med ei essensialistisk stadsforståing, blir det med andre ord enkelte komponentar som blir meir viktige og riktige representantar for Røros enn andre. Ei sosialkonstruktivistisk forståing er derimot meir open for at staden endrar seg med tida og har nyansar. Med ei slik forståing ville sveitserstilen ha blitt framheva som ein like gyldig del av Røros' historie som gruvedriftstida. Fenomenet stad er ein menneskeleg konstruksjon som er bygd saman av eit utval av subjektive og kollektive forståingar av staden. Dermed kan staden som konstruksjon reforhandlast frå ulike hald, gjennom såkalla *stadskapande aktivitetar* (Cresswell, 2004, s. 5). LL er eit døme på ein arena der ein kan drive med stadskaping.

I dette inngår også eit maktaspekt. Kven er det som sit på definisjonsmakta? Makthavarane har størst innverknad på korleis ein stad blir betrakta. Det lingvistiske landskapet er eitt døme på dette. Store delar av skiltinga er resultat av politiske avgjerder på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Andre delar er bestemt av dei som eig verksemder, av og til på nasjonalt plan. Definisjonen av ein stad er altså kollektivt definert, men i stor grad styrt av makthavarar sitt syn på staden. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 6.

Som nemnt er altså historia om staden ein viktig del av stadkjensla. Men historie er ikkje synonymt med fortida. Som antropologen Thomas Hylland Eriksen formulerer det: «Historien er mangetydig, og det vil si at det er mulig å trekke nøyaktig hvilke moralske eller politiske lærdommer man ønsker av den, ettersom praktisk talt alt har skjedd i fortiden» (1996, s. 48). Dermed må det utveljing og avgrensing til når ein skal presentere fortida. I ein slik prosess, uansett kor medviten den måtte vere, vil nokre aspekt av fortida falle ut. Dette blir tydeleg i tilfellet med Røros, der gruvedriftshistoria har fått tre fram som ein sentral del om forteljinga om staden. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 5.2. Ein måte å avgrense fortida er gjennom ei temporal avgrensing, noko som er gjort med Røros:

¹¹ Arkitekt Halvor Vreim, prosjektleiar frå Riksantikvaren.

Siden begrunnelsen for etableringa av bergstaden ligger i etableringa av kobberverket, gjøres også 1644 til et slags år null for den lokale tidsregninga. 1644 blir med kobberverkets briller dermed startpunktet for opprettelsen av en orden der en gikk fra det mørke, uoversiktlig til det lyse og klare – en form for lokallandskaplig åpenbaring der naturen ble kuet av djerve gruvearbeidere og underlagt røyken fra smeltehytta (Gjelsvik, 2017, s. 33-34).

Slik resonnerer historikaren Erlend Gjelsvik om korfor bergverkshistoria har blitt så sentral i forteljinga om Røros. Han skriv vidare at bergverket, med si godt dokumenterte historie, har blitt «ei forførende ‘gravitasjonskraft’ for de som søker kunnskap om fortida» (2017, s. 34), og desse mekanismane sørger for ei favorisering av gruvedriftshistoria i historieskrivinga. Med 1644 som starten på Røros si tidsrekning, mistar ein blikket for kva som skjedde på Røros før dette årstalet, og for historier som ikkje er relaterte til gruvedrifra. Dermed mistar ein også blikket for den samiske historia til Røros.

Denne skeivfordelte framstillinga mellom gruvedriftshistorie og samisk historie kjem også godt fram når eg spør deltakarane kva dei forbind med Røros:

Via skolen så har vi jo fått innprenta at Røros er eit gruvesamfunn. Det er «the one-and-only beginning of Røros», på ein måte. Det er jo Røros si stoltaste historie å vise fram at vi har vore eit bergverkssamfunn sidan 1600-talet. Det har jo prega alt av nesten arkitektur og historie og alt det der med Røros-martnan. Vi er veldig sånn– eller rørosingar trur eg er veldig glad i den tradisjonen og veldig stolt over den historia den har. Det som er utelate av historia er jo nomadane, da, samane som busette seg i fjella rundt her. Tidleg, tidleg. Og det er jo mange arkeologiske funn av gamle bustadar og for at ein skulle finne grønt gras her, så fann ein jo gjerne gamle samiske trøplassar der det var oppgjødsela frå før. Sånn at det var nok ei god byrjing for at det gjekk an å bu her på Røros, da. For at for å bu her måtte ein jo ha dyr, og for å ha dyr så måtte ein jo ha før. Så, nei, altså, Røros er jo veldig stolt over plassen, da. Men det trur eg er veldig vanskeleg å ta inn over seg at det har vore nokon før rørosingane, på ein måte. Og eg trur jo òg at samar var veldig til hjelp for rørosingar i starten av gruvedrifta. For eksempel i djupsnø og sånn, så var det ingen hestar som kunne seg fram.

Historia om gruvedrifta som byrjinga på Røros er så altoverskyggande at det nesten er å rekne for ei etablert sanning, i denne deltakarens auge. Historia om samane på staden er det derimot lite medvit rundt, opplever hen.

Måten ein oppfattar ein stad på, avheng som nemnt også av korleis ein definerer den fysiske forma og plasseringa av staden. Dette kan med første augekast verke som ei relativt objektiv kategorisering, men dette kan også problematiserast. Kor vidt er blikket når ein «observerer» kva som utgjer Røros? Dette er også ei form for avgrensing av staden Røros. Dersom ein berre har blikket for bykjernen til Røros, blir fort ei framstilling av staden selektiv. Den samiske historia og nærværet til Røros blir i stor grad utelate på denne måten, noko ein av deltakarane påpeiker. Hen seier at det er bergverkshistoria som kjem tydelegast fram når ein beveger seg i Røros sentrum:

Samar har jo aldri vore eit byfolk eller busett seg på ein fast plass. Sånn at når ein ikkje var med i den utviklinga, så får ein jo heller ikkje ei synlegheit der, på ein måte. Sånn at når ein ikkje har vore med å utvikle byen, da, for kva skulle ein gjere her, på ein måte, når dyra er oppi der (ler), kva skal ein gjere her i byen?

Som deltakaren poengterer, har ikkje samane tradisjonelt busett seg i Røros sentrum. Reindriftssamane har drive nomadisk reindrift, noko som har gjort at dei ikkje har hatt behov for å bu sentralt, i motsetnad til gruvearbeidarane, som budde i nærleiken av arbeidsplassen sin. Men det er ikkje snakk om to strengt avskilte etniske grupper heller. Gruvedriftsfolket hadde gjerne sytingsrein¹² som samane tok hand om, og samane losjerte ofte i bygarden da dei var i Røros-traktene (Roll, 2017, s. 81), men nærværet deira i sentrum av Røros var altså ikkje permanent. Det finst mange samiske kulturminne i Røros-området, men dei ligg ikkje sentralt på bergstaden.

5.1.1 Verdsarven

*Altså vi er jo ein liten filleplass i Trøndelag (ler). Ja, men vi er jo det, vi er ein liten stad. Vi har verdsarvstatusen å skilte med. Har vi noko særleg anna? Nei, har ikkje det, veit du..
Jo, vi har sikkert det, men...
- Deltakar*

Sitatet over er sagt i ein skjemtande tone, men det avslører likevel eit viktig poeng, nemleg kor sterkt fokuset på verdsarvstatusen til Røros kan verke. Røros blei, som nemnt i kap. 2.1, med på UNESCO si liste over verdas kulturarv i 1980. Innskrivinga blei da grunngjeve slik:

Røros er et særregnt gruvemiljø med utelukkende trearkitektur. Byen har gjennom 333 år smeltet sammen impulser fra Tyskland, Danmark, Sverige, Trondheim og de nærmeste distriktena omkring. Dette har resultert i et trehusmiljø som bærer i seg mye av det fineste i norsk tradisjon, og som samtidig er blitt noe helt spesielt i vårt land så vel på det industrielle, sosiale og kulturelle område som på det arkitektoniske. Røros Bergstad med sine omgivelser er et karakteristisk eksempel på en betydelig tradisjonell stil i trearkitektur og danner en unestående gruveby på en høyde 600 meter over havet (Verdensarven Røros, u.å.-b).

Det var altså fortida som koparverk som fekk Røros med på UNESCO-lista. Områda som blei innlemma, var sjølve bergstaden inkludert kyrkje, slagghaugar og smeltehytte, altså størsteparten av Røros sentrum. Det var særleg fordi staden blei sett på som eit unikt vitnesbyrd om tradisjonell gruvedrift som kulturtradisjon, eit fremragende døme på eit arkitektonisk miljø og kulturlandskap og gav eit «unikt bilde av hvordan bergverket og bergstaden fungerte som et

¹² Rein som blei eigd av fastbuande, men gjett saman med samanes reinflokk. Reindriftssamane fekk lønn for dette.

sammensatt og til tider sårbart system på grensen av hva som var mulig i en ugjestmild natur med et barskt klima» (Verdensarven Røros, u.å.-c).

Etter kvart byrja ein å snakke om at ingen av naturressursane som var sjølve grunnlaget for bergverket var innlemma i verdsarvområdet, og regionale og statlege myndigheter sette i gang ein prosess for å utvide verdsarvområdet til å gjelde også den såkalla Circumferensen, eit område på kring 5000 kvadratkilometer der bergverket hadde rett på alle ressursane (Verdensarven Røros, u.å.-c). Under dette arbeidet kunne også samisk innhald inkluderast, men berre viss «sameksistens og samhandling mellom samene og bergverksbefolkninga ble dokumentert. Samisk historie, kultur og levesett skulle med andre ord ikke vurderes som selvstendige størrelser» (Gjelsvik, 2017, s. 38). Det var altså gjennom sine relasjonar til gruvedriftsfolket at samane kunne vere interessante for verdsarven. Men trass dei mange relasjonane, gjennom m.a. sytingsrein, losji og fadderskap (Gjelsvik, 2017, s. 38), blei ikkje samane nemnde i innskrivingsdokumentet for utvidinga. Dette meiner Gjelsvik at gjev eit dårleg grunnlag for å forstå samane på deira eige grunnlag, og at det plasserer dei i ein slags utanforposisjon (2017, s. 38).

Kva rolle speler så denne verdsarvstatusen på korleis ein opplever stadkjensla til Røros? Eg vil påstå at den fungerer som ei konsolidering og styrking av gruvedriftshistoria i presentasjonen av bergstaden. At Røros er på UNESCO-lista, autoriserer gruvedriftshistoria som spesielt viktig for staden. Gruvedriftshistoria får altså ei forsterka tiltrekkingeskraft samanlikna med andre delar av fortida. Dette har Rune Floor sett på i ei masteroppgåve i arkeologi (2006). Floor peiker på at trass i at det fanst folkesetnad i Røros-området så langt tilbake som til steinalderen (2006, s. 28ff), er det gruvedrifta som er blitt prioritert i historieskrivinga. At andre delar av fortida er blitt underkommunisert, forklarer Floor spesielt med koplinga mellom verdsarvstatusen og gruvedrifta (2006, s. 63). Da det var nett denne delen av fortida som gjorde at Røros kom med på verdsarvlista, er det denne delen som har blitt prioritert framfor andre.

Ei eventuell innlemming av samisk innhald i verdsarven ville ha stadfesta samane sin posisjon på staden ytterlegare. Etter utvidinga i 2010 har verdsarvstatusen innehadde eitt uttalt *ikkje-samisk* aspekt. At Røros kommune samstundes er samisk forvaltningskommune og har verdsarven som eitt av sine tre satsingsområde (verdsarv, kultur og industri), er dermed noko paradoksalt.

Gjelsvik skriv at dersom ein hadde inkludert samisk historie i verdsarven, ville det gjensidig ha styrka verdsarven Røros og sørga for at samisk kultur og historie i større grad blei verdsett:

En ambisjon for verdensarvområdet burde på sikt være å få endret innskrivingsteksten slik at også samene får plass i verdensarvfortellinga. Samene var i rørostraktene før kobberverket ble etablert, de bidro til opprettholdelsen av bergverkssamfunnet, de overlevde 333 år med bergverksdrift og naturødeleggelsjer, og de klarte også å utvide reindrifta på tross av motstanden representert ved lovgivinga og fornorskingspolitikken. Det er ei historie som fortjener å bli hørt (Gjelsvik, 2017, s. 39).

5.2 Kva for eit Røros skaper det lingvistiske landskapet?

Også LL i Røros sentrum er tydeleg påverka av gruvedriftshistoria. Som nemnt i kap. 4.1. er denne historia konsolidert ved at mykje av bygningsmassen i sentrum er verna, og dermed er meir bestandig mot modernisering og utskifting. Oppsummerande kan ein seie at trenden som finst i det lingvistiske segmentet (kap. 4.1), går att også i denne delen av det lingvistiske landskapet: Også her blir det samiske i hovudsak utelate. I det følgande skal eg vise på kva område gruvedrifta blir framheva. Gjennomgangen er delt opp etter ulike «sjangrar», for å tydelegare vise på kva ulike måtar historia blir framstilt i LL.

Ifølge Ben-Rafael mfl. (2006, s. 9-10) er det, som nemnt i kapittel 2.5, tre faktorar som styrer LL som symbolsk konstruksjon: Rasjonelle vurderingar, sosiopolitiske tilhøve, og ikkje minst tanken på sjølvrepresentasjon. I det følgande vil eg vise korleis særleg sjølvrepresentasjon gjer seg gjeldande i utforminga av LL på Røros.

5.2.1 Gatenamn

Gatenamn er effektive historieformidlarar. Stadnamnlova påpeiker at formålet med lova mellom anna er «[...] å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne [...] og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna» (Stadnamnlova, 2019). Å kalle opp gater etter visse personar eller fenomen, sikrar at omverda blir mint på denne biten av historia, gatenamna fungerer som kollektive minne. Ikkje berre når ein passerer gateskiltet i det lingvistiske landskapet, men også i møte med kart, postvesen og adresser. Slik er gatenamn med inn som ein sjølvsagt og meir eller mindre medviten del av folk flest si fysiske orientering i omverda. Historia som blir framheva i gatenamn, sikrar også større plass for denne historia i medvitet til folk, og må seiast å kunne verke inn på korleis folk oppfattar ein stad sin identitet.



Figur 5.1: Barhølet

Mange av gatene på Røros ber namn etter tida som koparprodusent. Fleire gatenamn er oppkalla etter sentrale skikkelsar i bergverket. Her kan sentrumsgatene Lorentz Lossiusgata og Ol-Klemmetsaveien tene som døme. Lossius var verkets første direktør, og Ole Klemmetsen Sandnes ein verksarbeidar og viktig figur i arbeidarrørsbla på staden.

Andre gater ber meir generelt namn etter yrkestitlar og andre fenomen knytte til bergverket. Her er Stigersveien, Bergskrivarveta og Barhølet døme. Stigeren var den øvste leiaren på eit arbeidslag og bergskrivaren hadde eit økonomisk og administrativt ansvar for bergverket. Kolkøyrarane hadde gjerne bar som dekka over kolet så det ikkje skulle bli fuktig. I barhølet kan det tenkast at dei kasta frå seg det brukte baret. Dette er berre nokre av dei mange døma eg har funne.

Rolla gatenamn har som historieformidilar, ser ut til å vere noko som er høgt oppe i mange sitt medvit. Dette blir synleg i aksjonar «nedanfrå-og-opp». Til dømes finst den feministiske gatenamnaksjonen «kvinnehistorisk natt», der ein heng opp alternative, kvinnelege gatenamn over eksisterande skilt. Målet er å bøte på manglande representasjon av viktige kvinner i bybildet (Yildiz, 2017). Eit anna døme er folkerørsbla Nordting som har produsert og hengt opp eigne skilt for å minnast viktige plassar for aksjonistane under Alta-Kautokeino-demonstrasjonane, «Nullpunktet» og «Somby-brua» (Engström mfl., 2022). Men også «ovanfrå-og-ned» ser ein at styresmaktene rettar fokus mot gatenamnsaker. Til dømes har Trondheim kommune nyleg vedtatt å kalle opp eit torg i sentrum etter samerettsaktivisten Elsa Laula Renberg. Ordførar Rita Ottervik uttalte at «Ved å løfte frem hennes navn i et sentralt byrom i Tråante, bidrar vi til å synliggjøre viktig samisk historie, skape nysgjerrighet og kunnskap. Og ikke minst stolthet rundt samisk kultur» (Ballovara, 2020). Eit anna døme er Bergen kommune, som i 2021 vedtok å ikkje kalle opp fleire gater etter menn før kjønnsbalansen er jamna ut (M. A. Fjellheim og Engesæter, 2021). Da vedtaket blei gjort, var kring 90% av gatene i Bergen oppkalla etter menn. Alt dette er døme på stadskapande aktivitetar.

Dette engasjementet treng ikkje berre å vere konstruktivt. Det finst også mange døme på sabotasje av eksisterande gateskilt, slik ein har sett i Gaivuotna/Kåfjord og Bodø, der skilt har blitt skote på og tagga ned (sjå Å. M. Johansen, 2009; Pulk og Skjåstad Lysvold, 2011). Eit

anna døme er da skiltet som merker gata i Oslo oppkalla etter jødiske Ruth Maier, nyleg blei tagga ned. Handlinga blei tolka som antisemittisme (Bergersen Huse, 2022). Gatenamn er med andre ord ein levande del av samfunnsdebatten kring historia, og djupare sett ein debatt om kven ein ønsker å vere. Det er snakk om forhandling av stadkjensla.

5.2.2 Arkitektur

Det som kanskje gjer fortida som gruvedriftssentrum mest synleg, er arkitekturen på Røros. I dei verna sentrumsgatene finn ein mange godt bevarte bygardar. Dei har ein tradisjonell konstruksjon med inneslutta bakgardar som fungerte som gardsanlegg med eige stabbur, våningshus og fjøs (Borgos, u.å.). Desse strukturane blir understreka gjennom at svært mange av bygardane har skilt med dei gamle namna på, gjerne i ei gammaldags utføring. I mitt materiale finst minst 15 slike skilt, sjå figur 5.2. I tillegg ligg den gamle smeltehytta, som no huser Rørosmuseet, godt synleg på ei høgde i sentrum, saman med slagghaugane, avfallet frå kopparmalmproduksjonen. Enda eit landemerke som er særleg godt synleg, er Røros kyrkje, eller «Bergstadens ziir»¹³, som den blir kalla. Kyrkja blei oppført i 1784 under gruvedrifta si storleikstid, og med midlar frå bergverksmenn, og er dermed ein tydeleg del av kulturminna etter gruvedrifta. Kyrkja har fått ei nesten emblematisk rolle i presentasjonen av Røros for omverda, noko som eg kjem nærmere inn på under neste overskrift.



Figur 5.2: Byggar og verna arkitektur

¹³ Frå tysk *zier*, arkaisk for pryd. Kyrkja blei i si tid bygga «til Guds ære og bergstadens pryd» (Røros kirkelige fellesråd, u.å.)

5.2.3 Symbolikk

To viktige kulturminne går att som symbol mange stadar elles i det lingvistiske landskapet, nemleg den allereie omtalte kyrkja og den såkalla «hyttklokka». Hyttklokka varsla arbeidarane ved gruva om vaktskifte eller brann, og står i dag att som eit kulturminne og ynda fotoobjekt. I det lingvistiske landskapet har eg funne desse motiva både i logoane til verksemder og i reklameplakatar. Det kan sjå ut til at desse symbola er meint å understreke den aktuelle verksemda sin tilhørsel til staden, noko som blir tydeleg når ein ser kva for type verksemder og organisasjonar som nytter desse symbola. Det er gjerne lokalt forankra verksemder snarare enn kjedebutikkar, som treng litt «lokal etos». Desse symbola finst også på suvenirar som er til sals, t.d. på eit pledd frå Røros Tweed på Husfliden, og serveringsbrett på ein lokal kunstbutikk, sjå figur 5.3.



Figur 5.3: Ziiren og hyttklokka som symbol

Bergverkshistoria finst dessutan representert i eit viktigare og meir permanent symbol, nemleg i kommunevåpenet til Røros. Kommunevåpenet illustrerer to bergverkshamrar i kors under eit koparsymbol. Sidan kommunevåpenet er eit kjenneteikn for kommunen si utøving av offentleg myndighet (Cappelen, 2021), ber det stor tyngde i representasjonen av kommunen. Det er også svært synleg, da kommunen ikkje berre bruker det på eigne bygg og eigedommar, men også på m.a. dokument, uniformer, annonsering og på skilt ved kommunegrensene. Slik sett sementerer og stadfestar kommunen bergverkshistoria si tyding for Røros gjennom dette symbolet. Symbola frå kommunevåpenet, altså dei krossa bergverkshamrane og jernsymbolet, går også att fleire andre stader, som i logoen til Rørosmuseet, Røros idrettslag og Vertshuset Røros, sjå figur 5.4.




Figur 5.4: Kopparsymbol i det lingvistiske landskapet.

5.2.4 Utsmykking

Også i den offentlege utsmykkinga blir identiteten som gruvedriftssamfunn forsterka. Det finst m.a. fleire statuar som tematiserer dette. Sentralt nedst i Kjerkgata står «Bergmannen og hans hustru» plassert. Denne står ved det som for mange blir inngangen til sentrum, og er godt synleg. Ved Rørosmuseet står det ein statue av ein rein. Denne reinen representerer det som er opphavsmyten til Røros. Myten seier at ein lokal bonde ved namn Hans Olsen Aasen skaut ein rein da han var på jakt. Da sparka reinen vekk noko lyng som avslørte koppar i berget. Denne myten står også på innskrifta til statuen: «Reinsbukken falt for Hans Aasens skott, sparket i dødskampen unna måssåen på fjellrabben. Kåppårmalmen skinte fram og med den ble bergstaden til». Dette skal visstnok ha vore ein villrein, men fleire av deltakarane mine spekulerer i om det kan ha vore ein rein som tilhøyrde samar. Det har eg sjølvsagt ikkje noko belegg for å korkje stadfeste eller avkrefte her, men om dette no var tilfellet, ville opphavsmyten

til Røros som bergstad ha sagt noko overveldande symbolisk om tilhøvet mellom samar og gruvedrifta, sjå figur 5.5. Også inne på kulturhuset Storstuggu finst det kunstverk som ser ut til å tematisere gruvedriftshistoria. Der heng det eit bilde med eit industrielt motiv, som kan sjå ut til å vere frå ei gruve.



Figur 5.5: Utsmykking med gruvedriftstema

5.2.5 Infoskilt

Dei mange infoskilta som er å finne utandørs, og dessutan på togstasjonen, tar i hovudsak for seg bergverkshistoria, verdsarven og naturopplevingar. Eitt infoskilt skisserer opp opphavet til danninga av Røros, t.d. slik: «Grunnlaget for Rørossamfunnet var bergverksdriften Røros Kobberverk og byen omtales følgelig som Bergstaden eller rettere Sta'a på lokal dialekt. Det er store kulturminneinteresser i området, og hele Røros bergstad og Cirkumferensen står på UNESCOs liste over verdens kulturarv». På eit infoskilt om Rørosmuseets publikumstilbod er det berre lista opp aktivitetar som har med gruvedrift å gjere, med unntak av eit avsnitt som handlar om friluftsparken Doktorljønna, som museet også driftar, figur 5.6.



Figur 5.6: Informasjonsskilt

5.2.6 Johan Falkberget

Johan Falkberget (1879-1967) var politikar, redaktør og Røros' kanskje mest kjente forfattar. Dei mest kjente bøkene hans, *Den fjerde nattevakt*, serien *Nattens brød* og trilogien *Christianus Sextus*, har livet i gruvene på Røros som bakteppe, der han også sjølv arbeidde som ung (Skei mfl., 2021).

I bybildet er forfattaren godt representert. Reiser ein kollektivt, er statuen av han noko av det første ein ser når ein kjem til togstasjonen (sjå figur 5.7). Innfartsåra nordfrå ber også forfattarens namn, og dessutan finst det to gater som er oppkalla etter karakterar frå bøkene hans, An-Magratt-veien og Ol-Kanelesaveien, etter An-Magratt frå *Nattens brød* og smeden Ole Korneliussen frå *Den fjerde nattevakt*. Det finst dessutan ein statue som avbildar An-Magratt, utfør kulturhuset Storstuggu. Sidan Falkbergets litteratur så tydeleg er knytt til bergverksmiljøet, blir nærværet hans i det lingvistiske landskapet enda eit aspekt som framhevar denne historia.



Figur 5.7: Johan Falkberget representert i det lingvistiske landskapet

På den andre sida er det noko problematisk over Falkbergets nærvære i det lingvistiske landskapet, da Falkberget både i litteraturen sin, men også i samfunnsdebatten, uttalte seg i negative ordelag om den samiske minoriteten på staden. Til dømes møter lesaren fleire samar i *Den fjerde nattevakt*. Der er dei presentert som smørblide, ukultiverte og uhygieniske. I tillegg snakkar dei med ein «tjukk» aksent, som skal markere at norsk er andrespråket deira. Til dømes møter lesaren eit samisk kjærastepar, der mannen går med dama i band og begge er overmåte blide. Sjølvsagt kan den negative haldninga i litteraturen tilskrivast forteljarstemma eller hovudpersonens blikk, noko som gjer saka meir kompleks. I den journalistiske produksjonen til Falkberget er det derimot liten tvil om kven haldningane tilhører. I ei reiseskildring i avisa Nordlys skriv Falkberget om samane på den russiske staden Boris Gleb: «Dette folk står nok på et meget lavt kulturstandpunkt [...] De er som de andre lapper, lavvoksne og hjulbente. Vakre er de ikke. Det er synd at si» (Falkberget, 1908). Sitatet vitnar om eit sterkt nedvurderande og sosialdarwinistisk syn på det samiske folket.

Det er nærliggande å trekke parallellear til ein liknande debatt som har utspelt seg lenger nord, i Hábmera suohkan/Hamarøy kommune i Nordland. Der har forfattaren Knut Hamsun fått ei godt synleg rolle, trass hans rasistiske haldning til den lulesamiske folkesetnaden på staden (sjå t.d. Hareide, 2021). Forfattarens profilerte posisjon blir tydeleg gjennom mellom anna eit eige Hamsun-senter og at både den vidaregåande skolen og fleire gater i kommunesenteret er oppkalla etter både han og hans litterære karakterar. Skilnaden er at medan ein på Hamarøy har ein diskurs rundt problematikken Hamsun byr på i møtet med samane, har ein på Røros ikkje sett den same debatten rundt Falkberget, så vidt min kontaktperson er kjent med (J. Fjellheim, personleg kommunikasjon, 18. oktober 2021).

Statuar og vegnamn er til skilnad frå besökssenter ikkje arenaar som fremmer nyansert diskusjon, men heller hyller forfattaren utan noka særleg moglegheit til å debattere nøyaktig *kva* det er ein gjer opp monument rundt – *det* er det opp til den enkelte tilskodaren å avgjere. Slik kan også Falkbergets nærvære i det lingvistiske landskapet romme ei form for implisitt anti-samisk nærvære.

5.2.7 Samisk kultur i LL

Samisk kultur og historie er nesten heilt fråverande på Røros, på same måte som det sørsamiske språket. Ved Kvitsanden og Øya barnehage er det nokre gammar, og ved Ysterhagaen barnehage er det dessutan eit sameflagg og eit solsymbol, sjå figur 5.8. Matprodusenten Rørosrein har logo med rein og ein gamme ved lokale sitt. Elles finn eg lite samiskkulturelt innhald under mine undersøkingar.



Figur 5.8: Samisk kultur i det lingvistiske landskapet

Det samiske er nok mest synleg innan turismebransjen og utfor museet. Utfor turistinformasjonen er det avbilda både trekkrein og ein reinflokk på ein plansje om Rørosregionen, figur 5.9, og på nettstaden er det fleire aktivitetar som har med samisk kultur å gjere, som nemnt i kap. 4.1.6. Når eg vitjar Røros, er det berre reklame for ei utstilling om Alta-aksjonen utfor Rørosmuseet, som er ei epokegjerande hending i samisk historie, men den røper ikkje noko om det lokale sørsamiske nærværet.



Figur 5.9: Samisk ved Rørosmuseet og turistinformasjonen

I bybildet elles finn eg små drypp av samisk kultur, som reinkjøtt til sals i ein butikk og på ein pizzameny og i eit reinskinn utfor Husfliden, sjå figur 5.10. Dette er implisitte samiske teikn, og føreset at tilskodaren kjenner til at reinkjøtt og reinskinn er spesifikt samisk. Dette kan ein forvente av nordiske personar, men andre turistar har ikkje naudsynlegvis kjennskap til at reindrifta er eksklusivt samisk.

Etter denne oppsummeringa må ein kunne konkludere med at det ikkje finst noko tydeleg samehistorisk eller -kulturelt nærvære i det lingvistiske landskapet på Røros. I staden er bergverkshistoria tydeleg representert, og denne kulturen fyller moglegvis rommet som kunne ha vore brukt til samisk opplysning. Noko som blir synleg i døma mine, er at det som er av samiske uttrykk, ofte opptrer i selskap med gruvedriftshistoria eller ikke-samisk historie, slik annonsen for utstillinga om Alta-aksjonen står ved sida av informasjon om bergstadvandring (figur 5.9), reinskinnet er ved sida av eit saueskinn, og at reinkjøtppizzaen er å finne på *Peder Hiort Mathus*, oppkalla etter ein av bergverkets mest kjente direktørar.



Figur 5.10: Samisk til sals i sentrum.

På eit infoskilt utfor Rørosmuseet står det litt om verdsarven, noko som altså stort sett handlar om bergverksdrift og -samfunn. Den samiske minoriteten er her nemnt i éi setning: «Jordbruk ble en viktig del av livsgrunnlaget, og handel med samene i traktene tilførte viktige ressurser fra reindrifta». Dette belyser at sørsamar var ein del av samfunnet på staden, men set samstundes samane *utanfor* Røros-samfunnet, dei var nokon ein handla *med*, ikkje ein del av det samfunnet infoskiltet forsøker å risse opp for lesaren. Her går altså den utanforposisjonen som Gjelsvik skisserer att (sjå kap. 5.1.1).

5.3. Tilhøyrsel

Spørsmålet om stadens identitet er også eit spørsmål om tilhøyrsel. Kven inkluderer ein med ei viss stadtjensle, og kven blir utelate? Ein stad kan sjølvsagt spele ulike roller i folk sin sjølvidentifikasjon. Heimstaden har i norsk samanheng vore ein viktig kategori for tilhøyrsel og identitetstilskriving (Wiborg, 2003, s. 129). Men frå å vere noko som var kollektivt definert, har tydinga av lokal tilhøyrsel gått over til å bli noko individet i større grad kan rå over sjølv, heilt i tråd med ein overgang frå eit essensialistisk til kulturkonstruktivistisk syn: «Bygda eller stedet som sosial, kulturell og geografisk bakgrunn representerer et repertoire av symboler som individer bruker på forskjellige måter til utforming av ønsket individuell identitet» (Wiborg, 2003, s. 149) Ein kan altså velje kva for symbol ein ønsker å knyte seg til, alternativt om ein ønsker å orientere seg *bort fra* staden i sin sjølvidentifikasjon.

I mitt datamateriale ser deltakarane ut til å relatere seg ulikt til Røros når det gjeld tilhøyrsel. To av deltakarane svarer at det hovudsakeleg er praktiske gjeremål som knyt dei til bergstaden:

Når eg tenker på Røros som tettstad, altså akkurat her der det er flest folk og liksom- så er jo det arbeidsplassen min. Det er liksom den tilknytinga eg har til Røros som tettstad, [...] Det er jo at det er her kontoret ligg, det er her eg er på jobb. Det er her eg utrettar visse ærend, altså her ligg jo dei her samfunns- ja, sånt som legekontor og kommuneadministrasjon og sånne saker, og det er jo som er. Elles så kjenner eg ikkje at-

I: Føler du tilhøyrsel til Røros?

D: Ja, eg gjer jo det. Men ikkje Røros som *by*, eg føler ikkje at det her er heimbyen min og at det er *her* eg høyrer heime [...] Røros som *by* har jo berre vore der eg har [drive fritidsaktivitet], her eg har gått på skole. Eg har jo aldri budd på Røros, så.

Begge desse deltakarane legg opp eit skilje mellom bergstaden Røros og Røros i vidare forstand. Ein av desse deltakarane har tilhøyrsel i reindrifta, og påpeiker at kommunesenteret ikkje er viktig for hen, men at omgjevnadane derimot er meir viktig:

Alt det du ser rundt her, er område vi bruker. Sånn at det er jo nokre ting vi er heilt avhengige av, og vi har jo alltid vore rundt her. Sånn at eg føler jo tilhøyrsel til *områda*.

Og nett dette tilhøvet til naturen ser ut til å spele ei viktig rolle for dei fleste deltakarane mine, og ikkje berre dei som har reindriftsbakgrunn:

For meg så er det jo nærliken til naturen. Eg kan stikke ut når eg vil, og fare som eg vil, og det finst nærliken til kompisar, familien min. Ein trygg og fin plass, eigentleg, trivst godt på.

Deltakarane peiker altså på både natur, kulturliv og relasjonar i sin tilhøyrsel til Røros, men det er altså ingen som trekker fram stadkjensla som blir presentert gjennom det lingvistiske landskapet, altså den som i stor grad botnar i gruvedriftshistoria. To av dei orienterer seg eksplisitt bort frå Røros bergstad i sin sjølvidentifikasjon, noko eg meiner handlar om nett korleis denne stadkjensla er framstilt på mange frontar, m.a. i det lingvistiske landskapet.

Ved at gruvedriftshistoria blir nokså einsidig framstilt i LL som særpreget til Røros, ekskluderer ein mange menneske sin hug til å identifisere seg med Røros. Da staden ikkje berre er grunnlag for ein individuell identitet, men også plasserer individet i eit fellesskap (Thuen, 2003, s. 25), kan ei ekskluderande stadkjensle bidra til å utelate nokre grupper frå kollektivet Røros. Ei inkluderande stadkjensle kan seiast å vere spesielt viktig for samane i Røros-området, særleg fordi det kan bidra til å reforhandle det inntrykket av tilhørselen deira som framrykkings-teorien (sjå kap. 2.3) har skapt.

6 Maktdimensjonar

I språksamfunn der minoriteten berre beherskar sitt eige språk, og elles har lite kjennskap til majoriteten sitt språk, har nærvære av minoritetsspråket både ein praktisk og ein symbolsk funksjon. Sidan fornorskinga har ført til at alle samar snakkar norsk – og dessutan at langt ifrå alle beherskar samiske språk – gjer det at den symbolske funksjonen blir viktigast i LL på Røros. Grunna dette blir maktperspektivet heilt sentralt for situasjonen der. Språkfordelinga i det lingvistiske landskapet er ein observerbar indikasjon på maktfordelinga i det same samfunnet:

The linguistic landscape may act as the most observable and immediate index of the relative power and status of the linguistic communities inhabiting a given territory. If this is so, the linguistic landscape may also exert a strong influence on community members' cognitive representation of the relative power and status of these communities (Landry og Bourhis, 1997, s. 29-30).

Som Landry og Bourhis her påpeiker, kan nærværet av dei ulike språka verke inn på korleis innbyggjarane oppfattar dei ulike språka. For eit minoritetsspråk som sørsamisk er det derfor mykje som står på spel i det lingvistiske landskapet.

I dette kapittelet skal eg samle trådane frå dei to førre kapitla, og forsøke å sjå det lingvistiske landskapet på Røros frå eit maktperspektiv. Som eg tidlegare har nemnt (sjå kap 5.1), er språkfordelinga og stadskapininga i LL langt på veg spørsmål om definisjonsmakt. Kapittelet startar med ei attgjeving av nokre sentrale spatiale konfliktar i Saepmie og Røros-området. Med det ønsker eg å gje lesaren eit bakteppe for vidare lesing, og sjå LL i samanheng med liknande tendensar i elles i samfunnet. I siste del av kapittelet skisserer eg opp den historiske linja i den koloniale fortida, frå aktiv kolonialisme, til dagens postkoloniale samfunn og overgangen til ei avkolonisering av samfunnet.

6.1 Territorium, etnisitet og konflikt

Det som har forma den samiske befolkninga, må ein seie, det er jo at dei stendig har vore i konflikt. Stendig konflikt frå 1700-talet og fram til i dag.
– Deltakar

Maktkampar gjer seg gjeldande på mange ulike arenaar, og éin av dei er landområde. Både juridisk og symbolsk kan makthavarar gjere krav på eit territorium. Dette har eg vist at er tilfellet i det lingvistiske landskapet på Røros og i Brekken. Der blir maktfordelinga mellom den norske majoriteten og den sørsamiske minoriteten synleg gjennom den asymmetriske representasjonen av dei to kulturane og språka i sentrumsområda. Ben-Rafael mfl. (2006, s. 9)

skriv at maktrelasjonar er ein av tre nøkkelpunkt for å forstå utforminga av det lingvistiske landskapet. Asymmetrisk maktbalanse er ein grunn til at norsk språk og kultur dominerer i LL på Røros.

Denne symbolske territoriale inndelinga er det fokus på i LL-litteraturen. Som nemnt i kap. 5.1, skriv Landry og Bourhis (1997, s. 25) at ein av funksjonane nærværet av eit språk kan ha i LL, er nettopp at det markerer territorium. Det fortel noko om kva for språkbrukarar som har tilhørsel og heimstamn på ein stad. Men også historia til staden som blir presentert i LL, er eit uttrykk for makt. Stadkjensla kan vere med på å markere grenser, kven som er inkludert (Rose, 1995, s. 99).

Ein tydeleg parallel til det lingvistiske landskapet finst i fordelinga av landområde i Saepmie generelt, og i Røros kommune spesielt. Det har i århundrar eksistert konfliktar mellom reindriftsutøvarar og bønder i Røros-traktene. Det finst døme på at bønder og reindriftssamar har støytt saman, og at bønder, for å få einerett på seterområde, har brukt vald, skote rein, gjort krav på eigedom og brent ned reindriftssamane sine gammar heilt frå 1700-talet (S. Fjellheim, 1999, s. 91-124). Konfliktane om landområde har resultert i ei rekke rettvistar, der samane ofte har gått ut som tapande part. Da gruvedrifta etablerte seg på Røros på 1600-talet, fekk som nemnt koparverket rett på landområde som allereie var i bruk av mellom andre reindriftssamar (sjå kap. 2.1). Ein deltarar peiker på skeivheita i dette:

Grunneigarane har vore alt for kravstore på eigne vegne, har eg vel tenkt nokre gonger. For i si tid så kom *dei* hit og utan at det var nokon som sette grenser for det dei byrja med [...] At kommunen på ein måte har arrondert sitt område utan å stille spørsmål om dei som kom og slo seg ned som bønder, eller det samiske som sannsynlegvis var enda før det, at konsekvensane av det har aldri vore tatt på alvor frå staten eller kommunen si side.[...] Så dei har mått kjempe for rettane sine. Og eg trur ikkje at dei har fått alt det dei eigentleg burde hatt krav på.

Desse arealkonfliktane har halde fram heilt til nyare tid, slik også sitatet øvst under denne overskrifta framhevar. Ikkje minst blei saka om utbygginga av Alta-Kautokeino-vassdraget på 1960-talet definande for samepolitikken (Andresen mfl., 2021, s. 370ff). Store samepolitiske saker nærmare dagens dato er Repparfjord-saka i Finnmark, der planlagt gruvedrift vil gå utover m.a. reindrifta i området (Ruud, 2019), og den allereie nemnde Fosen-saka (sjå kap. 4.3). Meir lokalt finst den såkalla Aursund-saka frå 1997, der samane i Riast-Hylling og Essand reinbeitedistrikt mista retten til eit viktig beiteområde aust for innsjøen Aursunden i Røros kommune. Sverre Fjellheim (1999, s. 138f) skriv om paradokset i at dommen i denne saka kom berre 17 dagar etter at kong Harald hadde beklaga fornorskinga overfor samane under opninga

av Sametinget. Men desse konfliktane i Røros-området ligg også mykje tettare opp til dagens dato. Den såkalla Tufsingdalen-konflikten har føregått sidan 2012, og er ein konflikt mellom 22 grunneigarar i Tufsingdalen, Narbuvoll og Narbujordet i Os kommune og reindriftseigarane i Femund reinbeitedistrikt. Konflikten handlar om at rein på vinterbeite skal ha beita på innmarka til bøndene. Konflikten blei avgjort i lagmannsretten i 2019, partane blei samde om å sette opp eit sperregjerde rundt innmarka, mellom anna (Rensberg, 2019). Men reindriftsnæringa har også mange andre gonger vore på kollisjonskurs i tilfelle der tilgang til landområde har stått sentralt, t.d. i samband med utbygging av hyttefelt, turisme friluftsliv og vei- og kraftutbygging (sjå t.d. Gaup-Johansen mfl., 2022; Jortveit, 2020; Regjeringen, 2009). Merksemda rundt slike saker opplever deltakarane mine at får konsekvensar for haldningane til samane i Røros-området:

Dette handlar om heile det eksistensielle grunnlaget til det samiske folket. Spesielt i området her, der dei aller fleste familiane driv med rein, eller har familie som driv med rein. Og da skjønner ein jo gjerne at ein møter litt motstand òg, da, i lokalsamfunn, viss ein seier nei eller stopp til noko andre ser på som utvikling. Så blir ein på ein måte «the bad guy». Fordi at ein seier nei. Og så går det utover ungane, og så kjem det der inn på skolane og inn i klasserommet, og ut i skolegarden og på fotballtreninga fordi at ein er dei motstridande partane.

Reint konkret er desse konfliktane altså forhandlingar om retten til bruk av land, men djupast sett kan dei også forståast som forhandlingar om etniske grenser. Føresetnadane i desse forhandlingane er langt på veg bestemt av dei eksisterande makttihøva, og dermed er dei ofte til den norske majoriteten sin fordel. Dette er symbolske forhandlingar om tilhøyrsel og bruksrett, slik vi har sett i kap. 4 om nærværet av språk, og i kap. 5 om nærværet av historia som definerer stadtjensla.

Både i arealsaker og i LL har samiske interesser historisk vore oversett, men no ser ein at dette er i ferd med å snu. Både på internasjonalt og lokalt plan finst det lover som sikrar urfolksrettar, m.a. kva gjeld rett til bruk av områder. I Fosen-saka kvilte t.d. dommen på FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, artikkel 27, der det står at etniske minoritetar ikkje kan nektast retten til kulturutøving. I LL på Røros er det Stadnamnlova og forpliktingane knytt til forvaltningskommunen som sikrar samisk språk ein plass i bybildet.

6.2 Frå usynleggjering til synleggjering: kolonisering, postkolonialisme og avkolonisering

Ein har arva mykje av det som har skjedd i fortida, det som har hendt bestemora di, ho har blitt mobba og ikkje fått prate på skolen. Det som har skjedd, det kan gå litt i arv. Det er ikkje naudsynlegvis sånn at eg har opplevd det, men i og med at det er fortalt rundt omkring kva som har skjedd, så er det ein stor del av meg lell, så eg kjenner meg forulempa på deira vegne, viss du skjønner.
– Deltakar

Fornorskingspolitikken (sjå kap. 2.3) var i stor grad ein usynleggjeringspolitikk, og den var brutal og altomfattande. Narrativet om samane som underlege gjekk att overalt, noko som førte til at mange samar internaliserte denne tankegangen. Det finst mange døme på at foreldre forsøkte å skåne barna sine for sine opplevelingar og derfor slutta å snakke samisk til dei, og mange forlét sin samiske identitet. Slik blei det samiske enda mindre synleg enn om usynleggjeringa berre hadde vore aktivt pådrive frå myndighetene. Også samiske stadnamn blei utsette for usynleggjering. Tidleg på 1900-talet hadde Norges Geografiske Oppmåling¹⁴ ein uttalt praksis med å omsette samiske stadnamn til norsk i sine kart der dette lét seg gjere (Bergsland, 1991, s. 19), og slik forsvann truleg mange samiske namn ut av bruk.

6.2.1 Kolonitid legg føringar for postkoloni

Sjølv om koloniseringa av samiske folk no er offisielt avskaffa, har den forma synet mange har på samane. I eit postkolonialt samfunn som Røros, eksisterer dei mentale strukturane frå fortida framleis i folk. Dei koloniale ideologiane og diskursane er «[...] not just a matter of history; rather, they are perpetuated and continue to actively construct minorities in many parts of the world» (Costa mfl., 2018, s. 9). Tilsynelatande avslutta prosessar frå fortida held fram med å påverke dagens haldningar og politiske prosessar. Desse leivningane tar mange ulike former. Det tidlegare generasjonar har fortalt om sine opplevelingar, har sett merke i sjela til dagens samar, slik sitatet under overskrifta vitnar om. Deltakarane mine kan fortelje om at dei framleis i dag møter generalisering, fordommar og får uønskt merksemd rundt sin etnisitet. Dette gjer at dei i heilt daglegdagse situasjonar må tenke over kva rolle dei vil innta. Deltakaren i sitatet under fortel kor komplisert dette kan vere i sosiale samankomstar:

Spesielt viss ein er i – altså i mindretal. Ein er jo alltid i mindretal, men viss ein ikkje har nokon like ved seg, viss ein ikkje har nokre vene som er samiske, da, eller nokon rundt seg, så blir ein jo på ein måte den *einaste*. Og det kan vere litt sårt nokre gonger. Da er ein eigentleg litt i forsvarsmodus for det som måtte komme. Det treng jo ikkje å vere noko alvorleg i det heile, det, altså, men det kan jo vere ein litt enkel samevits, til dømes. Om ein femtilapp, eller eit eller

¹⁴ Sentralinstitutt for kartlegging av Noreg. Slått saman med Norges sjøkartverk til Statens kartverk frå 1986.

anna, og der og da går det på ein måte bra, men ein har alltid det der i seg at ein mest sannsynleg må forsvare seg på eitt eller anna tidspunkt. Eller ein må alltid tenke over korleis ein skal reagere. Skal ein snakke imot? Skal ein seie at «hallo, slutt, det der er ikkje noko morosamt», og så på ein måte bli *den* festbremsen, da? Eller skal ein le med dei? Altså ein må ta dei vala aktivt kvar gong, da. Rett og slett om ein vil bli godt likt eller ikkje, eigentleg.

Deltakaren forklarar kor krevjande det kan vere å måtte stå opp mot sårande kommentarar eller artigheiter. Den samiske etnisiteten er ikkje alltid noko som glir umerka hen i sosiale samanhengar, men står heller ut som markert. Samiskheita blir gjerne eit slags definierande kjennemerke for korleis folk til ei kvar tid ser ein, slik ein deltarakar snakkar om:

Det eg kjenner på, er at eg heile tida blir bedømt for å vere same. Altså eg *er* jo det, det er ikkje noko med *det*, men altså, at det blir ofte generalisert utifrå det eg gjer. Det er liksom sånn som samar gjer. Eg får ikkje vere, liksom, berre *meg* om eg gjer noko. Eg blir liksom ein slags mal for korleis samar er, eller liksom «Å, dokker samar er slik, dokker samar gjer sånn». «Nei», seier eg, «det er ikkje vi samar, det er eg som gjer det, som individ, som gjer akkurat sånn her». Men det blir ofte sånn, du blir ofte møtt med den haldninga, at dokker samar gjer slik og dokker samar gjer sånn. [...] for det meste bryr eg meg ikkje, men av og til må eg jo protestere, da.

Ein annan deltarakar fortel at hen ikkje har fått nokre negative kommentarar rundt etnisiteten sin på Røros, men at det kan vere fordi «[...] at ein er *litt* tilbakehalden med å bruke gapta, eller kufta, da, i offentlege samanhengar, fordi at du er litt usikker på kva for kommentarar du kan få». Ein sak som nyleg var oppe i media, viser nokre liknande tendensar. To jenter ved Røros VGS valde bort å bruke gapta på juleballen, i frykt for stygge kommentarar (Dragsten Bendiksen, 2021). Denne potensielle, uønskte merksemda viser at samisk etnisitet framleis står fram som markert i dagens Røros. Sitata viser også at gamle haldningar framleis bidrar til å gjere samisk etnisitet usynleg, ved at samar vel å ikkje bruke gapta. Fortida sine mentale strukturar er framleis aktive.

Også nedvurderinga av samar i dei lokale media, omtalt i kap. 4.3.1, og arealkonfliktane, nemnt i kap. 6.1, kan forklarast som etterverknadar av koloniseringa av samane på staden. Det same gjeld faktumet at det samiske framleis ofte er reservert til ein eigen lukka, samisk sfære, slik eg har skrive om i kapittel 4.3.4. Det har vore vanleg å snakke samisk berre når det ikkje er ikkje-samar til stades, og framleis når mange samiske arrangement berre ut til dei samiske innbyggjarane på Røros. Dette kan som nemnt vere ein strategi for å verne det samiske frå nedvurderingane som tradisjonelt har komme utanfrå, og er på sett og vis ei vidareføring av koloniale tendensar.

Den postkoloniale tilstanden kan ikkje minst også forklare den marginale posisjonen til det samiske språket og historia i det lingvistiske landskapet på Røros, som omtalt i kap. 4.1.1 og 5.2.7. Den dominerande posisjonen norsk språk har hatt, og held fram med å ha, gjer at det norske sit på definisjonsmakta og dermed legg grunnlaget for korleis det lingvistiske landskapet ser ut. Det er framleis i stor grad det ikkje-samiske sine verdiar som blir reflektert i LL på Røros. Dette er fordi dei koloniale strukturane sit att og det framleis er ikkje-samiske interesser som er styrande i politiske prosessar. Som Landry og Bourhis påpeiker i sin artikkel om LL:

Given that it is the dominant language group that can most effectively control the state apparatus regulating the language of public signs, one can consider the relative position of competing languages in the linguistic landscape as a measure of how the dominant group treats the linguistic minorities inhabiting the given territory (Landry og Bourhis, 1997, s. 29)

At sørsamisk har ein såpass marginal og usynleg posisjon kan altså forståast som at det ikkje er prioritert på politisk nivå. Dette treng slett ikkje å vere ei medviten politisk avgjerd frå notida, men er truleg heller restar av fortida sine politiske tendensar. Dette er rett nok i ferd med å endre seg, noko innlemminga i forvaltningsområdet er eit teikn på, som eg kjem tilbake til seinare i dette kapittelet.

At samisk er markert, har samanheng med fornorskinga sine usynleggjeringss prosessar. Med røter tilbake til nasjonsbyggingsprosjektet, der samane blei definert som ei distinkt og lågareståande gruppe, ser ein at dette framleis heng ved. Det er konstruert eit «oss» og eit «dei», og sjølv om ein på eit medvitent plan har gått bort frå denne tankegangen, er slike slengkommentarar og merksemd rundt etnisiteten teikn på at det eksisterer restar av desse mentale strukturane i det postkoloniale Røros. Dette forklarar også korfor synleg samisk språk kan resultere i sabotasje av skiltinga, slik ein har sett i Bodø og Kåfjord (sjå kap. 5.2.1).

Til no har eg brukt termen «minoritet» om sørsamisk språk og om samane som folkegruppe. Dette vil eg no problematisere. Det er nemleg ikkje slik at det er noko *ibuande* ved samane som gjer at dei er i mindretal eller sit på mindre makt. Partisippforma «minorisert» speglar i større grad at minoritetsstatusen er eit resultat av handlingar og politikk ført mot samane:

The term minoritized [...] reflects the understanding that minority status is neither inherent nor fixed. It implies not only that «minorities» are forged out of «majorities», but also that certain groupness projects entail the creation of a marginalised collective «Other». Finally, and most importantly, it emphasises the processual and constructed nature of group categorisation as «a minority» (Costa mfl., 2018, s. 8).

Samane har altså sidan fornorskinga blitt «skilt ut» som noko distinkt *Anna* enn det normale, nokon ein kan differensiere seg frå. Derfor er det at det framleis i dag kan føre til merksemd rundt etnisiteten din om du er samisk, medan ein ikkje-samisk, eller norsk etnisitet ikkje blir viggd same merksemd, og passerer som nøytralt.

6.2.2 Avkolonisering – asymmetriske tilhøve under endring

Maktilhøvet mellom minoritet og majoritet er med andre ord blitt skapt av hundreår med undertrykking og usynleggjering. Samane er kategorisert som minoritet, men denne posisjonen er noko som kan reforhandlast, og slik bli eit steg i ein avkoloniseringsprosess. Avkolonisering vil seie at ein forsøker å reversere prosessar som blei skapt av koloniseringa. Ein ordboksdefinisjon er: «To free from the dominating influence of a colonizing power, especially to identify, challenge, and revise or replace assumptions, ideas, values, and practices that reflect a colonizer's dominating influence» («Decolonize» u.å.). Avkolonisering er altså ein prosess der ein blir medviten om kolonatoren sitt maktovertak og arbeider for å (gjen)opprette ei meir symmetrisk maktfordeling mellom dei ulike gruppene.

Forvaltningskommunen si rolle i avkoloniseringa

På Røros må ein seie at innlemminga i språkforvaltningsområdet kanskje er det største konkrete avkoloniseringsgrepet i samtida. Dei forbetra rettane ein har rundt samiske språk i ein forvaltningskommune vil fungere som eit insitament til forandring. Som nemnt i kapittel 2.4. får sørsamisk språk og kultur ein større plass i utdanningssektoren, helsesektoren og i offentleg administrasjon, noko som utfordrar strukturane frå fornorskinga. Slik eg argumenterte for i kapittel 4.2.3, kan denne auka nytteverdien og inkluderinga av sørsamisk språk i høgstatusdomene også forbetre statusen til det sørsamiske i Røros-samfunnet.

At Røros er blitt forvaltningskommune, gjev det sørsamiske språket ein tydelegare plass i interetniske sfærar enn det har hatt før. Dermed blir samisk språk og kultur synleg i Røros kommune. Sjølv om sørsamisk språk har vore brukt på Røros gjennom heile fornorskingsperioden og fram til i dag, vil dette gje ikkje-samar og tilreisande eit større medvit om samane sin tilhørsel på staden. Slik kan ein unngå misoppfatningar om at samane berre snakkar norsk seg imellom (sjå kap. 4.3.4). Men det kan også bidra til å endre negative og likegyldige postkoloniale haldningar til det samiske, slik ein av deltakarane er inne på:

I: Trur du [innlemminga] kan ha nokon innverknad på synet på det samiske?

D: Ja, det trur eg. Det er jo med på å ufarleggjere når ein ser det at det samiske har noko å gje. Det genererer positivitet, på det meste. No veit eg ikkje eigentleg kva den gjengse Røros-innbyggjar synest, men det er jo sånn og når– ja. Forvaltningskommune, no skal det samiske tydeleggjerast og det skal implementerast rundt omkring i dei forskjellige etatane, og det er

mange som synest «uff, treng vi verkeleg dette her, da?» at det følast ut som enno meir, ja– «det angår ikkje oss». Men i og med at ein er ein forvaltningskommune så føler eg at det har positiv innverknad på at ein får ein enno meir– at ein kan opplyse mykje meir.

Innlemminga i forvaltningskommunen kan med andre ord bidra til å avkolonisere Røros og avminorisere det sørsamiske språket. Ein deltarar reflekterer rundt dette i intervjuet. Her har deltararen nettopp sagt at det er viktig å løfte fram samisk i samfunnet. På spørsmål om korfor han synest det, er svaret:

D: Det er for [...] at det samiske skal få ta sin naturlege plass i samfunnet, eigentleg.

I: Kva er den naturlege plassen til det samiske? Sidan du seier det?

D: (Ler) Hm. At det blir ein sjølvfølge at det skal vere med i, til dømes, Røros-samfunnet, at det skal visast, at det skal varetakast og takast med i likninga viss det er noko som skal skje, endringar i samfunnet.

Sitatet reflekterer ei rørsle vekk frå det minoriserte og markerte. Deltakaren uttrykker eit ønske om å synleggjere det samiske på Røros, og at røkta og bruken av samisk skal vere like prominent som bruken av norsk er i dag.

Det lingvistiske landskapet si rolle i avkoloniseringa

Lingvistiske landskap kan på i alle fall to måtar vere eit ledd i ein avkoloniseringsprosess. For det første kan synleggjering av sørsamisk språk i LL vere med på å reforhandle kva for språklege identitetar som har tilhøyrsel på staden. Som funna mine har vist, er sørsamisk nærast usynleg i LL på Røros i dag. Når eg spør ein deltarar korfor han synest at det er viktig at samisk språk er synleg i LL på Røros, er svaret han gjev ein refleksjon om nettopp synleggjering som avkoloniseringsstrategi:

Ein anna ting er jo berre det at folk skal vere klar over at det her skal ikkje vere eit kolonisert område, på ein måte. Fordi at på ein måte, så er det kanskje litt *det*, men ein tar det jo litt tilbake no, da. Og viser at ein framleis har plass her, da. [...] for min del så føler eg at det er veldig viktig [at skilta står på samisk], igjen. Og ein norsk rørosing synest kanskje at det ikkje er så viktig, men mange synest òg at det *er* viktig, for dei vil ikkje vere den som har makta og er over oss. Eg møter veldig mange som er lei seg for at dei ikkje kan meir. Dei er lei seg fordi at deira forfedrar har gjort eit overgrep. Dei har ikkje lyst til å– dei tar avstand frå det, på ein måte.

Det er med andre ord ikkje berre samane på Røros denne avkoloniseringa er viktig for, ifølgje deltararen, men som det kjem fram i siste del av sitatet, så er denne avkoloniseringa også viktig for ikkje-samar. At LL opnar for at samisk får større nærvære i den interetniske sfæren, kan verke forsonande og gjere at ikkje-samar som ønsker å orientere seg bort frå banda til den koloniale fortida i større grad kan identifisere seg med heimkommunen sin. Det blir mindre

problematisk for desse innbyggjarane å vere del av eit samfunn som aktivt tar avstand frå fornorskinga gjennom å vere forvaltningskommune.

For det andre kan ein gjennom stadskaping i LL framstille ei ny historie for staden. Slik situasjonen er i dag, kjem det ikkje tydeleg fram at det har budd samar på Røros historisk, og at det framleis er ein tokulturell stad (sjå kap. 5.2). Med Yngvar Nielsen sin framrykkingsteori *in mente* (sjå kap. 2.3), kan ein påstå at nett det å vise fram samane sin lange tilhøyrsel på staden er spesielt viktig for å tilbakevise kolonialt tankegods.

Som eg tidlegare har poengtert kan LL fungere som ein forhandlingsarena, og på denne forhandlingsarenaen kan ein avminorisere sør-samisk kultur, ved at den ikkje lenger står utanfor som noko Anna, men heller blir reportalt som ein integrert del av historia til staden Røros. At stadtjensla blir meir samisk, kan bidra til at det samiske blir meir *forventa* i Røros og dermed mindre minorisert. Skilta i LL kan fungere som innlegg i ein offentleg diskusjon om samane sin tilhøyrsel. Historia om samane på Røros kan gå frå å vere ei sekundær forteljing til å bli ei integrert forteljing om staden.

Denne synleggjeringa er rett nok ein prosess som vil ta tid. Det er tidkrevjande å skulle reversere ein usynleggjeringsprosess som har fått verke i over 100 år. Som eg tidlegare har forklart (sjå kap. 2.4.1), må det fleire byråkratiske prosessar til før ein kan tenke seg at den tospråklege skiltinga i LL på Røros er reelt balansert. Dessutan er det jo berre kommunen og fylkeskommunen som er pliktige å bruke sør-samisk i skiltinga. Private aktørar, såkalla nedanfrå-og-opp-aktørar, står som nemnt fritt til å velje det språket dei måtte ønske. Ein kan tenke seg at også desse private aktørane kan komme til å følge etter i kommunens fotspor, slik at også butikkar, organisasjonar, museum og private oppslag kan vere å sjå i større grad i tospråkleg drakt i framtida.

Del III: Avslutning

7 Oppsummering og konklusjon

Mange oppfattar sørsamane på Røros som ein usynleg minoritet. Grunna fornorskinga har dei vore stimulert til å snakke norsk, bruke norske namn og skjule etnisiteten sin på andre vis. Dei mangla lenge eit skriftspråk, og historia deira er ikkje blitt skrive før i nyare tid. Dessutan er det vanskeleg å finne arkeologiske spor etter samar i naturen; samiske kulturminne er vanskelege å oppdage for eit utrent auge (S. Fjellheim, 1999, s. 145). Ifølge samisk ideologi skal ein nemleg etterlate seg så få spor som mogleg når ein ferdast i naturen. Det at det har vore vanleg for samar å snakke sørsamisk berre i intraetniske samanhengar, og at mange samiske arrangement berre når ut til samar, forsterkar inntrykket av samane som eit usynleg folk.

Derfor er det spesielt viktig for samane at sørsamisk språk og kultur er synleg i det lingvistiske landskapet. At Røros kommune har blitt ein forvaltningskommune for samisk språk, er eit tydeleg steg i ein synleggjerdingsprosess for det sørsamiske på staden. Dagens Røros er dessutan i ein overgangsfase mellom eit postkolonialt samfunn, der det samiske framleis blir nedvurdert og stigmatisert, og eit stendig meir avkolonisert samfunn, der samar har tatt tilbake stoltheita over eigen etnisitet.

I denne oppgåva har eg undersøkt det lingvistiske landskapet i Røros kommune, med hovudvekt på bergstaden Røros. Tradisjonelt har dei fleste sørsamane budd utanfor kommunesenteret, men fordi kommunesenteret ber på ei symboltyngde for innbyggjarane, har det vore viktig å undersøke akkurat dette området. Kommunesenteret har ein spesiell posisjon når det gjeld å representerere mangfaldet i kommunen.

7.1 Røros som tospråkleg kommune

Mine funn viser at det er lite i det noverande lingvistiske landskapet som reflekterer at Røros er ein offisielt tospråkleg kommune. Sørsamisk språk er berre til stades frå ovanfrå-og-ned-aktørar, altså kommunen og fylkeskommunen. Dette er forventa, sidan dei, som medlemmar i forvaltningskommunen er pliktige til å skilte tospråkleg. Likevel er det berre skiltinga på den vidaregåande skolen som ser ut til å vere konsekvent tospråkleg, og elles finst det tospråkleg skilting i varierande omfang ved ein barnehage, folkebiblioteket og rådhuset. Frå nedanfrå-og-opp-aktørar er det samiskspråklege nærværet nærmest heilt usynleg. Der sørsamisk språk er inkludert, er det ofte berre delar av teksten som er tospråkleg. Derfor er ikkje opplysningsfunksjonen oppfylt, og det er med andre ord den symbolske funksjonen som trer tydelegast fram. Det tospråklege kommunemottoet «vaerien vuelie/pulsen i fjellet» er eit godt døme på

korleis sørsamisk opptrer symbolsk i det lingvistiske landskapet; det finst både på handsprithaldarar, tenestebilar og kommunale skriv, utan at det kommuniserer vital informasjon til innbyggjarane.

I funna mine kjem det også fram at det finst mykje Røros-dialekt i LL. Eg argumenterer for at dialekten indekserer lokalt sær preg – det rurale, tradisjon og autentisitet – og at denne autentisiteten blir brukt som kommodifiseringsgrep av lokale verksemder. Dialektbruken understrekar det «røroske» ved Røros. Samstundes er samisk språk næraast usynleg, sjølv om det kan seiast å indeksere nett det same – lokalt sær preg, ruralitet og autentisitet. Ein kan spørje seg om det er eit slags konkurranse tilhøve mellom Røros-dialekt og sør samisk i LL, eller om dei kan sameksistere og saman framheve Røros som ein «autentisk» stad.

Denne asymmetriske representasjonen i det lingvistiske landskapet kan forklaraast med den asymmetriske maktfordelinga skapt av fornorskinga. Den norske staten si kolonisering av etniske minoritetar frå midten av 1800-talet og fram til 1960-talet har hatt sitt å seie for tilhøva i dag. Usynleggjeringa frå fornorskingstida heng framleis igjen i den språklege fordelinga i LL på Røros, ved at sør samisk språk har ein svært marginal posisjon, medan norsk språk er synleg over alt. No er denne maktasymmetrien i endring, mellom anna grunna innlemminga i forvaltningsområdet, og moglegvis får dette følger også for LL på sikt.

I oppgåva understrekar eg kva innverknadar det kan ha at sør samisk språk blir meir synleg i offentlege rom. Auka nærvære av sør samisk språk i LL er med på å løfte det samiske inn i ein interetnisk sfære, og inn i fleire domene som kan høgne statusen språket har. Statushevinga vil fungere som eit viktig av koloniseringsgrep, fordi det motseier den låge nytteverdien samiske språk har blitt tilskrive gjennom meir enn hundre år med fornorskning. Dette kan indirekte verke inn på den etnolingvistiske vitaliteten, og dermed sikre overlevinga til dette alvorleg trua språket. Meir synleg sør samisk språk vil også vere med på å teikne opp tydelegare symbolske territoriumsgrenser, og dermed auke kunnskapen om den langvarige tilhørselen samane har i Røros kommune, både for samiske og ikkje-samiske rørosingar, og dessutan for besøkande.

7.2 Historieforteljing og stadskaping i det lingvistiske landskapet

Gjennom undersøkingane mine kjem det fram at gruve drifts fortida til Røros gjennomgåande blir repetert som eit sentralt narrativ i staden si sjølvforteljing. Dette blir tydeleg gjennom mellom anna gatenamn, bygardsnamn, offentleg utsmykking, symbolikk i logoar og kommunevåpen, og gjennom dei mange infoskilta som finst i det lingvistiske landskapet. Eg peikar på at verdsarvstatusen og riksantikvarens vern av Røros bergstad fungerer

konsoliderande for dette fokuset, og sikrar gruvedriftshistoria ein plass, noko som gjer at andre historier, mellom anna den samiske tradisjonen på Røros, hamnar i skuggen.

Eg tar utgangspunkt i ei sosialkonstruktivistisk forståing av konseptet stad, og har dermed som utgangspunkt at stadtjensla til Røros er noko som er blitt konstruert, og ergo at den også kan reforhandlast. Det lingvistiske landskapet er ein av forhandlingsarenaane der Røros si historie er oppe til diskusjon. Utforminga av LL er altså eit spørsmål om korleis ein fortel historia om Røros.

Eg har poengtert at måten historia om ein stad er fortalt, er med på å skissere opp kven som hører til på staden. Ei einsidig stadtjensle kan verke ekskluderande, og gjere at nokre orienterer seg bort frå staden i sin sjølvidentifikasjon. Å inkludere eit blikk for det samiske på Røros – gjennom synleggjering av sør-samiske stadnamn, språk og historie – vil vere ekstra tydingsfullt, da det har eksistert ein innverknadsrik framrykkingsteori som har påstått at samar er framandelement på staden. Dermed blir det å inkludere eit samisk perspektiv eit tydeleg grep i ein avminoriserings- og avkoloniseringsprosess, ei avstandstaking frå eit kolonialt tankesett.

Litteratur

- Albury, N. J. & Carter, L. (2018). «An unrealistic expectation»: Māori youth on indigenous language purism. *International journal of the sociology of language*, 2018(254), 121-138. <https://doi.org/10.1515/ijsl-2018-0036>
- Andresen, A., Evjen, B. & Ryymin, T. (2021). *Samenes historie fra 1751 til 2010*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Backhaus, P. (2006). Multilingualism in Tokyo: A Look into the Linguistic Landscape. I D. Gorter (Red.), *Linguistic Landscape : A New Approach to Multilingualism* (s. 52-66). Clevedon: Multilingual Matters.
- Ballovara, M. (2020, 26. oktober). Trondheim hedrer Elsa Laula – håper dette skaper stolthet rundt samisk kultur. *NRK Sápmi*. Henta frå <https://www.nrk.no/sapmi/trondheim-hedrer-elsa-laula-renberg--haper-dette-skaper-stolthet-rundt-samisk-kultur-1.15212393>
- Balto, A. (1997). *Samisk barneoppdragelse i endring*. Oslo: Ad notam Gyldendal.
- Ben-Rafael, E. (2009). A Sociological Approach to the Study of Linguistic Landscapes. I E. Shohamy & D. Gorter (Red.), *Linguistic Landscape: Expanding the Scenery* (s. 40-54). New York: Routledge.
- Ben-Rafael, E., Shohamy, E., Amara, M. H. & Trumper-Hecht, N. (2006). Linguistic Landscape as Symbolic Construction of the Public Space: The Case of Israel. I D. Gorter (Red.), *Linguistic Landscape: A New approach to Multilingualism* (s. 7-30). Clevedon: Multilingual Matters.
- Berg-Nordlie, M. (2021, 8. november). Fornorsking. I *Store Norske Leksikon*. Henta frå <https://snl.no/fornorsking>
- Berg-Nordlie, M. & Gaski, H. (2022, 7. mars). Samer. I *Store Norske Leksikon*. Henta frå <https://snl.no/samer>
- Bergersen Huse, G. (2022, 22. mars). Hærverk på jødisk gatenavn. *Subjekt*. Henta frå <https://subjekt.no/2022/03/22/haerverk-pa-jodisk-gatenavn/>
- Bergsland, K. (1991). Samiske stedsnavn på offisielle karter. I H. R. Mathisen (Red.), *Sámi kulturmuitut: báikenammačoaggima giehtagirji / Samiske kulturminner: håndbok i stedsnavnregistrering* (s. 18-21). Tromsø: Keviselie.

- Borgos, R. (u.å.). En verksarbeidergård - Rasmusgården - hus nr. 7. Henta frå <https://verdensarvenroros.no/en-verksarbeidergard-rasmusg%C3%A5rden-hus-nr-7>
- Borgos, R., Fjellheim, J. & Rygg, T. (2017). Waren Sardne 1910-1913 og 1922-1924. *Fjell-folk: Årbok for Rørosmuseet*, 42, 99-100.
- Bourdieu, P. (1991). *Language and symbolic power*. Cambridge: Polity Press.
- Bull, T. (2002). Kunnskapspolitikk, forskningsetikk og det samiske samfunnet. I Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) (Red.), *Samisk forskning og forskningsetikk* (s. 6-21). Oslo: De nasjonale forskningsetiske komiteer.
- Cappelen, H. (2021, 11. mai). Kommunevåpen. I *Store norske leksikon*. Henta frå https://snl.no/kommunev%C3%A5pen#-Kommunens_bruk_av_v%C3%A5pen_og_flagg
- Costa, J., De Korne, H. & Lane, P. (2018). Standardising Minority Languages Reinventing Peripheral Languages in the 21st Century. I J. Costa, H. De Korne & P. Lane (Red.), *Standardizing Minority Languages: Competing Ideologies of Authority and Authenticity in the Global Periphery*. New York: Routledge.
- Coulmas, F. (2009). Linguistic landscaping and the seed of the public sphere. I E. Shohamy & D. Gorter (Red.), *Linguistic Landscape: Expanding the Scenery* (s. 13-24). New York: Routledge.
- Cresswell, T. (2004). *Place: A short introduction*. Malden: Blackwell.
- Decolonize. (u.å.). I *Merriam Webster Dictionary*. Henta frå <https://www.merriam-webster.com/dictionary/decolonize>
- Dragsten Bendiksen, J.-K. (2021, 27. desember). Tør ikke gå med kofte – orker ikke høre «jævla same». *NRK Sápmi*. Henta frå https://www.nrk.no/trondelag/samiske-naimi-og-ellinor-far-stygge-kommentarer-og-blikk-nar-de-har-pa-kofte_gapta-1.15754482
- Eckert, P. (2013). Ethics in linguistic research. I R. J. Podesva & D. Sharma (Red.), *Research methods in linguistics* (s. 11-26). Cambridge: Cambridge University press.

- Engström, N. A. K., Hætta, Á. M. & Skartland, E. (2022, 26. mars). Gikk lei av å vente – skiltet «Sombybrua» selv. *NRK Sápmi*. Henta frå https://www.nrk.no/sapmi/null-markering-av-alta-aksjonen-og-sombybrua-_tok-saken-i-egne-hender-1.15902858
- Falkanger, T. (2020, 3. november). Alders tids bruk. I *Store norske leksikon*. Henta frå https://snl.no/alders_tids_bruk
- Falkberget, J. (1908, 25. juli). På russisk jord. *Nordlys*, s. 1-2.
- Fjellheim, J. (2007). *Det samiske perspektivet i verdensarven Røros*. Røros: Rørosmuseet.
- Fjellheim, M. A. & Engesæter, P. (2021, 22. april). – Menn kan tåle å vente litt. *Bergens Tidende*. Henta frå <https://www.bt.no/kultur/i/7KzJ49/menn-kan-taale-aa-vente-litt>
- Fjellheim, S. (1999). *Samer i Rørostraktene*. Snåsa: Eget forlag.
- Floor, R. (2006). *Verdenskulturminnet Røros - en kulturell konstruksjon?: En studie av kulturminneforvaltningen på Røros* (Masteroppgåve). Universitetet i Tromsø. Henta frå <https://munin.uit.no/handle/10037/98>
- FN-Sambandet. (2020, 7. august). FNs erklæring om urfolks rettigheter. Henta 20. april 2022 frå <https://www.fn.no/om-fn/avtaler/urfolk/fns-erklaering-om-urfolks-rettigheter>
- Forskrift om stadnamn. (2017). Forskrift om stadnamn (FOR-2017-05-23-638). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638?q=forskrift%20om%20stadnamn>
- Fugelsnes, E. (2016, 23. juni). Samene har ofte ikke kjent seg igjen i forskningsresultatene. *Forskning.no*. Henta frå <https://forskning.no/partner-de-nasjonale-forskningssetiske-komiteene-forskningssetikk/samene-har-ofte-ikke-kjent-seg-igjen-i-forskningsresultatene/412215>
- Gaup-Johansen, E., Gaup Sandberg, M. & Balto, P. (2022, 11. ma). Aina (26) ber Lars Monsen spille på lag med naturen. *NRK Sápmi*. Henta frå <https://www.nrk.no/sapmi/ber-lars-monsen-spille-pa-lag-med-naturen-1.15960342>
- Giles, H., Bourhis, R. & Taylor, D. M. (1977). Towards a Theory of Language in Ethnic Group Relations. I H. Giles (Red.), *Language Ethnicity and Intergroup Relations* (s. 307-348). London: Academic Press.

- Gjelsvik, E. (2017). En verdensarv uten samisk innhold. *Fjell-folk: Årbok for Rørosmuseet*, 42, 32-40.
- Gorter, D. (2013). Linguistic Landscapes in a Multilingual World. *Annual Review of Applied Linguistics*, 33, 190-212. <https://doi.org/10.1017/S0267190513000020>
- Grenersen, G. (2002). *Ved forskningens grenser: historien om et forskningsprosjekt i det samiske Nord-Norge*. Oslo: Spartacus.
- Grunnlova. (2020). Kongeriket Noregs grunnlov (LOV-1814-05-17). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>
- Hagen, K.-Ø., Nystad, M. E., Vasara, L. K. & Norvang-Herstrøm, E. R. (2020, 4. mars). – Det er fortsatt mange skap-samer der ute. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/kultur/stolte unge-samer-tar-tilbake-sin-kulturarv-1.14925981>
- Hareide, H. H. (2021, 23. april). – Skal ein ta Hamsun på alvor, må ein også ta rasismen hans på alvor. *Morgenbladet*. Henta frå <https://www.morgenbladet.no/boker/aktuelt/2021/04/23/skal-ein-ta-hamsun-pa-alvor-ma-ein-ogsa-ta-rasismen-hans-pa-alvor/>
- Hylland Eriksen, T. (1996). *Kampen om fortiden: et essay om myter, identitet og politikk*. Oslo: Aschehoug.
- Hårstad, S., Lohndal, T. & Mæhlum, B. (2017). *Innganger til språkvitenskap : teori, metode og faghistorie*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & van Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk: sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Johansen, I. (2006). «*Det er ikkje eit museumsspråk – det har noko med framtida å gjera*»: ei sosiolinguistisk undersøking av revitaliseringa av sørsamisk (Masteroppgåve). NTNU. Henta frå <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/243835>
- Johansen, Å. M. (2009). «*Velkommen te' våres Norge*»: en kvalitativ studie av språkbytte og språkbevaring i Manndalen i Gáivuotna/Kåfjord. Oslo: Novus.
- Johansen, Å. M. & Bull, T. (2012). Språkpolitikk og (u)synleggjering i det semiotiske landskapet på Universitetet i Tromsø. *Nordlyd*, 39(2), 17-45.
- Jortveit, G. (2020, 3. februar). Hyttebygging, hundekjøring, vindmøller, veibygging, friluftsliv og rovdyr: Både reineiere og grunneiere møter kamp om ressursene. *Arbeidets Rett*.

Henta frå <https://www.retten.no/hyttebygging-hundekjoring-vindmoller-veibygging-friluftsliv-og-rovdyr-bade-reineiere-og-grunneiere-moter-kamp-om-ressursene/s/5-44-398070>

Khan Nergård, N., Solbakk, M. & Andersen, S. (2021, 9, desember). Første by i Norge likestiller samisk og norsk. *NRK Nordland*. Henta frå https://www.nrk.no/nordland/bodo-blir-samisk-sprakkommune-_forste-by-i-norge-1.15746440

Knutsen Duolljá, S.-E. (2021, 29. januar). Sørsamisk. I *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/s%C3%B8rsamisk>

Kommunal- og distriktsdepartementet. (2020). ILO-konvensjonen om urfolks rettigheter. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/urfolkryddemappe/ilo-konvensjonen-om-urfolks-rettigheter-/id487963/>

Kvale, S. (2001). *Det kvalitative forskningsintervju* (T. Anderssen & J. Rygge, Omsettaraar.). Oslo: Gyldendal Akademisk. (Opphavleg utgjeve i 1997).

Landry, R. & Bourhis, R. Y. (1997). Linguistic Landscape and Ethnolinguistic Vitality: An Empirical Study. *Journal of language and social psychology*, 16(1), 23-49. <https://doi.org/10.1177/0261927X970161002>

Langseth, M. (2022, 22, januar). Vedtok samiske stedsnavn:– Nå skulle vi hatt kake. *Fjell-Ljom*. Henta frå <https://fjell-ljom.no/nyheter/roros/na-skulle-vi-hatt-kake/19.4465>

Letnes, M.-A. (2013, 4. juni). Hvordan transkribere intervju og videoobservasjoner? Henta frå <https://mariannletnes.com/2013/06/04/transkripsjonssystem/>

Lyons, K. (2019). Let's get phygital. Seeing through the ‘filtered’ landscapes of Instagram. *Linguistic Landscape*, 5(2), 179-197.

Marten, H. F., van Mensel, L. & Gorter, D. (2012). Studying Minority Languages in the Linguistic Landscape. I H. F. Marten, L. van Mensel & D. Gorter (Red.), *Minority Languages in the Linguistic Landscape* (s. 1-15). Palgrave Macmillian: Basingstoke.

Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus.

Mæhlum, B. (2012). Stigma og stolthet. Samisk identitetsforvaltning i det seinmoderne samfunnet. I U. Røyneland & H.-O. Enger (Red.), *Fra holtijaR til holting:*

språkhistoriske og språksosiologiske artikler til Arne Torp på 70-årsdagen (s. 239-252). Oslo: Novus.

Nielsen, K. M. (2019). «*Det ligger liksom en slags kraft bak det, når en tar det tilbake»: En sosiolinguistisk undersøkelse om personnavn blant sørssamer* (Masteroppgåve). NTNU. Henta frå <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2610053>

Nilssen, G. (2021, 6. mai). Skal utrede innlemming i forvaltningsområdet for samisk språk: – Vil være en enorm anerkjennelse. *Troms Folkeblad*. Henta frå <https://www.folkebladet.no/nyheter/i/JJPlidX/skal-utrede-innlemming-i-forvaltningsområdet-for-samisk-språk-vil-vaere-en-enorm-anerkjennelse>

Norges Høyesterett. (2021). Vedtak om konsesjon til vindkraftutbygging på Fosen kjent ugyldig fordi utbyggingen krenker reindriftssamenes rett til kulturutøvelse. Henta frå <https://www.domstol.no/enkelt-domstol/hoyesterett/avgjorelser/2021/hoyesterett-sivil/hr-2021-1975-s/>

NRK. (2020, 15. desember). Samisk forvaltningskommune i Innlandet. *NRK*. Henta frå <https://www.nrk.no/sapmi/samisk-forvaltningskommune-i-innlandet-1.15290245>

NRK. (u.å). Språkregler (nynorsk). Henta 15. mars 2022 frå <https://sprak.nrk.no/rettleiing/nynorsk/>

Pettersen, B. M. (2011, 2. februar). Velkommen til Bådåddjo. *NRK Nordland*. Henta frå <https://www.nrk.no/nordland/velkommen-til-badaddjo-1.7489293>

Pietikäinen, S. (2008). Sami in the Media: Questions of Language Vitality and Cultural Hybridisation. *Journal of Multicultural Discourses*, 3(1), 22-35. <https://doi.org/10.1080/17447140802153519>

Pietikäinen, S. (2016). Critical debates. Discourse, boundaries, and social change. I N. Coupland (Red.), *Sociolinguistics: Theoretical Debates* (s. 263-281). Cambridge: Cambridge University Press.

Pietikäinen, S., Lane, P., Salo, H. & Laihiala-Kankainen, S. (2011). Frozen actions in the Arctic linguistic landscape: a nexus analysis of language processes in visual space. *International journal of multilingualism*, 8(4), 277-298. <https://doi.org/10.1080/14790718.2011.555553>

- Pulk, Å. & Skjåstad Lysvold, S. (2011, 11. februar). Tagget ned Bodøs nye samiske skilt. *NRK Nordland*. Henta frå <https://www.nrk.no/nordland/tagget-ned-bodos-nye-samiske-skilt-1.7502819>
- Rapley, T. (2004). Interviews. I C. Seale, G. Gobo, J. F. Gubrium & D. Silverman (Red.), *Qualitative Research practice* (s. 15-33). London: Sage.
- Ravdna Eira, B. (2021, 27. april). To store byer i Norge vil satse på det samiske. *NRK Sápmi*. Henta frå <https://www.nrk.no/sapmi/byene-trondheim-og-steinkjer-i-trondelag-satser-pa-samisk-skilting-1.15466401>
- Regjeringen. (2009). Røros kommune – innsigelse til reguleringsplan for Jervbekkhammeren hyttefelt (reindrift). Henta frå https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan_bygningsloven/planlegging/innsigelsessaker/eldre_innsigelsessaker/2009/roros-kommune--innsigelse-til-regulering/id586555/
- Regjeringen. (2018, 20. august). Fakta om samiske språk. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/samepolitikk/samiske-sprak/fakta-om-samiske-sprak/id633131/#sor>
- Regjeringen. (2020a, 20. oktober). Høring - Fastsettelse av offisielle samiske og offisielt kvensk navn på Kongeriket Norge. Henta 20. oktober 2020 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---fastsettelse-av-offisielle-samiske-og-offisielt-kvensk-navn-pa-kongeriket-norge/id2772990/?expand=horingsnotater>
- Regjeringen. (2020b, 28. januar). Samelovens språkregler og forvaltningsområdet for samisk språk. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/samepolitikk/samiske-sprak/samelovens-sprakregler-og-forvaltningsom/id633281/>
- Rensberg, V. (2019, 24. mai). Løste årelang konflikt ved å gi en pengegave til kirka. *NRK Sápmi*. Henta frå <https://www.nrk.no/sapmi/lost-arelang-konflikt-ved-a-gi-en-pengegave-til-kirka-1.14561471>
- Rian, C. D. (2016). *Synlige og usynlige identiteter ved NTNU: En analyse av faglige identiteter i det semiotiske landskapet på Gløshaugen og Dragvoll* (Masteroppgåve). NTNU. Henta frå <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/handle/11250/2410518>
- Ringgaard, D. & Mai, A.-M. (2010). *Sted*. Århus: Aarhus Universitetsforlag.

- Roll, E. (2017). Storfolkets sytingsrein. *Fjell-folk: Årbok for Rørosmuseet*, 42, 80-86.
- Rose, G. (1995). Place and identity: a sense of place. I P. Jess & D. Massey (Red.), *A Place in the world: Places, cultures and globalization*. Milton Keynes: The Open University.
- Ruud, S. (2019, 16. februar). Elleve fakta om omdiskutert gruvedrift i Repparfjorden. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/norge/i/A2KAqq/elleve-fakta-om-omdiskutert-gruvedrift-i-repparfjorden>
- Rydving, H. (2008). Sørsamisk. I A. Dalen, J. R. Hagland, S. Hårstad, H. Rydving & O. Stemshaug (Red.), *Trøndersk språkhistorie: språkforhold i ein region* (s. 357-397). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Røros kirkelige fellesråd. (u.å.). Om Ziiren. Henta 18. februar 2022 frå <http://www.roroskirke.no/index.php/kirkene-vaare/ziiren-galleri>
- Røros kommune. (2016). *Røros kommune - en del av forvaltningsområdet for samiske språk*. Utredningsdokument (k-sak 89/16). Henta frå chrome-extension://efaidnbmnnibpcajpcglclefindmkaj/<https://roros.kommune.no/wp-content/uploads/2017/01/Samisk-forvaltningsomr%C3%A5de-vedtatt-utredningsdokument.pdf>
- Røros kommune. (2020a). *Oppvekst: struktur, kompetanse og ressurser*. Henta frå chrome-extension://efaidnbmnnibpcajpcglclefindmkaj/viewer.html?pdfurl=https%3A%2F%2Frøros.kommune.no%2Fwp-content%2Fuploads%2F2020%2F05%2FRapport-til-h%25C3%25B8ring-Oppvekst-Struktur-kompetanse-og-ressurser.pdf&clen=897591&chunk=true
- Røros kommune. (2020b). *Utviklingsplan for Røros som del av samisk forvaltningsområde for språk og kultur 2020-2029*. Henta frå <https://roros.kommune.no/wp-content/uploads/2020/10/UTVIKLINGSPLAN-FOR-R%C3%98ROS-SOM-DEL-AV-SAMISK-FORVALTNINGSOMR%C3%85DE-FOR-SPR%C3%85K-OG-KULTUR-2020-2029.pdf>
- Rørosmartnan. (u.å.). Forbondetradisjonen. Henta 3. februar 2022 frå https://rorosmartnan.no/forbondetradisjonen/?fbclid=IwAR0vFMplXJowiDJ6tjNlaeHtYySv_jJjM8t2mi3ce0d-2zwjS62LBhJsL3w

Rørosmeieriet. (u.å.). Ofte stilte spørsmål (FAQ). Hvorfor skriver dere helmjølk? Henta 4. april 2022 frå <https://rorosmeieriet.no/ofte-spurte-sporsmal-faq/#hvorfor-skriver-dere-helmjolk>

Rørosmuseet. (u.å.). Om Rørosmuseet. Henta 23. januar 2022 frå <https://rorosmuseet.no/om-rorosmuseet>

Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet: ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset* (Doktorgradsavhandling). Universitetet i Oslo.

Raasten Rastah. (u.å.). Om Raasten Rastah: samisk kultur- og filmfestival. Henta 23. januar 2022 frå <https://raastenrastah.no/om-oss/>

Ságat. (2020, 30. september). Evenes flagger samisk identitet. *Ságat*. Henta frå <https://www.sagat.no/evenes-flagger-samisk-identitet/19.24010>

Sametinget. (2021). Sametingets valgmannstall 1989-2021. Henta frå <https://sametinget.no/politikk/valg/sametingets-valgmannstall/sametingets-valgmannstall-1989-2021/>

Shomamy, E. (2018). Linguistic Landscape after a Decade: An Overview of Themes, Debates and Future Directions. I M. Pütz & N. Mundt (Red.), *Expanding the Linguistic Landscape: Linguistic Diversity, Multimodality and the Use of Space as a Semiotic Resource* (s. 25-37). Bristol: Multilingual Matters.

Skei, H. H., Moi, M., Tørset, E. & Allkunne. (2021, 28. desember). Johan Falkberget. I *Store norske leksikon*. Henta frå https://snl.no/Johan_Falkberget

Språkrådet. (2021, 11. februar). Utfyllende reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Henta frå <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/utfyllande-reglar-om-skrivematen-av-norske-stadnamn/>

Stadnamnlova. (2019). Lov om stadnamn (LOV-1990-05-18-11). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11>

Statistisk sentralbyrå. (2021). Kommune, Røros (Trøndelag - Trööndelage). Henta 21. april 2021 frå <https://www.ssb.no/kommunefakta/roros>

Stjernholm, K. (2013). *Stedet velger ikke lenger deg, du velger et sted: tre artikler om språk i Oslo* (Doktorgradavhandling). Universitetet i Oslo.

Stjernholm, K. (2014). *Urbane offentlige landskap i bygd og by. Lingvistiske landskap i Oslo og på Voss*. Oslo: Språkrådet.

Stokkan, J. & Haugen, M. O. (2021, 29. juni). Røros. I *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/R%C3%B8ros>

Thuen, T. (2003). Steder, grenser, tilhørigheter. Noen innledende betraktninger. I T. Thuen (Red.), *Sted og tilhørighet* (s. 11-37). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utg.). Oslo: Gyldendal.

Todal, J. (2009). Sørsamisk og lulesamisk. I T. Bull & A.-R. Lindgren (Red.), *De mange språk i Norge* (s. 141-152). Oslo: Novus.

Tromsø kommune. (2021). Odđa šiehtadus Sámedikkiin / Fornyet avtale med Sametinget. Henta frå <https://tromso.kommune.no/sametingsavtale2021>

Tuhiwai Smith, L. (1999). *Decolonizing methodologies : research and indigenous peoples*. London: Zed Books.

UNESCO. (2012). South Sami. Henta 26. oktober 2020 frå <http://www.unesco.org/languages-atlas/en/atlasmap/language-id-414.html>

Utsi, J. A. (2021, 18. august). Alle partier vil styrke samisk – likevel er den lite verdsatt. *NRK Sápmi*. Henta frå <https://www.nrk.no/sapmi/alle-politiske-partier-lover-a-styrke-samisk-likevel-er-den-lite-verdsatt-1.15607865>

Verdensarven Røros. (u.å.-a). Circumferensen - historisk oversikt. Henta frå <https://verdensarvenroros.no/circumferensen-historisk>

Verdensarven Røros. (u.å.-b). Innskrivingen i 1980. Henta frå <https://verdensarvenroros.no/innskrivingen-i-1980>

Verdensarven Røros. (u.å.-c). Utvidelsen av verdensarvområdet i 2010. Henta frå <https://verdensarvenroros.no/innskrivingen-i-1980>

Wiborg, A. (2003). Den flertydige lokale tilhørighet. I T. Thuen (Red.), *Sted og tilhørighet* (s. 127-152). Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Yildiz, Y. (2017, 9. mai). I går ga kvinneaktivister byen en rekke nye gatenavn, oppkalt etter kvinner. *Vårt Oslo*. Henta frå <https://vartoslo.no/feministisk-initiativ-foto-gatenavn/i-gar-ga-kvinneaktivister-byen-en-rekke-nye-gatenavn-oppkalt-etter-kvinner-les-og-sebildene/124519>

Aajege. (u.å.). Om oss. Henta 10. april 2022 frå <https://aajege.no/om-oss/>

Vedlegg 1: Kart over undersøkt område Plaassja/Røros

Målestokk: 1:10 000

Plaassja / Røros bergstad




Kartdata er henta frå Røros kommune sine karttenester: <https://roros.kommune.no/om-kommunen/kart/detaljert-kart/>

Vedlegg 2: Kart over undersøkt område Praahka/Brekken

Målestokk: 1:10 000

Praahka / Brekken



Kartdata er henta frå Røros kommune sine karttenester: <https://roros.kommune.no/om-kommunen/kart/detaljert-kart/>

Vedlegg 3: Informasjonsskriv og samtykkeskjema

Vil du delta i forskingsprosjektet "Språklandskapet på Røros"?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt kor formålet er å få eit innblikk i språksituasjonen i Røros kommune. I tillegg til å fordjupe meg i eit emne eg synest er interessant, ønsker eg å få auka forståing for korleis språksituasjonen på Røros blir opplevd av innbyggjarane. I dette skrivet får du informasjon om måla for prosjektet og kva deltaking vil innebere for deg.

Formål

Denne våren starta eg på masteroppgåva mi, som er ei sosiolingvistisk undersøking, og har tilhøvet mellom språk, fellesskap og identitet på Røros som overordna tema. Sosiolingvistikk er ei grein av språkvitskapen som er opptatt av samspelet mellom språk og samfunn. I oppgåva mi skal eg undersøke korleis det kjem til syne i Røros kommune at det er ein offisielt tospråkleg norsk og sørsamisk stad, i tillegg til at eg ønsker å få innsikt i korleis denne språksituasjonen blir opplevd av innbyggjarane i kommunen.

Om du kryssar av for det i samtykkeskjemaet, kan også dine anonymiserte intervjudata bli brukt i framtidige forskingsprosjekt.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Det er Institutt for språk og litteratur ved NTNU som er ansvarleg for prosjektet.

Korfor får du spørsmål om å delta?

I prosjektet mitt er eg interessert i å snakke med vaksne personar som er busette i Røros kommune. Du er blitt spurt om å delta etter tilråding frå min kontaktperson på Røros, Jenny Fjellheim. Det er opptil ti personar som blir spurt om å delta i prosjektet.

Kva inneber det for deg å delta?

I arbeidet med prosjektet vil det inngå djupneintervju med personar som er busette i Røros kommune, der formålet er å undersøke dei subjektive opplevingane og haldningane til deltakarane. Samtalen vil dreie seg rundt tema som omhandlar identitet, samisk språk, kultur, og opplevinga av å bu i Røros kommune. Intervjuet blir tatt opp med lydopptakar og deretter transkribert og anonymisert, før eit utval av datamaterialet blir brukt i masteroppgåva.

Intervjuet vil ta mellom éin og to timer, og er sett opp som ein uformell samtale. Det blir tatt opp elektronisk, men berre brukt til skriftlege data i oppgåva. Lydopptaket blir sletta rett etter at den nødvendige informasjonen er skrive ned og behandla. Alle opplysningar kjem til å bli anonymiserte innan prosjektslutt i mai 2022, og ingen enkeltpersonar vil kunne bli kjent att i den ferdige masteroppgåva.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du kva tid som helst trekke samtykket tilbake utan å grunngje dette. Alle personopplysningane dine kjem da til å bli sletta. Det vil ikkje få nokre negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta, eller om du seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern –Korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Vi kjem berre til å bruke opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Det er berre eg og rettleiaren min som får tilgang til opplysningane, og eg kjem til å lagre desse på min personlege datamaskin, som er beskytta med brukarnamn og passord. Som nemnt vil samtalen bli tatt opp med lydopptakar. Dette opptaket kjem til å bli transkribert raskast mogleg og deretter sletta. Som deltar i prosjektet vil du ikkje kunne bli kjent att i publikasjonen, og ingen personlege opplysningar vil bli inkludert. Namnet og kontaktopplysningane dine skal eg oppbevare på ei eiga namneliste skilt frå resten av dataa.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane blir anonymisert når prosjektet er avslutta og oppgåva er godkjent, noko som etter planen er i mai 2022. Om du godtar det i samtykkeskjemaet, vil den anonymiserte transkripsjonen frå intervjuet med deg kunne bli lagra og nytta i framtidig forsking, elles vil det bli sletta ved prosjektslutt.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandler opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Institutt for språk og litteratur ved NTNU har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS – vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kor kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte dine rettar, ta kontakt med:

- Meg, på telefon 90 82 23 23, eller e-post irenek@stud.ntnu.no.
- Min rettleiar for denne masteroppgåva, professor Brit Mæhlum. Ho er tilknytt Institutt for språk og litteratur ved NTNU i Trondheim, og kan kontaktast per e-post på brit.maehlum@ntnu.no eller tlf. 73 59 64 09.
- Personvernombodet ved NTNU, Thomas Helgesen. Han kan kontaktast på e-post thomas.helgesen@ntnu.no eller på tlf. 93 07 90 38.

Har du spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på e-post personverntjenester@nsd.no eller på telefon: 55 58 21 17.

Med beste helsing

Irene Lockertsen

Student

Brit Mæhlum

Professor i nordisk språkvitskap og rettleiar

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Språksituasjonen i Røros kommune* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i eit personleg djupneintervju
- at opplysningane som kjem fram i intervjuet blir transkribert, anonymisert og brukt som datamateriale i prosjektet og deretter sletta.
- at anonymiserte data frå intervjuet med meg kan lagrast etter prosjektslutt, til å nyttast i framtidig forsking.

Eg samtykker til at mine opplysningar blir behandla fram til prosjektet er avslutta, ca. 18. mai 2022.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 4: Intervjuguide

Intervjuguide

Oppvarming

- Introduksjon av meg og prosjektet mitt
 - Fagleg bakgrunn og utdanning, bustad og heimstad
 - Om masterprosjektet og korfor eg ønsker å skrive ei oppgåve som omhandlar sørsamar og Røros
- Om gjennomføringa av intervjuet og deltakarens rettar
- Om deltakaren: alder, utdanning, yrke, m.m.

Hovuddel

Røros som stad

- Kva kjenneteiknar Røros for deg?
- Slik du oppfattar det, er Røros ruralt eller urbant?
- Føler du tilhøyrsel til Røros? Korfor (ikkje)?
- Kva er det som gjer deg til ein rørosing?
- Føler du at det samiske høyrer til på Røros? Korfor/ korfor ikkje?
- Må ein velje mellom å vere norsk eller samisk, eller føler du at Røros er ein stad ein kan vere både norsk og samisk?
- Kan du fortelje litt om korleis du opplever tilhøvet mellom samar og etniske nordmenn på Røros? Har dette endra seg?
- Pleier du å snakke med andre om språktanhøva i kommunen? Kva er det dokker er opptatte av da?
- Kva status har samisk (språk) i Røros, slik du ser det?
- Har du noko synspunkt på korleis det samiske er blitt forvalta av Røros kommune?

Forvaltningsområdet for samisk språk

- Kva tenker du om at Røros har blitt del av forvaltningsområdet for samisk språk og no identifiserer seg som ein tospråkleg kommune?
- Korleis synest du det kjem til syne i bybildet?
- Snakka du med dei du kjenner om nyhendet at Røros blei del av samisk forvaltningsområde? Korleis blei det mottatt?

- Er det viktig at det offentlege involverer seg i det samiske? Korleis ser du på at kommunen legg føringar for den samiske kulturen og språket?
- Trur du innlemminga i forvaltningsområdet har hatt noko å seie for folk si oppfatning av det samiske på Røros? Har innlemming tyding for revitaliseringa?
- Har det noko å seie at samisk språk er synleg på offentleg skilting?
- Korleis vil du beskrive språkstoda i Røros før innlemminga? Er det blitt annleis etter at innlemminga skjedde? Korleis vil du vurdere stoda no?
- Kor viktig er det samiske *språket* i revitaliseringsarbeidet?

Sørsamisk identitet og språkkompetanse

- Kan du fortelje om korleis det er å vere samisk på Røros?
- Kva er det som gjer deg (sør)samisk?
- Kor viktig er den sørsamiske kulturen for deg som person? Og kva rolle speler det sørsamiske språket for deg?
- Opplever du at det finst eit skilje mellom dei samane som snakkar samisk og dei som ikkje gjer det?
- Føler du eit ansvar for å vere ein representant for det samiske på Røros?
- Eksisterer det tankar om kva det er å vere ein «ekte same» i det samiske miljøet? Kva består i så fall desse av?
- Beherskar du språket? I kva grad? Vil du definere deg som to- (eller fleir)språkleg?
Les og skriv du?
- I kva situasjonar nyttar du språket?
- Kva grunner har du for å bruke/ikkje bruke det?
- Finst det situasjonar/ stadar der du ikkje er komfortabel med å snakke samisk?
- Har du fått reaksjonar på å snakke samisk offentleg?
- Finst det utfordringar rundt det å vere samisk språkbrukar i Røros kommune?

Språkstoda

- Tidlegare blei det gjerne hevdat at samane var eit utdøyande folk. Kva tenker du om denne påstanden? Er dette ei førestilling mange framleis har, meiner du?
- Er det mogleg å oppretthalde ein sørsamisk kultur *utan* eit sørsamisk språk? Kva er det då som blir den største beraren av det sørsamiske?
- Er samisk språk viktig? Korfor?

- Opp igjennom tidene har det blitt hevd at samiske verdiar og moderne samfunn er uforeinlege einingar. Kva tenker du om ein sånn påstand? Kan samisk overleve i eit moderne samfunn?
- I kva samanhengar meiner du sørsamisk er i bruk mest? I tale? I skrift? Er dette i endring?
- Bør sørsamisk vere synleg andre stader enn det som i dag er tilfellet? Kor?
- Synest du det er viktig å synleggjere det samiske offentleg?
- Korleis ser du for deg framtida for det sørsamiske språket? Enn for den sørsamiske kulturen? Føler du på eit ansvar for denne utviklinga?
- Kva meiner du støtter opp om bruken av sørsamisk i det norske samfunnet i dag? Kva er dei største styrkane til sørsamisk i dag?
- Kva er hovudutfordringane for sørsamisk språk i dag? Kva må til for at språket skal overleve?
- Føler du at samisk (språk) har støtte i allmenta? T.d. frå media, utdanningsinstitusjonar, industri, religionsstadar?

Avrunding

- Er det noko meir du har lyst å fortelje? Har eg avbrote deg undervegs?
- Gangen vidare i forskingsprosjektet
- Handsaming av intervjudata
- Takk for innsatsen

